

Møteinnkalling

Utval:	Fellesnemnda
Møtestad:	Scandic Sunnfjord Hotel & Spa, Førde
Dato:	22.06.2018
Tid:	09:30

Det vert avreise til Førde torsdag etter avslutta møte i fylkesutvalet. Fylkesordførar legg opp til samkøyring. Overnatting på hotellet er tinga for alle.

Program: sjå neste side.

Til dette møte har følgjande meldt forfall:

Helge Nævdal Kjell Gitton Håland stiller som vara
Silja Ekeland Bjørkly Stein Inge Ryssdal stiller som vara

Det vert oppmoda om at avklaring om habilitet vert meldt i forkant av møte.

Dersom nokon av utvalet sine medlemmer ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast ved å fylle ut skjemaet på www.hordaland.no/forfall.

Innkallinga gjeld valde medlemer i fellesnemnda. Ved eventuelt forfall frå faste medlemer vil varamedlemer bli kalla inn særskilt.

Anne Gine Hestetun
utvalsleiar

Program

- 09:00 – 09:30 Kaffi og enkel servering ved frammøte.
- 09:30 – 09:45 Opning av møtet med fastsetjing av dagsorden og namneoppprop.
- 09:45 – 10:15 NHO innleier om sine forventningar til framtidig samarbeid med – og tilrettelegging frå – Vestland fylkeskommune. Ved regionleiar i NHO Tom Knudsen.
- 10:15 – 10:45 Næringslivet i distrikta og samhandlinga med offentlege tilretteleggjarar og verkemiddelapparatet. Ved adm. dir. Trond Teigene, Sparebanken Sogn og Fjordane.
- 10:45 – 11:00 Dialog, oppfølgingsspørsmål og drøftingar i plenum.
- 11:00 – 11:30 Fylkesvåpen for Vestland fylkeskommune – open innspelsprosess, brei involvering og oversyn over innkomne idear. Korleis vert det vidare arbeidet lagt opp? Ved Per Morten Ekerhovd, konst. fylkesdirektør for kultur og idrett, Hordaland fylkeskommune.
- 11:30 – 12:00 Gulatinget – vestlandsmakt gjennom 400 år. Ved dagleg leiar for tusenårsstaden, Anne Hopland og assisterande fylkesdirektør for næring og kultur, Ingebjørg Erikstad.
- 12:00 – 13:00 Lunsj.
- 13:00 – 14:15 Sakshandsaming jf. sakliste.
- 14:15 – 14:30 Pause med kaffi- og fruktservering.
- 14:30 – 15:00 Sakshandsaming jf. sakliste.
- 15:00 – 15:30 Open debatt: aktuelle tema som fellesnemnda ønskjer å drøfte.

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 19/18	Godkjenning møteinnkalling og sakliste		
PS 20/18	Godkjenning møtebok fellesnemnda 04.05.2018		
PS 21/18	Referatsaker (skriv og meldingar)		
RS 14/18	Fylkesråd for eldre i Vestland fylkeskommune	2015/1434	
RS 15/18	Domene for Vestland fylkeskommune	2015/1434	
RS 16/18	Stortinget si fastsetjing av nye fylkesnamn 07.06.18	2015/1434	
RS 17/18	Tannhelsetenesta – forsøksordning med kommunalt ansvar	2015/1434	
RS 18/18	Sak for behandling i fylkesutvalet 20.06.18 SFJ - regionreforma - overføring av sams vegadministrasjon til regionalt folkevald nivå, fråsegn	2018/11164	
RS 19/18	Sak for behandling i fylkesutvalet 21.06.18 HFK - Frå sams og samling - Om konsekvensar ved overføring av fylkesadministrasjonen frå Statens vegvesen til fylkeskommunane - Høyringsfråsegn	2018/11164	
RS 20/18	SFJ Økonomiplan 2019-2022 - oversikt over investeringsplanar og finansiering	2015/1434	
RS 21/18	HFK Økonomiplan 2019-2022 - oversikt over investeringsplanar og finansiering	2015/1434	
PS 22/18	Politisk organisering i den nye fylkeskommunen på Vestlandet	2015/1434	
PS 23/18	Val av sekretariatsordning for kontrollutvalet i ny fylkeskommune	2016/3311	
PS 24/18	Val av revisjonsordning for Vestland fylkeskommune	2018/11046	
PS 25/18	Visjon og strategisk utviklingsplan for Vestland fylkeskommune - vidare prosess	2015/1434	
PS 26/18	Val av fylkesvalstyre for fylkestingsvalet 2019	2015/1434	
PS 27/18	Opplæringstilbodet for skuleåret 2019-20	2015/1434	
PS 28/18	Tertialrapportering - eingongskostnader i samanslåingsprosessen	2015/1434	
PS 29/18	Søknad om oppretting av organisasjonsnummer for Vestland fylkeskommune	2018/11612	

PS 19/18 Godkjenning møteinnkalling og sakliste

PS 20/18 Godkjenning møtebok fellesnemnda 04.05.2018

PS 21/18 Referatsaker (skriv og meldingar)

Fylkesråd for eldre i Vestland fylkeskommune

Fylkesrådet for eldre i Sogn og Fjordane og Hordaland viser til skriv og melding som vart handsama i fellesnemnda 4. mai, vedlegg om politisk organisering – diskusjonsgrunnlag og vidare prosess. Vi ser at strukturen for underutval, komitear og råd skal leggest fram for fellesnemnda i 3. kvartal 2018. I samband med fastsetting av råd ser vi det som naturleg at fylkesråda for eldre i dei to fylkeskommunane får delta i arbeidet med utforminga av strukturen for korleis fylkesrådet for eldre skal vere i Vestland fylkeskommune.

2.2 Struktur for underutval, komitear, råd m.m. (fase 2)

Etter at hovudutvalsstrukturen er fastsett, legg fylkesrådmennene opp til at fellesnemnda skal fastsette struktur for underutval, komitear, råd m.m. Fase 2 med forslag til fastsetting av andre politiske organ (underutval, råd m.m.) vert lagt fram fellesnemnda 3. kvartal 2018. Det er ulike typar underutval, som kort kan kategoriserast på følgjande måte;

Lovpålagte organ

Med grunnlag i kommunelova og andre særlover er fylkeskommunane pålagde å opprette følgjande utval og råd:

- o Kontrollutval
- o Administrasjonsutval
- o Råd for funksjonshemma
- o Råd for eldre
- o Fylkesvalstyre
- o Fagskulestyre
- o Yrkesopplæringsnemnd
- o Klagenemnd - fagskulestyret

Faste underutval

Fylkestinget kan opprette faste underutval til fylkeskommunale føremål eller deler av den fylkeskommunale verksemda. Fylkestinget fastset sjølv området for verksemda til dei faste underutvala, og kan tildele avgjerdsmynde i saker dersom ikkje anna følger av lov. Døme på slike faste underutval er:

- o Finansutval
- o Planutval
- o Trafikksikringsutval

Vi ber om at førespurnaden vår vert lagt fram i skriv og melding i fellesnemnda 22. juni 2018.

Helsing



Harald Ekroll



Gunda Falao Sparre

Leiar fylkesrådet for eldre i Sogn og Fjordane

Nestleiar fylkesrådet for eldre i Hordaland

Saksbehandlar: Ingrid H. Svendsen, fylkesrådmannen, Hordaland
Saksbehandlar: Paal Fosdal, fylkesrådmannen, Sogn og Fjordane
Sak nr.: 2015/1434-637

Domene for Vestland fylkeskommune

Kva domene eig vi per 7. juni 2018

Hordaland fylkeskommune eig i dag fylgjande domene (i tillegg til dei som vert nytta av HFK i dag):

- Vestlandetfylkeskommune.no
- Vlfk.no (vert nytta til mellombels nettsider m.m. i prosjektperioden)
- Vestfylket.no
- Vestlandfylke.no
- Vestlandfk.no
- Vestlandfylkeskommune.no

I tillegg har Sogn og Fjordane kjøpt fylgjande domene (i tillegg til dei som vert nytta av SFFK i dag):

- Vestffk.no
- Vestlandfylkesarkiv.no
- Vestlandsleksikon.no

Kva domene eig vi ikkje

Vi eig ikkje vfk.no. Dette tilhøyrar Vestfold fylkeskommune, og dei vil heilt sikkert ha behov for å behalde dette til ei god stund etter 01.01.2020 då alle løysingar for Vestfold fylkeskommune må gå ei god stund etter at Vestfold og Telemark er blitt ny fylkeskommune på lik linje med at Hordaland vil ha behov for hfk.no og Sogn og Fjordane vil ha behov for sfj.no etter 01.01.2020 (mest truleg til hausten 2020).

Vi eig heller ikkje Vestland.no. Eigar av dette domenet er Norsalmon AS, Fureneset, NO-6967 Hellevik i Fjaler (org.nr 979690665).

Vidare prosess

Med namnevalet som føreligg for ny region, Vestland fylkeskommune, ser prosjektleiaren det som aktuelt å få hand om fylgjande domene, i tillegg til dei som fylkeskommunane allereie eig:

1. Vestland.no
2. Vfk.no

Dette er basert på at det er naturleg å knyte søk mot nytt regionsnamn mot enten forkortinga vfk eller fylkesnamnet Vestland åleine.

Prosjektleiaren vil ta kontakt med dagleg leiar for firmaet Norsalmon, som i dag eig domenet vestland.no., med sikte på overtaking av dette domenet. Firmaet eig nærare 2.500 ulike domene, så dette ser ut til å vere eit viktig forretningsområde. Prosjektleiaren vil kome attende til fellesnemnda for eventuell finansiering og godkjenning av eit slikt oppkjøp.

Det er etablert dialog med Vestfold fylkeskommune om evt overtaking av domenet vfk.no, når dei ikkje lenger har behov for det.

Notat

Saksbehandlar: Ole I. Gjerald, Fylkesrådmannen, Sogn og Fjordane

Dato: 14. juni 2018

Til: Fellesnemnda

Frå: Prosjektlear

Stortinget si fastsetjing av nye fylkesnamn 07.06.18

Stortinget vedtok 07.06.18 endringar i inndelingslova jf. Prop. 65 L (2017-2018) Endringar i inndelingslova (nye fylkesnamn), jf. Innst. 328 L (2017-2018).

Endringane inneber mellom anna at dei seks nye fylka i Noreg får følgjande namn:

- Viken.
- Innlandet.
- Vestfold og Telemark,
- Agder.
- Vestland.
- Troms og Finnmark.

Etter lov av 25.09.92 nr. 107 om kommunar og fylkeskommunar (kommunelova) § 3 nr. 4 skal fylkeskommunen ha same namn som fylket.

Endringar i andre lover som følgje av nye fylkesnamn vil bli lagt fram for Stortinget etter at namna er vedtekne.

Notat

Saksbehandlar: Ole I. Gjerald, Fylkesrådmannen, Sogn og Fjordane

Dato: 14. juni 2018

Til: Fellesnemnda

Frå: Prosjektleiar

Tannhelsetenesta – forsøksordning med kommunalt ansvar

Bakgrunn

I handsaminga av «Endringar i helselovgivinga (overføring av det offentlege tannhelsetenesteansvaret, lovfesting av kompetansekrav m.m.), jf. Prop. 71 L (2016-17), Innst. 378 L (2016-17), Lovvedtak 108 (2016-17), gjorde Stortinget 12.06.17 – etter innstilling frå Helse- og omsorgskomiteen – følgjande vedtak:

- Vedtak 847: Stortinget ber regjeringa leggje til rette for ei prøveordning som inneber at kommunar som ønskjer det, etter søknad kan få overta ansvaret for tannhelsetenesta frå 2020.
- Vedtak 848: Stortinget ber regjeringa sørge for at prøveordninga som startar i 2020, i dei kommunane som ønskjer å overta tannhelsetenesta, vert følgjeevaluert fram til 2023. Basert på erfaringane i prøvetida og endringar i kommunestruktur etter 2020, kan ei vidare utviding til fleire kommunar tidlegast skje etter 2023.
- Vedtak 849: Stortinget ber regjeringa vurdere behovet for økonomiske incentiv for kommunar som ønskjer å overta tannhelsetenesta.
- Vedtak 850: Stortinget ber regjeringa kome tilbake med ei eiga sak som vurderer overføring av den samla tannhelsetenesta basert på erfaringane frå prøveordninga som kan gje grunnlag for avgjerd om overføring frå 2023.
- Vedtak 851: Stortinget ber regjeringa starte arbeidet med å byggje opp tannpleiarkompetanse i kommunane. Slik oppbygging av tannpleiarkompetanse i kommunane vil ha økonomiske og administrative konsekvensar som regjeringa vil måtte kome tilbake til i budsjettssamanheng.

Stortinget la gjennom dette vedtaket til grunn at ansvaret for tannhelsetenesta framleis skal liggje hjå fylkeskommunane. Stortinget tok i si handsaming av lovproposisjonen også inn i vedtaket ei frivillig prøveordning – for om lag 15 kommunar – der kommunar kan søkje om å prøve ut å ta heile ansvaret for tannhelsetenesta sjølv. Dette skal vere ei prøveordning som vert følgjeevaluert fram til 2023. Regjeringa er vidare beden om å leggje fram ei eiga sak for Stortinget der ein vurderer overføring av tannhelsetenesta frå fylkeskommunane til kommunane – basert på erfaringane prøveordninga gjev – og som kan gje grunnlag for ei ev. avgjerd om overføring tidlegast frå 2023.

Stortinget har vedteke lovendringar som legg til rette for kommunal overtaking av ansvaret for tannhelsetenesta. I tillegg er det vedteke enkelte andre endringar i helselovgivinga, herunder kompetansekrav i den kommunale helse- og omsorgstenesta.

Fellesnemnda for samanslåinga av Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar gjorde 08.03.18 følgjande vedtak knytt til organisering og forankring for tannhelsetenesta i Vestland fylkeskommune:

1. Tannhelsetenesta i Vestland fylkeskommune blir leia frå Bergen.
2. På same måte som innanfor andre fylkeskommunale sektorar og tenesteområde, skal ein innanfor tannhelsetenesta leggje opp til ei desentralisert arbeidsdeling innan tannhelseadministrasjonen.
3. Tannhelsetenesta i Vestland fylkeskommune skal vere eit framtidretta tenesteområde av best mogleg fagleg kvalitet til beste for pasientane. Nærleiken til klinikkleiarane og den desentraliserte klinikkstrukturen tilseier at det må vere kompetansesarbeidsplassar både i Hordaland og Sogn og Fjordane knytt til leiging og administrasjon også etter 01.01.2020.
4. Tannhelsetenesta sitt kompetansesenter Vest (TKV) vert naturleg lagt til Bergen i tilknytning til fagmiljøet på odontologen. Dette senteret skal vere base for spesialisttannhelsetenesta. Ein bygger samstundes opp ein desentralisert modell der spesialistar frå TKV utfører tenester i Sogn og Fjordane.

Fylkesrådmennene har våren 2018 starta opp eit omfattande prosjektarbeid som skal konkretisere tannhelsetenesta si organisering og innretning frå 01.01.2020. Dette er eit omfattande arbeid som førebels ikkje har vurdert modellar der kommunar (kvar for seg eller gjennom interkommunale samarbeidsmodellar) skal overta ansvaret for tannhelsetenesta.

Prosjektleiar for samanslåinga av Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar vil her orientere fellesnemnda om at det no ligg føre søknader frå kommunar i både dei to fylka som melder si interesse for å ta over ansvaret for tannhelsetenesta gjennom den vedtekte prøveordninga.

Sogn og Fjordane

Stryn kommune handsama dette spørsmålet i kommunestyret 15.05.18, og vedtok at kommunen ønskjer å delta i prøveordninga om å ta over ansvaret for tannhelsetenesta frå Sogn og Fjordane fylkeskommune. Kommunestyret la til grunn ein føresetnad om at ordninga vert tilstrekkeleg finansiert. Fylkeskommunen si økonomiske ramme knytt til klinikken i Stryn i 2018 er kr. 6.167.893,-. I dette ligg at Stryn tannklinikk har pasientinntekter på kr: 2.100000,-.

Fjaler kommune har også varsla fylkesmannen at dei søker for "delta i prøveordninga. I fylkestinget sitt vedtak frå desember 2016 til nye strukturplan for tannhelsetenesta, er tannklinikk i Fjaler vedteken lagt ned. I samband med dette skal det opprettast ein noko større tannklinikk i Askvoll, og denne er snart klar for innflytting. Klinikken er dimensjonert for å gje tilbod til både Fjaler og Askvoll kommunar. Fylkeskommunen si økonomiske ramme for klinikken i Fjaler er i dag kr. 2.332.259,-. I dette ligg at Fjaler har pasientinntekter på kr: 1.600000,-.

Hyllestad kommune har i dag sin tannklinikk plassert i eigne kommunale lokale. Denne er ikkje vedteken lagt ned, og klinikken er bemanna med tannlege og tannhelsesekretær i 100% stilling, i tillegg til tannpleiar i 40% stilling. Kommunen søker også om å ta over ansvaret gjennom prøveordninga, og den økonomiske ramma for klinikken i Hyllestad er i dag kr. 1.763.370,-. I dette ligg at Hyllestad har pasientinntekter på kr: 1.000000,-.

Etter strukturvedtaket i desember 2016 har tannhelsetenesta gjort naudsynnte tiltak med klinikkar som må utvidast eller i nokre tilfelle inngått nye leigeavtalar. I Askvoll har ein gjort dette.

Om Fjaler ikkje skal få tenestene frå nye Askvoll tannklinikk, vil denne no vere dimensjonert for stor i høve til dei tenestene som vert knytt til denne klinikken.

Hordaland

I Hordaland ligg det no føre søknadar frå følgjande kommunar i høve prøveordninga som ansvarleg for tannhelsetenesta frå 01.01.2020:

- Nye Øygarden kommune – vedtaket er at «de er positive til kommunal prøvedrift av kommunal tannhelsetjeneste».
- Masfjorden kommune – vedtaket er at «de i samarbeid med en eller flere kommuner søker om å delta i prøvedrift med tannlege i kommunal regi».
- Fedje kommune – vedtaket er «de søker om å få delta i prøveprosjekt med tannlege i kommunal regi slik som Masfjorden kommune har søkt om».
- Samnanger kommune – vedtaket er «med forbehold om vedtak i kommunestyret 14. juni 2018 ønsker de å delta i prøveordning med tannlege i kommunal regi».
- Voss kommune – vedtaket er at de er «positive til å delta i prøveprosjekt med ansvar for den offentlege tannhelsetenesta».
- Bergen kommune - vedtaket er at «de vil sondere muligheten for kommunal drift av tannhelsetjenesten».
- Nye Alver kommune har gjort vedtak om at kommunen er interessert i kommunal prøvedrift.

Dersom det skulle bli ein realitet at alle desse søknadane vert godkjende, ville dette medføre at om lag 60-70% av tannhelsetenesta i Hordaland vert overført til kommunalt ansvar for perioden 2020–23.

Nokre førebelse vurderingar i høve søknadane som ligg føre

For fylkeskommunen vil det vere ei utfordring knytt til at ein på den eine sida skal byggje opp ei ny, og betre samordna tannhelseteneste, medan ein på den andre sida vil måtte splitte opp tannhelsetenesta i mindre kommunale einingar. Alt skal starte opp 01.01.2020, så ei ev. planlegging og konkretisering av dette må starte no.

For Bergen kommune vil det ikkje vere mogleg å skilje ut tannhelsetenesta som ei frittstående teneste som utelukkande omfattar Bergen kommune. Det vert til dømes no oppretta ein tannklinikk i Arna som frå 2019 skal gje tilbod til innbyggjarane i Arna bydel samt til innbyggjarane i Vaksdal kommune og i Samnanger kommune. For å stabilisere tannhelsetilbodet i Austevoll kommune, er dette no i ferd med å bli tettare knytt opp mot tannhelsetenesta ved Fana tannklinikk.

Den samanvevde organiseringa syner også att gjennom ansvaret til Tannlegevakta i Bergen, som ligg fysisk i Bergen by, men som fungerer som ei felles tannlegevakt for store delar av Hordaland. Det same gjeld for tilbodet om tannbehandling i narkose. Dette vert i hovudsak gjeve i Bergen (Haukeland sjukehus og Solheimsviken tannklinikk), men pasientane kjem frå heile Hordaland.

Når mindre kommunar som Masfjorden, Fedje og Samnanger melder si interesse, betyr dette oppsplitting i svært små fagmiljø. Til dømes vil om lag 1/3 av innbyggjarane i ein kommune ha ein lovmessig rett til vederlagsfritt tannhelsetilbod. For å gje desse gruppene eit tilbod, treng t.d. ein kommune på 1500 innbyggjarar om lag 30-40% tannlege + tilsvarande tannhelsesekretær + 20% tannpleiar. Dette vil i stor grad utfordre det samla ønsket som no ligg føre frå fagmiljøa i høve til etablering av større fagmiljø. Samstundes vil tilbodet vere mindre stabilt; stengt i feriar, ved permisjonar og ved sjukdom.

På noko større klinikkar vil det alltid vere andre tilsette som kan gje eit tilbod, og klinikken kan i stor grad unngå stenging. Med dette som eit kommunalt ansvarsområde vil det bli større variasjon i tilbodet mellom kommunar og klinikkar, hovudsakleg knytt opp mot den enkelte kommunen sin økonomi.

Utfordringar og moglegheiter ved å dele ansvaret med kommunar i det nye fylket

Kommunal prøvedrift skal også omfatte eit spesialisttilbod. Eit fullstendig spesialisttilbud innan alle sju odontologiske spesialistområde har vi i dag berre i Bergen. For alle kommunar med unnatak av Bergen inneber dette at dei anten må inngå avtale med private spesialister eller med det regionale kompetansesenteret som frå 01.01.2020 vil vere eigd og drifta av Vestland fylkeskommune. Det vil med andre måtte jobbast fram ei rekkje avtalar/samarbeidsavtaler i ulike variantar.

Prosjektlearar ser at prøveordninga kan ha i seg nokre moglegheiter knytt til eit tettare samarbeid med kommunale pleie og omsorgstenester. Samla sett ser prosjektlearar fleire utfordringar enn moglegheiter ved prøveordninga, og vil no avvente fylkesmennene si innstilling og Helse- og omsorgsdepartementet si handsaming og avklaring i høve utvelging av prøvekommunar frå 2020–2023.

Vidare framdrift – søknadsbehandling og avklaring frå Helse- og omsorgsdepartementet

Helse- og omsorgsdepartementet (HOD) har i ei e-postutveksling med prosjektlearar skissert følgjande: Så snart departementet har fått inn svar frå alle fylkesmannsembeta i høve kartlagd interesse for prøveordninga, vert det gjort avklaringar omkring vegen vidare med politisk leiing i departementet.

Det som så langt er kome inn til HOD frå fylkesmennene er at ingen av kommunane som melder om interesse har hatt møte med fylkeskommunen for å gå i realitetsdiskusjonar om kva ansvaret inneber; med alle implikasjonar og verksemdsoverdraging m.m. Departementet meiner m.a. denne kontakten må etablerast som eit ledd i det vidare avklaringsarbeidet.

Prosjektlearar kjem attende med ei ny løypemelding på status i høve prøveordninga til neste møte i fellesnemnda 21. september.

Saksbehandlar: Ole Ingar Hagen Hæreid, Samferdsleavdelinga
Sak nr.: 18/1873-3

Regionreforma - Overføring av sams vegadministrasjon til regionalt folkevald nivå, fråsegn

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune føreset at Stortinget sitt oppmodingsvedtak av juni 2017 (Innst. 385 S 2016 2017), om overføring av oppgåver som SVV/sams vegadministrasjon utfører for fylkeskommunen, dvs. utgreiing, planlegging, bygging, forvaltning, drift og vedlikehald, vert følgd opp.
2. Alle oppgåver som vert overført må fullfinansierast. Det er forventa at alle oppgåver, med unntak av driftskontraktane, vert gjort gjeldande frå og med 1. januar 2020.
3. Det er behov for å greie ut korleis overføringa av driftskontraktane skal gjennomførast. Fylkeskommunane må involverast i arbeidet for å sikre gode overgangsordningar og praktiske samarbeidsformer for driftskontraktar som går lengre enn 1. januar 2020. Det må overførast kompetanse og kapasitet til fylkeskommunane for utarbeiding av nye konkurransegrunnlag etter kvart som gjeldande kontraktar vert fasa ut. Kostnadseffektive kontraktar må sikrast gjennom eit samarbeid med SVV og fylkeskommunen.
4. Overføring av fylkesvegoppgåvene frå SVV/sams vegadministrasjon til fylkeskommunen er i samsvar med det finansielle ansvarsprinsippet: Det forvaltningsnivå som er tillagt ansvar og avgjerdskompetanse for ei oppgåve skal også ha ansvaret for å finansiere utgiftene til oppgåveløysinga.
5. Det regionale folkevalde nivået vil få ein heilskapleg rolle som samfunns- og utviklingsaktør ved å sjå oppgåver og verkemiddel i samanheng. I tillegg kan det regionale folkevalde nivået ta eit meir heilskapleg ansvar ved at verkemidla vert samla i fylkeskommunen.
6. Sogn og Fjordane fylkeskommune er samd i at det for nokre fagområde vil vere tenleg med nasjonale løysingar. Dette gjeld område med behov for nasjonal samordning og saker som ikkje skal vere ein del av regionalpolitiske vurderingar.
7. Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner det er viktig at fylkeskommunane sjølv har ansvar for organisering og rekruttering av den kompetanse og kapasitet som er nødvendig for å løyse framtidige utfordringar på fylkesvegane, slik at overføringa kan gje grunnlag for effektiv organisering i tråd med regionale prioriteringar.
8. Sogn og Fjordane fylkeskommune legg til grunn at overføring av oppgåver ikkje høyrer inn under reglane om verksemdsoverdraging i arbeidsmiljølova. Vi ventar at fylkeskommunane og KS vert involvert fullt ut i arbeidet med ei mogleg overføringslov for tilsette. Ein ev. slik lov må tilfredsstillе to behov:
 - a. Ivareta fylkeskommunen sitt behov for relevant kompetanse
 - b. Sikre at overtalige arbeidstakarar frå Statens vegvesen får arbeid.

Lova må ikkje innehalde forpliktingar som medfører at fylkeskommen får overført fleire enn det er behov for, eller arbeidstakarar med anna kompetanse enn det er behov for.
9. Sogn og Fjordane fylkeskommune ser det som særskild viktig at staten overfører tilstrekkelege ressursar til fylkeskommunane til dekning av oppgaveoverføringa. Vi ber

regjeringa om å gjere nye utrekningar av dei økonomiske konsekvensane der det også blir tatt tilstrekkeleg høgde for tal årsverk, andre driftskostnader og omstillingskostnader. Dei budsjettmessige konsekvensane må bli innarbeidd i fylkeskommunane sitt inntektssystem.

10. Sogn og Fjordane fylkeskommune legg til grunn at det vert eit tett samarbeid mellom SVV fylkeskommunane – som likeverdige partar - i det vidare arbeidet med overføring av oppgåvene knytt til fylkesvegadministrasjon.

Vedlegg:

- Mandat for utgreiingsarbeidet
- Høyringsbrev frå Samferdsledepartementet datert 16. mai 2018
- Rapporten «Frå sams til samling»

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

8. juni 2017 vedtok Stortinget ny inndeling av regionalt folkevalt nivå. Under handsaminga av regionreforma gjorde Stortinget eit oppmodingsvedtak der regjeringa vart bedt om å sørge for at regional vegadministrasjon, som har ansvar for planlegging og drift av fylkesvegane, vert overført frå Statens vegvesen til regionalt folkevald nivå.

Oppmodingsvedtaket er tolka av Statens vegvesen (SVV) til å gjelde overføring av oppgaveutføringa, då fylkeskommunane allereie har det overordna ansvaret for alle oppgåvene knytt til fylkesvegane. Oppmodingsvedtaket i Stortinget er avgrensa til å gjelde planlegging og drift. SVV sitt mandat, gitt av Samferdsledepartementet, gjer det klart at alle oppgåver som sams vegadministrasjon utfører for fylkeskommunane skal kartleggast og vurderast overført til fylkeskommunane. Det omfattar oppgåver som inngår i utgreiing, planlegging, bygging, forvaltning, vedlikehald og drift.

Rapporten frå SVV gir to ulike tilrådingar; ei tilråding basert på Stortinget sitt oppmodingsvedtak og ei tilråding basert på krav i den statlege utredningsinstruksen.

I tilrådinga basert på Stortinget sitt oppmodingsvedtak konkluderer vegdirektøren med at overføring av fylkesvegadministrasjonen frå 1.1.2020 er krevjande, men mogleg for oppgåvene utgreiing, planlegging, bygging, forvaltning og vedlikehald. Når det gjeld drift, meiner ein at det er så stor usikkerheit om mogleg nytt kontraktsopplegg og økonomiske konsekvensar, at det ikkje er forsvarleg å vedta overføring før det er gjennomført nærare vurderingar. Ei slik vurdering bør vere gjennomført innan hausten 2019. For felles driftskontraktar som går utover 1.01.2020, er det etter vegdirektøren si meining nødvendig med ei overgangsordning.

Ut i frå utgreiingsinstruksen, konkluderer ein med at dei moglege positive verknadene ved overføring av fylkesvegadministrasjonen ikkje kan vege opp for risiko for varige auka kostnader, kompetanse og redusert kvalitet i oppgaveløysinga, og at dagens fellesordning bør vidareførast med eit arbeid for å betre fylkeskommunen si styring og moglegheit for lokale tilpassingar.

Fylkeskommunane og SVV har arbeidd med å utvikle rutine for samarbeidet i sams vegadministrasjon. Fylkesrådmannen opplever likevel at samarbeidet i enkelte saker kan vere noko byråkratiske. Det er også vanskeleg å få til ei tilstrekkeleg god styring av ressursar og tiltak frå fylkeskommunen si side når gjennomføringa ligg til eit anna organ. Det kan vere eit innsparings-potensiale ved at det organet som har ansvar for forvaltninga også har dei tilgjengelege ressursane.

Fylkesrådmannen meiner det er utfordrande, men fullt ut realistisk, med ein modell med gradvis deling med endring i byggherreoppfølging etter kvart som driftskontraktane går ut. Det er då viktig å få ei gradvis overføring av tilsette som skal følgje opp drift og vedlikehaldsområdet.

Det vil vere eit stort behov for å få overført personell og kompetanse frå SVV for utføring av fylkesvegoppgåvene, men fylkeskommunane må stå fritt til å dimensjonere og organisere sin organisasjon i høve til oppgaveportefølje og å vurdere om oppgåvene skal løysast gjennom å nytte egne medarbeidarar eller å kjøpe tenester.

Fylkesrådmannen meiner rapporten frå SVV i hovudsak inneheld eit godt grunnlag for oppgaveoverføringa. Overføringa vert krevjande, og krev utgreiing av ei rekkje spørsmål. Samstundes er rapporten prega av å problematisere overføringa. Fylkesrådmannen tilrår ei overføring av

fylkesvegadministrasjonen i samsvar med Stortinget sitt oppmodingsvedtak. Oppgåvene vil bli vidareført på ein god måte, og gir moglegheit for å gjere nokre endringar i korleis oppgåveløysinga vert utført. Det regionale folkevalde nivået vil få ei meir heilskapleg rolle som samfunnsaktør ved å sjå oppgåver og verkemiddel.

Fylkesrådmannen gjer elles merksam på at regjeringa heldt denne særskilde oppgaveoverføringa utafør mandatet til det regjeringsoppnemnde ekspertutvalet (Hagen-utvalet).

2. Bakgrunn for saka

8. juni 2017 vedtok Stortinget ny inndeling av regionalt folkevalt nivå, jf. Prop. 84 S (2016 – 17) og Innst. 385 S (2016 – 2017), omtalt som regionreforma. Frå 1.1.2020 vert dagens 19 fylkes-kommunar redusert til 11.

I handsaminga av regionreforma vedtok Stortinget m.a. (oppmodingsvedtaket):

«Stortinget ber regjeringa sørge for at regional vegadministrasjon, som ha ansvar for planlegging og drift av fylkesveiene, overføres fra Statens vegvesen til regionalt folkevalgt nivå»

Kommunal- og forvaltningskomiteen peikte også på behovet for ei utgreiing med føremål å sikre ei forsvarleg overføring til fylkeskommunane med verknad frå 1. januar 2020.

Med utgangspunkt i Stortinget sitt oppmodingsvedtak, gav Samferdsledepartementet Vegdirektoratet i oppdrag å greie ut spørsmål i tilknytning til ei overføring av den delen av sams vegadministrasjon som fylkeskommunane har ansvar for (fylkesvegane).

Statens vegvesen tolka oppmodingsvedtaket til å gjelde oppgaveutføringa, då fylkeskommunane allereie har det overordna ansvaret for alle oppgåvene knytt til fylkesvegane.

Oppmodingsvedtaket i Stortinget er avgrensa til planlegging og drift. Mandatet frå Samferdsledepartementet klargjer at alle oppgåver som sams vegadministrasjon utfører for fylkeskommunane skal kartleggast og vurderast overført til fylkeskommunane. Det omfattar oppgåver som inngår i utgreiing, planlegging, bygging, forvaltning og drift og vedlikehald.

I oppmodingsvedtaket er omgrepet «regional vegadministrasjon» nytta. SVV legg til grunn at det med regional vegadministrasjon er meint alle ressursar som regionvegsjefane nyttar for å utføre fylkesvegoppgåver.

Samferdsledepartementet sitt utgreiingsoppdrag til Statens vegvesen går fram av brev og mandat av 30. november 2017. Statens vegvesen er bedt om å:

- Kartlegge fylkesvegoppgåvene som ligg til sams vegadministrasjon i dag.
- Utarbeide skisse(r) til modell(ar) for korleis ei overføring frå Statens vegvesen til fylkeskommunane kan gjennomførast.
- Vurdere kostnader og konsekvensar av ei overføring for Statens vegvesen og fylkeskommunane.

I rammene og føresetnadene som Samferdsledepartementet har lagt til grunn for SVV sitt utgreiingsarbeid går det m.a. fram at arbeidet skal gjennomførast i nært samarbeid med KS og fylkeskommunane. Kartlegginga skal vere ein total gjennomgang og opplisting av alle oppgåver som Statens vegvesen utfører for fylkeskommunane. SVV skal også sjå om enkelte oppgåver er av ein slik karakter at det ikkje er naturleg med oppdeling og som derfor må haldast samla. Arbeidsgjeveransvar og dei tilsette sine rettar skal vurderast. Behov for endring i gjeldande lovgiving skal kartleggast, særleg om det er behov for ei overføringslov. Arbeidet skal gjennomførast i tråd med utredningsinstruksen. Tilpassingar internt i SVV inngår ikkje i utgreiingsoppdraget.

Historikk - tidlegare vedtak

FT vedtok 17.04.18 (sak 1/18) følgjande om desentralisering av oppgåver frå stat til fylkeskommune:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune støttar dei prinsipp og vurderingar som ekspertutvalet har lagt til grunn i si innstilling knytt til overføring av nye oppgåver til fylkeskommunane. Overføring av oppgåver til regionalt folkevald nivå er ein viktig og uttalt premis frå Stortinget for heile regionreforma. For Sogn og Fjordane fylkesting sitt vedtak om samanslåing med Hordaland, låg overføring av oppgåver frå stat til fylke som ein premis. Vi har derfor sterk forventning om at Stortinget følgjer opp eigen intensjon i vidare handsaming av saka.
2. Ekspertutvalet sitt framlegg til overføring av oppgåver vil styrke fylkeskommunane sine moglegheiter til å lukkast som regionale samfunnsutviklar. Framlegget inneber desentralisering av makt, tydeleggjering av politisk ansvar og utvikling av det regionale demokratiet. I den vidare

prosessen er det avgjerande viktig at dei nye folkevalde regionane blir sett økonomisk i stand til å utføre desse oppgåvene.

3. Sogn og Fjordane fylkeskommune føreset ei samla vurdering av ekspertutvalet sitt forslag i Stortinget, som ei eiga heilskapleg sak om desentralisering av oppgåver frå staten til fylkeskommunane.
4. Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner Stortinget – i tillegg til å overføre statlege oppgåver til regionalt folkevalt nivå slik ekspertutvalet si innstilling foreslår – særleg må følgje opp at:
 - a. Det kjem snarlege avklaringar og vert ein ryddig og oversiktleg prosess knytt til overføring av sams vegadministrasjon til det regionale folkevalde nivået. Dette er også viktig for fylkeskommunane i eit arbeidsgjevarperspektiv.
 - b. Fylkeskommunane får delegert meir mynde i sakshandsaminga av akvakultur-saker.
 - c. Den næringsorienterte delen av Fylkesmannen si verksemd i sin heilskap vert overført til fylkeskommunane.
 - d. Forvaltning og drift av vassregionane skal framleis ligge til nye folkevalde regionar.
5. Sogn og Fjordane fylkeskommune ber om at det vert utgreidd overføring av fleire oppgåver som ligg tett opp til oppgåvene som alt er føreslegne overførte, og oppgåver som krev samordning og elles er innanfor dei prinsipp ekspertutvalet har lagt til grunn. Vi vil særskilt peike på følgjande
 - a. Utgreie å gje fylkeskommunane ansvaret for regional samordning innan brann - og ulukkeberedskap.
 - b. Utgreie fylkeskommunen sitt viktige ansvar for internasjonalisering.

Sentrale problemstillingar

Rapporten frå SVV gir to ulike tilrådingar; ei basert på Stortinget sitt oppmodingsvedtak og ei basert på krav i utredningsinstruksen. Pkt. 2.1 i nemnde instruks seier at det er viktig å avklare verknader av moglege alternativ før politiske vedtekne tiltak vert gjennomført.

Tilrådd løysing basert på Stortinget sitt oppmodingsvedtak:

- Overføring av fylkesvegadministrasjonen frå 1.1.2020 er krevjande, men det er mogleg for oppgåvene knytt til utgreiing, planlegging, bygging, forvaltning og vedlikehald.
- Når det gjeld drift er det så stor usikkerheit om mogleg nytt kontraktsopplegg og økonomiske konsekvensar at det ikkje forsvarleg å vedta overføring før det gjennomført nærare vurderingar. Ei slik vurdering bør vere gjennomført innan hausten 2019. For felles driftskontraktar som går over 1.1.2020, er det nødvendig med ei overgangsordning. Dette gjeld driftskontraktar for veg, elektrokontraktar og nokre fagkontraktar med krav til beredskap. Statens vegvesen tilrår at desse felleskontraktane i hovudsak vert vidareført til dei går ut utan endring i byggherreoppfølginga.
- Det er samanheng i oppgåveutføringa mellom hovudprosessane utgreiing, planlegging, bygging, forvaltning og vedlikehald. Det er derfor krevjande med løysingar som skil desse prosessane frå kvarandre. Statens vegvesen har likevel kome fram til at det er mogleg å handtere driftskontraktane (kontraktane omfattar også lettare vedlikehald) for seg sjølv, føresett at dette også omfattar driftsretta forvaltning.
- Det bør ikkje etablerast nye felles ressurseningar som Statens vegvesen og fylkeskommunane er forplikta til å bruke. Kvar enkelt av dei elleve vegadministrasjonane må sjølv kunne velje korleis oppgåvene skal løysast.
- På nokre område knytt til tryggleik og beredskap, bør Statens vegvesen behalde eit nasjonalt ansvar. Dette gjeld beredskap knytt til bru og reservebrumateriell og fagleg ekspertise knytt til tryggleik på veg i samband med fare for eller naturhendingar som skred og flaum. Det vert tilrådd at desse ressursane framleis blir organisert som ein del av Statens vegvesen og er tilgjengeleg for fylkeskommunane etter behov.
- For investeringskontraktane og andre fleirårige fagkontraktar (vedlikehaldskontraktar som er produktbaserte eller oppdragsspesifikke) foreslår Statens vegvesen eit generelt utgangspunkt med at fylkeskommunane overtek kontraktsoppfølginga frå 1.1.2020. Dette ekskludere ikkje at det kan inngåast avtalar om at Statens vegvesen hjelper fylkeskommunane med slutføring av kontraktar.
- Nasjonal vegdatabank (NVDB) og vegtrafikksentralane (VTS) vert vidareført som nasjonale oppgåver og vert organisert som ein del av Statens vegvesen. Fylkeskommunane må vere forplikta til å sørge for nødvendige leveransar til NVDB og VTS.

Tilrådingar basert på Utredningsinstruksen:

Statens vegvesen har i si utgreiing vurdert fire alternativ til 0-alternativet (dagens modell – sams vegadministrasjon) i rapporten:

Alternativ 0+: Vidareføring av sams vegadministrasjon med forbetringar

Alternativ 1a: Greie ute, planlegge og bygge fylkesveg vert overført til fylkeskommunane.

Alternativ 1b: Greie ut, planlegge, bygge, forvalte og vedlikehalde fylkesvegar vert overført til fylkeskommunane.

Alternativ 2: «Alle oppgåvene vert overført til fylkeskommunane

Alternativ 0+ får best samla score i rapporten til Vegvesenet, medan alternativ 2 får lågast score. Alternativ 1a og 1b får samla score mellom alternativa 0+ og 2. Det er ovannemnde alternativ 0+ som blir anbefalt av Statens vegvesen.

Med utgangspunkt ei utgreiing i tråd med Utredningsinstruksen og uavhengig av Stortinget sitt oppmodingsvedtak, har SVV gjort følgjande vurderingar:

- Det er positive verknader av å overføre fylkesvegadministrasjonen, m.a. moglegheit for styrking av fylkeskommunen si samfunnsutviklarrolle, klarare rapporteringslinjer og betre samhandling mellom fag og politikk på regionalt nivå.
- Opphøyr av sams vegadministrasjon vil likevel medføre omstillingskostnader og stor risiko for langsiktige negative verknader med auka kostnader, kompetansetap og redusert kvalitet i oppgåveløysinga.
- Med det ansvaret og den mynde fylkeskommunane allereie har for fylkesvegnettet i dag, er det vanskeleg å sjå at dei moglege positive verknadane ved overføring av vegadministrasjonen kan vege opp for risikoen for varige auka kostnader, kompetansetap og redusert kvalitet i oppgåveløysinga. Statens vegvesen meiner derfor at dagens ordning med sams vegadministrasjon bør vidareførast, men at det bør settast i gang eit arbeid for å forbetre fylkeskommunen si styring og moglegheit for lokale tilpassingar.

Andre opplysningar

Hovudlinene i denne saka er utarbeidd i fellesskap av samferdsleavdelingane i Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) har tidlegare sendt si utgreiing «Regionreformen. Desentralisering av oppgaver fra staten til fylkeskommunene» på brei høyring. Rapporten er utarbeidd av eit ekspertutval sett ned av KMD i juni 2017.

Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar har gitt høyringsfråsegn om desentralisering av oppgåver frå staten til fylkeskommunane. Ekspertutvalet sitt forslag inneber forslag om vesentleg oppgaveoverføring på ei rekke områder. Samferdselområdet er også omtalt i ekspertutvalet si utgreiing med forslag om overføring av oppgåver.

Ekspertutvalet skriv i sin rapport:

«Utvalget vil (likevel) påpeke at det virker hensiktsmessig å overføre til fylkeskommunen, den fagadministrasjonen for fylkesveiene som fylkeskommunene allerede har det politiske og økonomiske ansvaret for. En overføring er i tråd med retningslinje 2: Det myndighetsorgan som er tillagt ansvar og beslutningskompetanse for en oppgave, skal også ha fagmiljøet tilknyttet oppgaven. For fylkeskommunen er det en styrke å ha totalansvar for gjennomføring av politikk, med hensyn til for eksempel økonomistyring og prioriteringer. Egen fagadministrasjon legger også til rette for nær dialog og samspill mellom politikk og administrasjon. Totalansvarsprinsippet ivaretar også hensynet til effektivitet fordi dialogen om oppgaveløsningen ivaretas i ett organ og behovet for bestillerkompetanse overfor andre organer reduseres.»

Ekspertutvalet har vidareutvikla Oppgavefordelingsutvalget - NOU 2000 nr. 22 «Om oppgavefordelinga mellom stat, region og kommune» - sine retningslinjer for fordelinga av oppgåver mellom forvaltningsnivåa, og vurdert oppgåver og ansvar etter følgjande fem retningslinjer:

1. Nærleiksprinsippet: Oppgåver bør leggest så nært innbyggjarane som mogleg, men på eit så høgt nivå som nødvendig for å sikre ei kostnadseffektiv oppgåveløysning.
2. Totalansvarsprinsippet: Det myndighetsorgan som er tillagt ansvar og avgjerdskompetanse for ei oppgåve, skal også ha fagmiljøet knytt til oppgåva og ansvaret for å finansiere utgiftene til oppgåveløysinga.
3. Prinsipp om folkevalgt utøvelse av politisk skjønn: Oppgaver som krev utøvelse av politisk skjønn og vurdering bør legges til folkevalgte organer
4. Prinsipp om at oppgåver med stort samordningsbehov bør leggest til same organ: Oppgåver som krev stor grad av samordning, og/eller oppgåver som har store kontaktflater med kvarandre, bør leggest til same forvaltningsorgan.
5. Prinsipp om at oppgåver som ikkje skal påverkast av lokale politiske vurderingar, bør leggest til staten: Oppgåver som av ulike årsaker ikkje skal la seg påverke av lokalpolitiske forhold, bør vere eit statleg ansvar. Staten bør ha ansvaret for oppgåver som føreset eit nasjonalt helheits-grep for god oppgåveløysing»

Ekspertutvalet si tilnærming støttar opp under dei oppgåver og roller fylkeskommunane allereie har som tenesteytar, samfunnsutviklar, planmynde og som bindeledd i forvaltninga.

3. Rapport frå Statens vegvesen om sams vegadministrasjon

Fylkeskommunen har allereie ansvaret for fylkesvegoppgåvene etter veglova. Sams vegadministrasjon medfører at SVV utfører både riksvegoppgåver for staten og fylkesvegoppgåver for fylkeskommunane.

Ordninga med sams vegadministrasjon har fungert i lang tid, første gang etablert som ei forsøksordning i Nordland på 1860-talet. I dag er ordninga heimla i veglova § 10 andre ledd. Føremålet med ordninga har vore effektiv ressursutnytting, noko som også var grunnlaget for å vidareføre ordninga med sams vegadministrasjon etter omklassifisering av øvrige riksvegar til fylkesveg i 2010.

Vegavdelingane i regionvegkontora tek vare på det operative ansvaret på fylkesvegnettet i tett samarbeid med dei andre avdelingane i regionen. Dei utfører oppgåver etter veglova både på riksveg og fylkesveg.

Etter veglova er regionvegsjefen med tilhøyrande administrasjon sams vegadministrasjon for riksveg og fylkesveg på regionalt nivå og utfører riksvegoppgåver for staten og fylkesvegoppgåver for fylkeskommunen.

Vegdirektøren og regionvegsjefane har ansvar for at sams vegadministrasjon er i stand til å utføre både riks- og fylkesvegoppgåvene effektivt og nyttar ressursar i heile organisasjonen. Dei fleste einingane på regionvegkontoret utfører både riks- og fylkesvegoppgåver – også dei fylkesvise vegavdelingane.

Fylkeskommunen dekkjer utgifter til fylkesveg med unntak av utgifter til sams vegadministrasjon som vert dekt av staten etter veglova §19. Fylkeskommunen er eigar av fylkesvegane med eigaren sine rettar, plikter og ansvar.

Fylkesvegoppgåvene som regionvegsjefen utfører for fylkeskommunen blir i stor grad fastsett gjennom rammeavtalar og årlege leveranseavtalar. Avtaleverket inneheld m.a. finansiering, fullmakter og andre rammer for Statens vegvesen sitt arbeid med oppgåvene. I tillegg ligg krav til rapportering, styringsdialogar og anna samhandling i avtaleverket.

Det er fylkeskommunen som vegmynde som har ansvaret, sjølv om regionvegsjefen utfører oppgåvene. Regionvegsjefen må likevel sørge for at arbeidet som vegkontoret utfører for fylkeskommunen vert utført innanfor ramma av lov, forskrift og anna regelverk som fylkeskommunen er forplikta til å følgje.

SVV sine roller og oppgåver – kva er fylkesvegoppgåvene?

SVV har tre ulike roller: fagorgan, myndighetsorgan og veg- og vegtrafikkforvaltar. Når SVV utfører oppgåver på vegne av fylkeskommunen, er dette i hovudsak som veg- og vegtrafikkforvaltar.

Oppgåver knytt til sektoransvaret som fagorgan er statlege oppgåver som ikkje er aktuelle å overføre til fylkeskommunane. Ei overføring av fylkesvegoppgåvene etter veglova kan medføre behov for endring i korleis Statens vegvesen skal arbeide med sine sektoroppgåver. Eit viktig døme på dette er SVV sitt sektoransvar for trafikktryggleik.

SVV er eit myndighetsorgan både etter veglova og vegtrafikklova. Dei gjer einskildvedtak, godkjenner tekniske konstruksjonar og fastset forskrift og normalar. Dette er oppgåver som i hovudsak ikkje er aktuelle for overføring. Døme på dette er vegnormalar, bru-, tunneltryggleiks- og vegdataforskrifta. Vidare gjeld dette oppgåver på trafikant- og køyretøyområdet. Derimot er det naturleg at t.d. fylkeskommunen som vegforvaltar har ansvar for utarbeiding av skiltplanar og arbeidsvarslingsplanar som vegforvaltar/entreprenør skal sende til godkjenning.

Veg- og trafikkforvaltaroppgåvene er i stor grad oppgåver knytt til å utgreie, planleggje, byggje, forvalte, drifte og vedlikehalde veg. Fylkeskommunane har ansvar for dette i dag for fylkesveg, men oppgåvene blir stort sett utført av Statens Vegvesen gjennom sams vegadministrasjon.

Forvaltingsoppgåvene er eit vidt spekter av oppgåver som krev ressursar og som er viktige for trafikksikkerheita. Typiske forvaltnings saker som vedtak etter veglova eller fråsegner til plan-


og bygningslova er avgjerder med krav til rettstryggleik og likebehandling, med klare tidsfristar.

Oppgåvene som vegtrafikkforvaltar er knytt til trafikken på vegane:

- Korleis trafikken skal styrast ved planlagde drifts- vedlikehaldstiltak.
- Beredskapsløysingar som gjer det mogleg å ta raske avgjerder om styring av trafikken ved hendingar.
- Informasjon til trafikantane

I vegtrafikkforvaltninga står vegtrafikksentralane (VTS) og Nasjonal vegdatabank (NVDB) sentralt. Det er lagt til grunn at desse oppgåvene framleis skal liggje til SVV. Fylkeskommunane har eit delansvar for dataleveransar til NVDB og for kommunikasjon med VTS om vegmeldingar. Det må trekkast opp klare grensliner mellom SVV sitt ansvar for vegtrafikken gjennom NVDB og VTS og fylkeskommunane sitt ansvar for vegkantustyr og dataleveransar gjennom elektroniske installasjonar og registreringar. Utviklinga av intelligente transportsystem (ITS) gir eit aukande behov for samordning av vegtrafikkforvaltning/trafikkstyring og vegforvaltaransvaret.

Her beskrives de oppgaver etter vegloven som hører til ansvaret for å eie/ forvalte en veg (riksveg eller fylkesveg). De oppgavene som Statens vegvesen har som sektormyndighet og vedtaksmyndighet etter vegtrafikkloven er ikke med.



Ressursbruk

SVV har kartlagt og berekna ressursbruk for oppgåver etter veglova til fylkesveggar frå 2015-2017. SVV legg til grunn at 1650 heile stillingar er aktuelle for overføring til fylkeskommunane. For Vestland fylkeskommune utgjer dette 263 heile stillingar frå Statens vegvesen.

SVV si tilråding etter Stortinget sitt oppmodingsvedtak

SVV har vurdert løysingar basert på Stortinget sitt oppmodingsvedtak om overføring av fylkesvegadministrasjonen frå SVV til dei ti nye fylkeskommunane. I mandatet er det føresett at det gjeld alle fylkesvegoppgåver etter veglova som SVV i dag utfører for fylkeskommunane: utgreiing, planlegging, bygging, forvaltning, drift og vedlikehald. Vidare er det lagt til grunn at SVV framleis skal ha ansvar for riksvegoppgåvene og nasjonale oppgåver knytt til vegtransport og sektoransvar. Det betyr m.a. Statens vegvesen framleis skal ha ansvar for Nasjonal vegdatabank (NVDB) vegtrafikkcentralane (VTS) og utøving av mynde etter vegtrafikklova.

SVV sine vurderingar

Dette kapittelet gir ei oppsummering av SVV sine vurderingar om løysing for overføring av fylkesvegadministrasjonen frå SVV til dei ti nye fylkeskommunane, jf. kap. 5 i utgreiinga.

Modellar for fellesressursar

Overføring av fylkesvegadministrasjon frå Statens vegvesen til ti fylkeskommunar kan medføre effektivitetstap, splitting av fagmiljø og kompetansemangel. For å motverke eller redusere slike følgjer er det vurdert om det kan det være føremåstenleg å etablere felles ressurseiningar. Det har i arbeidsmøte i samband med utgreiinga vore uttrykt ein samstemt skepsis til slike forpliktande fellesløysingar frå både fylkeskommunane, Difi og Statens vegvesen. Dette vil likevel ikkje seie at fellesløysingar ikkje kan vere aktuelle, men dei må vere basert på frivilligheit mellom vegadministrasjonane der ein ser klare gevinstar med eit formalisert samarbeid.

Vurdering av nasjonal beredskap

Det blir lagt til grunn at det er behov for nasjonale løysingar for beredskap knytt til bru og reservebrumateriell. Det er også nødvendig med faglege ekspertressursar som kan gå inn og vurdere tryggleik på veg i samband med naturhendingar som skred og flaum. SVV tilrår at desse beredskapsressursane blir organisert som ein del av SVV og blir stilt til disposisjon for fylkeskommunane ved større hendingar som truar liv og helse eller viktige samfunnsfunksjonar.

Vurdering av utgreiings- og planleggingsoppgåvene

Det er lagt til grunn at det ikkje vil vere særlege kontraktsmessige utfordringar med overføring til fylkeskommunane. Planlegging krev mange ulike typar av ressursar. Fylkeskommunane må sikre seg tilsvarende kompetanse i planprosjekta gjennom eigne tilsette, konsulentkjøp eller i eventuelle felles ressurseiningar med andre fylker. Utgreiinga peiker på at det kan vere utfordrande for fylkeskommunane å skaffe seg denne kompetansen, og at dagens fagmiljø kan bli splitta opp. Det kan vere aktuelt å inngå avtaler om at Statens vegvesen slutfører pågåande prosjektarbeid som går over årsskiftet 2019-20. I bypakkar/byvekstavtalar inngår både riks- og fylkesvegprosjekt. Det vert det lagt til grunn at avklaring av ansvar for oppgåveutføringa vert løyst innanfor gjeldande styringsstruktur.

Vurdering av investeringsoppgåvene

Utgreiinga konkluderer med at det ikkje vil vere store utfordringar med overføring. Fylkesvegprosjekta er i dag i stor grad prosjektorganisert på regionvegkontora sine fylkesvise vegavdelingar. Dette er små prosjektorganisasjonar som må innhente naudsynt fagkompetanse ved regionvegkontoret eller i Vegdirektoratet. Ved overføring av vegadministrasjonen må fylkeskommunane sikre seg tilsvarende kompetanse. Oppsplitting av utføraroppgåvene vil gi behov for auka ressursar til gjennomføring av investeringsprosjekt – samla sett for fylkeskommunane og Statens vegvesen. Det kan vere aktuelt å inngå avtaler om at Statens vegvesen slutfører pågåande investeringsprosjekt som går over årsskiftet 2019-20.

Vurdering av forvaltningsoppgåvene

I forvaltninga av vegnettet har SVV ein utstrekt samfunnskontakt, og representerer i så måte staten og fylkeskommunane si «førstelinje». For å kunne forvalte vegnettet tilfredsstillande og til det beste for fellesskapet, har saksbehandlarane kontakt med kommunar, andre statlege sektorstyresmakter, utbyggjarar, naboar til vegen og brukarar av vegen (trafikanter). Mange av forvaltningssakene er behandling av saker etter veglova, og kor det ofte vert gjort enkeltvedtak etter forvaltningslova. Det er også saksbehandling etter plan- og bygningsloven, der Statens vegvesen ofte er høringsinstans. Det er også mange forvaltningsoppgåver som ikkje følgjer direkte av veglova, men som er viktige for å kunne ivareta vegeigaransvaret på ein tilfredsstillande måte. Forvaltningsoppgåvene omfattar også inspeksjon av bruer og andre

bærande konstruksjonar, tunnelforvaltning (inkludert inspeksjonar, øvingar og samarbeid med kommunal brannmyndigheit), utarbeide risiko og sårbarheitsanalysar for eige vegnett, forvalte vegutstyr, gjennomføre registreringar for driftskontraktar og levere data til Nasjonal vegdatabank. Det er nære koplingar mellom forvaltning og dei andre oppgåveområda: planlegging, bygging, drift og vedlikehald. Forvaltningssakene krev kapasitet, kompetanse og kontinuitet for å kunne oppretthalde nødvendig produksjon i forhold til tidsfristar og ein effektiv behandling av private og offentlege utbyggingssaker. Ved overføring av fylkesvegadministrasjonen er det derfor viktig at Statens vegvesen og fylkeskommunane innrettar seg slik at det totalt sett ikkje oppstår stor kapasitets- og kompetansebrist i overgangsfasen..

Vurdering av driftsoppgåvene

Statens vegvesen meiner splitting av drift vil føre til ein heilt ny situasjon i forhold til dagens marknad og opplegget for felleskontraktar for riks- og fylkesveg. Vidare utløyser det spørsmål om korleis kontraktar som gjeld over 1.1.2020 skal handterast. Det er av praktiske og økonomiske omsyn uaktuelt å avlyse inngåtte kontraktar. Det vert hevda at det er stor usikkerheit om konsekvensane. For dei felles driftskontraktane som gjeld over 1.1.2020, vil det derfor være behov for ei overgangsordning inntil 1.9.2024, fordi Statens vegvesen meiner at overgangsordninga bør være basert på at eksisterande kontraktar i hovudsak vidareførast til utløp utan endring i bygg-herreoppfølging. SVV meiner vidare at det er behov for avklaringar om framtidig kontraktsopplegg både for riksveg og for fylkesvegane, samt vurderingar om korleis entreprenørmarkanden vil respondere på endringane. Utan slike avklaringar og vurderingar er det stor usikkerheit om konsekvensane av å splitte drift. Med den kompleksiteten og økonomiske usikkerheita som er for dei fleirårige driftskontraktane, meiner SVV at det ikkje er forsvarleg å gjere eit endeleg vedtak om overføring før det er gjennomført meir omfattande vurderingar. Vurderingane bør skje i samarbeid mellom Statens vegvesen og fylkeskommunane, og med medverknad frå entreprenørbransjen. Arbeidet bør vere gjennomført innan hausten 2019, slik at vedtak kan innarbeidast i kommune-proposisjonen for 2021. Ein del forvaltningsoppgåver er vurdert å vere så viktige for drift av vegnettet at desse ikkje bør skiljast frå driftsansvaret. Det må vurderast meir detaljert kva forvaltningsoppgåver som må haldast saman med driftsoppgåvene og kva som kan overførast til fylkeskommunane frå 1.1.2020.

Andre driftsoppgåver

For straumavtalane bør det gjennomførast eit eige arbeid for å avklare korleis avtalane skal splittast/handterast. Det er også mange veglysanlegg der det juridiske eigarskapet er uavklart/omstridt. Dette er utfordringar som bør løysast før 1.1.2020. Vegmerking vert vanlegvis gjennomført som 1 eller 2-årige kontraktar for eit samla riks- og fylkesvegnett, og bør koordinerast med asfaltkontraktane. Desse oppgåvene kan splittast for riks- og fylkesveg, med mindre konsekvensar enn for driftskontraktane.

Vurdering av vedlikehaldsoppgåvene

Vedlikehaldsoppgåvene er av ulik karakter. Lettare vedlikehald inngår i stor grad i driftskontraktane. For tyngre vedlikehaldsoppgåver er vurderingane som for investeringsoppgåvene omtalt over. I tyngre vedlikehald inngår: vegdekkevedlikehald (asfaltering), forsterkning av veger, vedlikehald av bruer og andre konstruksjonar, tunnelvedlikehald, mindre utbetring på vegnettet og tilhøyrande konstruksjonar, utstyr og sideterreng. Omtalen vidare er avgrensa til dekkevedlikehaldet og asfaltmarknaden, kor det er nokre forhold som det er viktig å være merksam på. Asfaltkontraktane er vanlegvis eittårige felleskontraktar for riks- og fylkesveg. Varigheit gjer at det ikkje vil være behov for eigne overgangsordningar ved ei splitting mellom riks- og fylkesveg. SVV peikar fleire forhold som kan gi risiko for auka prisar på asfaltkontraktar t.d.:

- større variasjon når fleire vegadministrasjonar skal utforme og handtere i kontraktane
- mindre moglegheit for samordning ved splitting av kontraktane for riks- og fylkesveg
- byggherremiljøa kan bli små i forhold til entreprenørane

Nødvendige lov- og regelendringar

Overføring av fylkesvegadministrasjon frå SVV til fylkeskommunen krev endringar i veglova. Det er også behov for ei ny overføringslov for å ivareta behovet SVV og fylkeskommunane har for kapasitet og kompetanse i ein overgangsfasen og nokon år fram i tid. I utgreiingsarbeidet har det blitt peikt på nokre andre moglege endringsbehov som har blitt aktualisert ved overføring av vegadministrasjon:

- Endringar i veglova med sikte på større fleksibilitet når det gjeld organiseringa av Statens vegvesen.
- Endringar i vegdataforskrifta eller ei ny vegdatalov for å tydeleggjere ansvar, eigarskap og bruk av vegdata.
- Endringar i myndigheitsforhold i skiltforskrifta etter vegtrafikklova.
- Ein ny gjennomgang av behovet for statlege føringar (fleire bindande krav til standard). Eit slikt arbeid blei gjennomført i forbindelse med forvaltningsreforma i 2010, men blei ikkje følgd opp vidare, m.a. grunna i at sams vegadministrasjon motverkar uheldige standardval og standardsprang.

- Ei ny vurdering av Vegtilsynet sitt verkeområde. I dag blir det ført tilsyn med Statens vegvesen og Nye Veier AS på riksveg. Med dagens sams vegadministrasjon har tilsynet med Statens vegvesen på riksveg også ei indirekte betydning for fylkesveg.

Dette er moglege endringsbehov som krev meir omfattande vurderingar enn det som har vore mogleg innanfor ramma av SVV si utgreiing, og som strengt tatt ikkje er nødvendige for å gjennomføre Stortinget sitt oppmodingsvedtak.

SVV sitt forslag til gjennomføring

Overføring av tilsette

Overføringa er ikkje vurdert å vere ei verksemdoverdraging etter arbeidsmiljølova, då dei fleste medarbeidarar har arbeidsoppgåver både knytt til fylkesveg og riksveg. Det er eit mogleg unntak av medarbeidarar som arbeider i prosjekt på fylkesveg som er organisert i ein stabil organisasjon. Statens vegvesen meiner det er naudsynt å lovfeste nokre rammer for arbeidet, først og fremst at fylkeskommunane må bli pålagd ein plikt til å tilby eit tilsvarande tal stillingar (omrekna til årsverk) som SVV bruker på fylkesvegoppgåver. Dei tilsette som dette gjeld, bør framleis ha ein rett til å utføre arbeidsoppgåvene. Dei eventuelle endringsønskja fylkeskommunane har for utføring av dei nye oppgåvene, kan gjerast etter overføring. I tillegg må dei som minimum få med seg dagens årsløn med faste tillegg, samt ansiennitet. Dei må også få same vern og kome inn under dei same lovnader som dei tilsette i fylkeskommunane har fått, og følgje løns- og arbeidsvilkåra i fylkeskommunal sektor. Ut i frå dette føreslår SVV følgjande at det i lov blir gitt heimel til:

- At fylkeskommunane skal bli pålagd ein plikt til å tilsette personar frå Statens vegvesen.
- Unntak frå reglene om offentlig utlysing og kvalifikasjonsprinsippet.
- Heimel om forskrift om gjennomføring.
- Heimel for å regulere tilsette sine individuelle rettigheter.

Arkiv, system og verktøy

Overføring vil krevje at fylkeskommunane får tilgang til informasjon i sakssystem og arkiv, samt diverse datasystem. Statens vegvesen har identifisert rundt 130 IKT-løysingar eller standard programvare som blir nytta i samband med sams vegadministrasjon.

For system og verktøy blir det skilt mellom:

- System som framleis skal liggje til SVV, men som fylkeskommunen gir informasjon til/har lesetilgang til, t.d. Nasjonal vegdatabank (NVDB).
- System som SVV kan gjera tilgjengeleg for fylkeskommunane.
- Standard programvare

Økonomiske og administrative konsekvensar

Ressurskartlegginga (kapittel 4.4) viser at SVV i 2017 brukte 1 600 årsverk tilsvarande 1650 heile stillingar, til fylkesvegoppgåvene som er aktuelle å overføre. Dersom overføring av drifts-kontraktane vert utsett, har SVV berekna ressursbruken til 1191 heile stillingar som kan overførast til fylkeskommunane i 2020. Midlar til planlegging, drift og vedlikehald av vegnettet ligg allereie inne i fylkeskommunen sitt budsjett, med unntak av byggherrekostnader for drift og vedlikehald som vert finansiert av staten. Når det gjeld marknadsvurderingar, blir det vist til ein rapport om moglege samfunnsøkonomiske konsekvensar av oppheving av sams vegadministrasjon (Menon Economics AS):

«Vår samlede vurdering av omstillingskostnadene er at overføring av driftskontrakter og utarbeidelse av nye IKT-løsninger potensielt kan bli kostbart, i tillegg til at effektiviteten og kvaliteten i oppgaveløsningen kan bli vesentlig redusert. På lang sikt er det potensiale for vesentlige samfunnsøkonomiske kostnader. Vi vil heller ikke utelukke at de langsiktige virkningene i sum blir positive. Det avhenger av om fylkeskommunene klarer å få realisert de potensielle gevinstene ved omorganiseringen og begrense de samfunnsøkonomiske kostnadene.»

I rapporten blir det vidare hevda at den største usikkerheita knyt er seg til marknadsvurderingane om korleis entreprenørmarknaden vil reagere på ein overgang frå SVV til ti fylkeskommunar og SVV som oppdragsgjevarar for dei same oppgåvene. Det vert vidare vist til eit mogleg tap av tilgang på fagkompetanse til planlegging og prosjektering av investeringsprosjekt. Det blir hevda at det kan bli eit effektivitetstap dersom omfang av konsulentkjøp aukar. Det blir vidare hevda at overføring av driftskontraktar kan føre til auka ressursbruk grunna fleire til å følgje opp kontraktar, og til at det kan vere vanskeleg å lage rasjonelle kontraktsområde for eit splitta vegnettet. Vidare kjem utgifter til lisensar osb. Rapporten anslår omstillingskostnadene hjå SVV til 80-500 mill. kr, og hjå fylkeskommunane samla til 80-450 mill. kr.

Framdriftsplan for gjennomføring

Når	Hva	Hvem
Innen utgangen av 2018	Forslag til organisering av SVV	SVV
Innen februar 2019	Beslutning om organisering i FK	FK
Innen juni 2019	Vedta overføringslov og endring i vegloven, med iverksetting samtidig	Stortinget
Juni 2019	Vedta forskrift til veglov og overføringslov	Regjeringen
Sommer 2019	Beslutte innplassering av berørte medarbeidere	SVV og FK
Innen august 2019	Gjennomføre alle avklaringer og inngå avtaler	SVV og FK
Høst 2019	Utredning om konsekvenser av oppsplitting av driftskontraktene	SVV

Vidare avklaringar

Avklaringar for system:

- Avklaringar om system og verktøy
- Rekneskapsmessig handtering ved årsskiftet 2019-2020 og endringar etterpå
- Opprydding diverse system som strømbonnementar for riks- og fylkesveg og fylkesvegeigedomar.

Avklaring av fordeling av ansvar mellom SVV og fylkeskommunane:

- Samfunnstryggleik og beredskap på lokalt nivå
- Trafikktryggleiksarbeid på lokalt nivå
- Trafikktejing, vèrstasjonar – ansvar for målepunkt som ikkje inngår i nasjonalt nett
- ITS-installasjonar
- Ansvarsfordeling i praksis knytt til vegdataforskrift, tunnelforskrift og bruforskrift
- Vurdere naudsynte lovendringar i vegtrafikklova og eventuelt andre lovar
- Eventuell ny vurdering av inndelinga i vegnettet i riks- og fylkesveg.
- Motiv-utrekningar på fylkesveg

Avgjere samarbeidsrutinar mellom SVV og fylkeskommunane:

- Avtalar om bruberedskap og bistand ved naturhendingar.
- Format og rutinar for fylkeskommunenes levering av data til NVDB etter vegdataforskrifta.
- Inngå avtalar om byggherrevakt, informasjonsrutinar og kommunikasjon med VTS.
- Avtale rutinar for saksgang og informasjon rundt vedtak etter vegtrafikkloven.
- Avtale informasjons- og samarbeidsrutinar innanfor alle typar forvaltningssaker.
- Avtale form og innhald for samarbeidet om utvikling av kontraktstrategiar og naudsynte avgjerder i overgangsperioden for driftskontraktane.

Det vil også vere behov for å endre arbeidsmåtar knytt til samhandling om nasjonale samferdselsoppgåver.

4. Vurderingar og konsekvensar

Sams vegadministrasjon

Fylkeskommunane og Statens vegvesen arbeider kontinuerleg med å vidareutvikle samarbeidet knytt til sams vegadministrasjon. Sogn og Fjordane fylkeskommune opplever at vi har eit godt samarbeid med Statens vegvesen. Samstundes opplever fylkesrådmannen at samarbeidet i nokre saker kan vere krevjande. Dette gjeld spesielt knytt til bestilling og utføring av planprosjekt, samt rapportering. Det er også vanskeleg å få til ei tilstrekkeleg god styring av prosjekt, ressursar og tiltak frå fylkeskommunen si side når gjennomføringa ligg til eit anna organ. Å få til ein tilstrekkeleg god forståing og kontakt mellom fagnivå i SVV og politisk og administrativ nivå i fylkeskommunen er og ei utfordring. Dette er i lita grad omtalt i utgreiinga. Det er heller ikkje teke med at overføringa kan gje grunnlag for effektivisering og ei betre oppgåveløysing. Fylkesrådmannen meiner det ligg eit innspareingspotensiale ved at det organet som har ansvar for forvaltninga også har dei tilgjengelege ressursane. Det er m.a. eit potensial at i arbeidet med å planlegge nye vegtiltak på fylkesvegnettet i større grad kan ta omsyn til om prosjekta er økonomisk gjennomførbare.

Modellar for fellesressursar

For å motverke eller redusere eventuelle effektivitetstap, splitting av fagmiljø og kompetansemangel som følgje av overføring av sams vegadministrasjon, er det vurdert om det kan det vere føremålstenleg å etablere felles ressurseiningar. Fylkesrådmannen er samd i vegdirektøren si vurdering om det ikkje aktuelt med forpliktande felles ressurseiningar.

Nasjonal beredskap

Fylkesrådmannen er samd i vegdirektøren si vurdering om at det er behov for nasjonale løysingar for beredskap knytt til bru og reservebrumateriell, samt at det er nødvendig med faglege ekspertressursar som kan gå inn og vurdere tryggleik på veg i samband med naturhendingar som skred og flaum.

Fylkesrådmannen sluttar seg til tilrådinga om at desse beredskapsressursane blir organiserte som ein del av SVV og at dei vert stilt til disposisjon for fylkeskommunane ved hendingar som truar liv og helse eller viktige samfunnsfunksjonar.

Utgreiing og planlegging

Fylkesrådmannen ser at det kan vere utfordringar med ei ev. oppsplitting av fagmiljøet, men viser til at fylkeskommunane har eit planfagleg miljø i dag og at det er store fagmiljø tilgjengeleg i konsulentmarknaden. Fylkeskommunen er alt i dag ein stor kjøpar av varer og tenester.

Investeringar

Fylkesrådmannen viser til at Vestland fylkeskommune vil ha ein stor prosjektportefølje som skal realiserast, og ser det ikkje som problematisk med å vidareføre ein etablert prosjektorganisasjon.

Forvaltning

Fylkesrådmannen ser ikkje særslide utfordringar knytt til overføring av forvaltningsoppgåvene. Det vil bli viktig at Statens vegvesen og fylkeskommunen innrettar seg slik at nødvendig produksjon kan oppretthaldast i overgangsfasen.

Drift- og vedlikehald

Fylkesrådmannen er samd i at ansvaret for driftskontraktane ikkje bør overførast 1. januar 2020, og at det er behov for å greie ut vidare korleis overføringa skal gjennomførast. I dette arbeidet må vi ta som utgangspunkt at drift og vedlikehald kan bli overført gradvis, til dømes etter kvart som kontraktane går ut. Det verker lite hensiktsmessig at fylkeskommunane skal ha ansvar for investering og vedlikehald, mens Statens vegvesen har ansvar for drift av vegnettet. Totalansvarsprinsippet må gjelde.

Fylkeskommunane må involverast i det vidare arbeidet for å sikre gode overgangsordningar og praktiske samarbeidsformer for driftskontraktar som går lengre enn 01.01.2020. Arbeidet med overføringa må sikre at fylkeskommunen får overført kompetanse, m.a. med gradvis overføring av tilsette som skal følgje opp drift og vedlikehald, utarbeiding av nye konkurransegrunnlag etter kvart som gjeldande driftskontraktar vert fasa ut. Det vil og vere viktig med fagleg samarbeid, erfaringsutveksling fylkeskommunane imellom og med SVV, samt dialog med marknaden, for å sikre høg fagleg kompetanse. SVV bør i samarbeid med fylkeskommunane ha ansvar for å utarbeide rettleiande normer for kontaktsmalar og for anbudsutlysingar. Med dette bør mykje av eventuell usikkerheit i marknaden bli redusert.

Fylkesrådmannen vil elles peike på at overføringa gir moglegheit for større grad av tilpassing av standard i forhold til kvaliteten på vegane, optimale kontraktområde og bruk (behov, ÅDT osv.). Fylkeskommunane og SVV må framleis kunne lyse ut felleskontraktar og samarbeide om byggherreoppfølging dersom dette er føremålstienleg.

Lov og regelendringar

Fylkesrådmannen er stort sett samd i behovet for lovendringar, men meiner at fylkeskommunen må ha heimel til å fastsetje standardkrav til vegane med grunnlag i trafikkgrunnlag og andre behov. Fylkesrådmannen meiner også at fylkeskommunane bør få større mynde i forhold til skiltforskrifta.

Overføring av tilsette

Fylkeskommunane har i dag høg kompetanse på ei rekkje samanfallande og komplementære fagfelt, men treng å supplere dette. Det vil likevel vere eit stort behov for å bli tilført personell og kompetanse frå Statens vegvesen for utføring av fylkesvegoppgåvene. Særleg gjeld dette kompetansen som ligg i vegavdelingane i Statens vegvesen på drift og vedlikehald av vegnettet.

Fylkesrådmannen registrerer at overføringa truleg ikkje høyrer inn under reglane om verksemds-overdraging i arbeidsmiljølova. Det kan då vere fornuftig at det vert ei eiga

overføringslov. Vegsjefen si tilråding om at fylkeskommunane skal vere pliktig til å tilby eit tilsvarende tal stillingar som Statens Vegvesen nyttar i dag verkar derimot underleg og unødig. Fylkeskommunane må stå fritt til å dimensjonere og organisere sin organisasjon i høve til oppgåve-portefølje og til å velje mellom å bruke eigne medarbeidarar eller kjøpe tenester. På den måten kan fylkeskommunen organisere drifta på den måten dei finn det føremålstenleg.

Fylkesrådmannen forventar at fylkeskommunane og KS vert involvert heilt og fullt i arbeidet med ei mogleg overføringslov for tilsette. Ein ev. slik lov må både tilfredstille fylkeskommunen sitt behov for relevant kompetanse, og sikre at ev. overtalige i SVV får arbeid. Lova bør ikkje innehalde forplikningar som medfører at fylkeskommunen får overført fleire enn det er behov for, eller arbeidstakarar med anna kompetanse enn det er behov for.

Fylkesrådmannen er elles samd i at det er behov for regulering av dei tilsette sine individuelle rettar.

Fylkeskommunane er store og profesjonelle arbeidsgjevarar. Tilsette i vegvesenet vil få gode arbeidsgjevarar i fylkeskommunane. I det vidare arbeidet vil det vere særleg viktig å legge til rette for at tilsette kan overførast til fylkeskommunane på ein hensiktsmessig og god måte.

IKT støttesystem

Fylkesrådmannen vil peike på at det vil vere eit stort arbeid å innføre og tilpasse dei ulike IKT-systema som SVV nyttar. Det må avklarast kva for system som skal innførast, og kva system fylkeskommunen brukar i dag og ev. nyttast også for personell frå sams vegadministrasjon. Det må tilførast midlar til fylkeskommunane for å dekkje opp kostnaden ved overføring av IKT-system og arkiv.

Fylkesrådmannen viser til at fylkeskommunalt IT-sjefskollegium har drøfta overføring av sams vegadministrasjon og ser det som hensiktsmessig å samarbeide for felles IKT-løysingar. Det blir etablert eit felles prosjekt som skal sjå på kva fylkeskommunane skal gjere felles og samarbeide om med omsyn til IKT-løysingar og digitalisering. I samarbeid med arbeidsutvalet for kollegiet vil prosjektgruppa lage ei felles innstilling frå IT-sjefane til FRAU/fylkesrådmannskollegiet om at IT-delen av sams må vere ein sentral del av prosjektet. Det skal arbeidast for felles IT-løysingar i alle fylkeskommunane.

Økonomiske og administrative konsekvensar

Utrekningane for omstillingskostnadene tek ikkje omsyn til vinstar ved overføring av sams vegadministrasjon til fylkeskommunane. Det føregår ein del dobbeltarbeid, og det er utfordrande styringslinjer for arbeidet.

Fylkesrådmannen er ikkje nødvendigvis samd i at kostnadane vil auke med konsulentkjøp. Ved ei fornuftig bruk at innkjøpte tenester, meiner fylkesrådmannen at tiltak kan planleggast meir rasjonelt enn i dag. Vår erfaring tilseier at SVV gjennom å bruke interne ressursar bidreg til eit høgt kostnadsnivå. Det er for lang avstand mellom planlegging og økonomiske rammevilkår på fylkesvegar. Utbygging må planleggjast i nær samanheng med behov, trafikkgrunnlag og økonomiske ressursar.

Vi kan truleg spare midlar gjennom kjøp ved forhandlingar i større grad enn det som til no har vore vanleg i SVV. Hordaland fylkeskommune har erfaring med dette frå Bybanen utbygging, og vi ser tilsvarende erfaringar frå Nye Vegar AS.

Det er grunn til å følgje med på effektane i leverandørmarknadane. Fylkesrådmannen kan likevel ikkje sjå at innkjøp til 10 fylkeskommunar vil medføre store konsekvensar i marknaden. Volumet av innkjøp kan forventast å vere uendra. Det kan vere naturleg at fylkeskommunane sam-arbeider om standardisering av kontraktar. SVV kan og ha ei rolle i å utarbeide framlegg til malar for anskaffingar med sikte på å ta ut effektivitetsvinstar.

Konkurransetilsynet må ha ei viktig rolle for å følgje opp at marknaden fungerer.

Det vil vere særst viktig at staten overfører tilstrekkeleg ressursar til fylkeskommunane til dekning av oppgåveoverføringa. Regjeringa må gjere nye utrekningar av dei økonomiske konsekvensane der det også blir tatt tilstrekkeleg høgde for tal årsverk, andre driftskostnadar

og omstillingskostnadane. Dei budsjettmessige konsekvensane må bli innarbeidd i fylkeskommunane sitt inntektssystem.

Framdriftsplan for gjennomføring

Den skisserte framdriftsplanen for den vidare prosessen er, etter fylkesrådmannen si vurdering, eit godt grunnlag for det vidare arbeidet med overføring av sams vegadministrasjon. Det er viktig å starte arbeidet no. Fylkesrådmannen viser til at det vert utarbeidd eit eige delprosjekt-område under fylkessamanslåing for Vestland fylkeskommune knytt til overføring av sams vegadministrasjon. Prosjektet bør vere klart for oppstart like over sommaren.

Vidare avklaringar

Dei områda som krev avklaringar er av ulik omfang og i ulik grad kritiske for overføring av sams vegadministrasjon til fylkeskommunane. Fylkesrådmannen meiner dette er krevjande, men at det er mogleg å gjennomføre og er innstilt på å leggje til rette for dette. Dette må skje i ein nær dialog mellom fylkeskommunane og SVV.

Regjeringa vil handsame Stortinget sitt oppmodingsvedtak om overføring av fylkesvegoppgåvene i sams vegadministrasjon i samband med statsbudsjettet for 2019, som blir lagt fram for Stortinget 9. oktober 2018. Stortinget vil gjere vedtak i desember 2019. Førebuingsarbeidet må likevel starte opp no, jf. tekst over.

Utgreiing etter utredningsinstruksen

Etter fylkesrådmannen si vurdering undervurderer denne utgreiinga dei positive effektane knytt til ei overføring og fokuserer på dei negative. Fylkesrådmannen meiner det ikkje er grunnlag for å vidareføre sams vegadministrasjon. SVV si tilråding etter utredningsinstruksen - om ein modellen med eit forbetningsarbeid - er ikkje noko godt alternativ, då sams vegadministrasjon uansett vil vere eit brot på totalansvarsprinsippet.

5. Konklusjon

Fylkesrådmannen meiner at rapporten frå SVV i hovudsak inneheld eit godt grunnlag for overføring av fylkesvegadministrasjonen i sams vegadministrasjon til fylkeskommunane. Overføringa er krevjande, og krev utgreiing av ei rekkje spørsmål. Samstundes ber rapporten preg av for mykje problematisering av overføringa utan å ta omsyn til positive verknader. Fylkeskommunane er store organisasjonar med høg kompetanse på mange felt. Oppgåvene vil bli vidareført på ein god måte, og gir moglegheit for å gjere nokre endringar i korleis oppgåveløysinga vert utført.

Fylkesrådmannen viser til at SVV vurderer overføring av fylkesvegadministrasjonen frå 1. januar 2020 som krevjande, men at ei overføring er mogleg for oppgåvene knytt til utgreiing, planlegging, bygging, forvaltning og vedlikehald. Fylkesrådmannen har forståing for at det vert planlagt eit noko meir omfattande løp med omsyn til driftskontraktar mv. Ei heilskapleg overføring av ansvaret vil likevel vere viktig for at fylkeskommunane skal kunne lukkast i samordnings- og koordineringsrolla. Det er derfor viktig at den vidare oppfølginga knytt til driftsoppgåvene følgjer eit stramt tidsskjema i samarbeid med fylkeskommunane.

Fylkesrådmannen tilrår å støtte overføringa av fylkesvegadministrasjonen i samsvar med Stortinget sitt oppmodingsvedtak. Det regionale folkevalde nivået vil få ei meir heilskapleg rolle som ved å sjå verkemiddel og oppgåver i samanheng. I tillegg vil fylkeskommunane kunne ta eit meir heilskapleg ansvar for dei enkelte sektorområda ved at virkemidla innan den enkelte sektor vert samla i fylkeskommunen.

Summen av oppgåver som er føreslegne overført til fylkeskommunane vil styrke fylkeskommunane sine moglegheiter til å lukkast i samfunnsutviklarrolla. Forslaga vil også bidra til utvikling av demokratiet på regionalt nivå. Det gir også fylkeskommunen større moglegheit for å styre og kunne fastsetje strategiar innan vegområdet.



Saksprotokoll

Organ: Fylkesutvalet

Møtedato: 20.06.2018

Sak nr.: 18/1873-4

Internt l.nr.: 32711/18

Sak: 71/18

Tittel: **Regionreforma - Overføring av sams vegadministrasjon til regionalt folkevald nivå, fråsegn**

Behandling:

VEDTAK:

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune føreset at Stortinget sitt oppmodingsvedtak av juni 2017 (Innst. 385 S 2016 2017), om overføring av oppgåver som SVV/sams vegadministrasjon utfører for fylkeskommunen, dvs. utgreiing, planlegging, bygging, forvaltning, drift og vedlikehald, vert følgd opp.
2. Alle oppgåver som vert overført må fullfinansierast. Det er forventa at alle oppgåver, med unntak av driftskontraktane, vert gjort gjeldande frå og med 1. januar 2020.
3. Det er behov for å greie ut korleis overføringa av driftskontraktane skal gjennomførast. Fylkeskommunane må involverast i arbeidet for å sikre gode overgangsordningar og praktiske samarbeidsformer for driftskontraktar som går lengre enn 1. januar 2020. Det må overførast kompetanse og kapasitet til fylkeskommunane for utarbeiding av nye konkurransegrunnlag etter kvart som gjeldande kontraktar vert fasa ut. Kostnadseffektive kontraktar må sikrast gjennom eit samarbeid med SVV og fylkeskommunen.
4. Overføring av fylkesvegoppgåvene frå SVV/sams vegadministrasjon til fylkeskommunen er i samsvar med det finansielle ansvarsprinsippet: Det forvaltningsnivå som er tillagt ansvar og avgjerdskompetanse for ei oppgåve skal også ha ansvaret for å finansiere utgiftene til oppgåveløysinga.
5. Det regionale folkevalde nivået vil få ein heilskapleg rolle som samfunns- og utviklingsaktør ved å sjå oppgåver og verkemiddel i samanheng. I tillegg kan det regionale folkevalde nivået ta eit meir heilskapleg ansvar ved at verkemidla vert samla i fylkeskommunen.
6. Sogn og Fjordane fylkeskommune er samd i at det for nokre fagområde vil vere tenleg med nasjonale løysingar. Dette gjeld område med behov for nasjonal samordning og saker som ikkje skal vere ein del av regionalpolitiske vurderingar.
7. Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner det er viktig at fylkeskommunane sjølv har ansvar for organisering og rekruttering av den kompetanse og kapasitet som er nødvendig for å løyse framtidige utfordringar på fylkesvegane, slik at overføringa kan gje grunnlag for effektiv organisering i tråd med regionale prioriteringar.
8. Sogn og Fjordane fylkeskommune legg til grunn at overføring av oppgåver ikkje høyrer inn under reglane om verksemdsoverdraging i arbeidsmiljølova. Vi ventar at fylkeskommunane og KS vert involvert fullt ut i arbeidet med ei mogleg overføringslov for tilsette. Ein ev. slik lov må tilfredsstillere behov:
 - a. Ivareta fylkeskommunen sitt behov for relevant kompetanse
 - b. Sikre at overtalige arbeidstakarar frå Statens vegvesen får arbeid.

Lova må ikkje innehalde forplikingar som medfører at fylkeskommen får overført fleire enn det er behov for, eller arbeidstakarar med anna kompetanse enn det er behov for.

9. Sogn og Fjordane fylkeskommune ser det som særskild viktig at staten overfører tilstrekkelege ressursar til fylkeskommunane til dekning av oppgåveoverføringa. Vi ber regjeringa om å gjere nye utrekningar av dei økonomiske konsekvensane der det også blir tatt tilstrekkeleg høgde for tal årsverk, andre driftskostnader og omstillingskostnader. Dei budsjettmessige konsekvensane må bli innarbeidd i fylkeskommunane sitt inntektssystem.
10. Sogn og Fjordane fylkeskommune legg til grunn at det vert eit tett samarbeid mellom SVV fylkeskommunane – som likeverdige partar - i det vidare arbeidet med overføring av oppgåvene knytt til fylkesvegadministrasjon.



Arkivnr: 2018/11164-2
Saksbehandlar: Matti Torgersen

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		21.06.2018

Frå sams og samling - Om konsekvensar ved overføring av fylkesvegadministrasjonen frå Statens Vegvesen til fylkeskommunane - Høyringsfråsegn

Samandrag

8. juni 2017 vedtok Stortinget ny inndeling av regionalt folkevalt nivå. Under handsaminga av regionreforma gjorde Stortinget eit oppmodingsvedtak der regjeringa vart bedt om å sørge for at regional vegadministrasjon, som har ansvar for planlegging og drift av fylkesvegane, vert overført frå Statens vegvesen til regionalt folkevald nivå.

Oppmodingsvedtaket er tolka av Statens vegvesen til å gjelde overføring av oppgåveutføringa, då fylkeskommunane allereie har det overordna ansvaret for alle oppgåvene knytt til fylkesvegane. Oppmodingsvedtaket i Stortinget er avgrensa til å gjelde planlegging og drift. Statens vegvesen sitt mandat, gitt av Samferdsledepartementet, gjer det klart at alle oppgåver som sams vegadministrasjon utfører for fylkeskommunane skal kartleggast og vurderast overført til fylkeskommunane. Det omfattar oppgåver som inngår i utgreiing, planlegging, bygging, forvaltning og drift og vedlikehald.

Rapporten frå Statens vegvesen gir to ulike tilrådingar; ei tilråding basert på Stortinget sitt oppmodingsvedtak og ei tilråding basert på krav i utredningsinstruksen.

I tilrådinga basert på Stortinget sitt oppmodingsvedtak konkluderer vegdirektøren m.a. med at overføring av fylkesvegadministrasjonen frå 1.1.2020 er krevjande, men det er mogleg for oppgåvene knytt til utgreiing, planlegging, bygging, forvaltning og vedlikehald. Når det gjeld drift er det så stor usikkerheit om mogleg nytt kontraktsopplegg og økonomiske konsekvensar at det ikkje forsvarleg å vedta overføring før det er gjennomført nærare vurderingar. Ei slik vurdering bør vere gjennomført innan hausten 2019. For felles driftskontraktar som går over 1.1.2020, er det etter vegdirektøren si meining nødvendig med ei overgangsordning.

Ut i frå utgreiingsinstruksen, konkluderer rapporten med at dei moglege positive verknadene ved overføring av vegadministrasjonen ikkje kan vege opp for risiko for varige auka kostnader, kompetanse og redusert kvalitet i oppgåveløysinga, og at dagens ordning med felles vegadministrasjon bør vidareførast med eit arbeid for å betre fylkeskommunen si styring og moglegheit for lokale tilpassingar. Det bør settast i gang eit arbeid for å forbetre fylkeskommunen si styring og moglegheit for lokale tilpassingar.

Fylkeskommunane og SVV har arbeidd med å utvikle rutinane for samarbeidet i sams vegadministrasjon. Fylkesrådmannen opplever likevel at samarbeidet i enkelte saker kan vere noko byråkratisk med dagens ordning. Det er også vanskeleg å få til ein tilstrekkeleg god styring av prosjekt og tiltak frå fylkeskommunen si side når gjennomføringa ligg til eit anna organ. Det kan vere eit innsparingspotensiale ved at det organet som har ansvar for forvaltninga også har dei tilgjengelege ressursane.

Fylkesrådmannen meiner det er utfordrande, men fullt ut realistisk med ein modell med gradvis deling med endring i byggherreoppfølging etter kvart som kontraktane går ut. Det er viktig å få ei gradvis overføring tilsette som skal følgje opp drift og vedlikehald.

Det vil vere eit stort behov for å få overført personell og kompetanse frå Statens Vegvesen for utføring av fylkesvegoppgåvene, men fylkeskommunane må stå fritt til å dimensjonere og organisere sin organisasjon i høve til oppgaveportefølje og å vurdere om oppgåvene skal løysast gjennom å nytte eigne medarbeidarar, eller å kjøpe tenester i ein marknad.

Fylkesrådmannen meiner at rapporten frå Statens Vegvesen i hovudsak inneheld eit godt grunnlag for overføring av fylkesvegadministrasjonen i sams vegadministrasjon til fylkeskommunane. Overføringa er krevjande, og krev utgreiing av ei rekkje spørsmål. Samstundes er rapporten prega av å problematisere overføringa. Fylkesrådmannen tilrår ei overføring av fylkesvegadministrasjonen i samsvar med Stortinget sitt oppmodingsvedtak. Oppgåvene vil bli vidareført på ein god måte, og gir moglegheit for å gjere nokre endringar i korleis oppgåveløysinga vert utført. Det regionale folkevalde nivået vil få ei meir heilskapleg rolle som samfunnsaktør ved å sjå verkemiddel og oppgaver i samanheng med kvarandre.

Denne saka er skriva i eit samarbeid med Sogn og Fjordane fylkeskommune, og fylkesrådmenna legg fram lik innstilling i saken.

Økonomi: Det må føresettast at fylkeskommunen får overført tilstrekkelege midlar til å ivareta oppgåva.

Klima: Inga direkte verknad på klima

Folkehelse: Ingen direkte verknader på folkehelse

Regional planstrategi: Overføring av fylkesvegdelen av sams vegadministrasjon vil styrkje fylkeskommunen som regional utviklingsaktør.

Forslag til vedtak

1. Hordaland fylkeskommune ber om at Stortinget sitt oppmodingsvedtak i juni 2017 (Innst. 385 S 2016 2017) blir følgd opp. Alle oppgaver som sams vegadministrasjon utfører for fylkeskommunen, dvs. utgreiing, planlegging, bygging, forvaltning, drift og vedlikehald skal overførast. Alle oppgaver som vert overført må fullfinansierast. Det er forventa at alle oppgaver, med unntak av drift, vert gjort gjeldande frå og med 01.01.2020. Drift vert overført gradvis etter kvart som nye kontraktar vert lyste ut.
2. Overføring av oppgåvene til fylkesvegadministrasjon til fylkeskommunen er i samsvar med det finansielle ansvarsprinsippet: det forvaltningsnivå som er tillagt ansvar og avgjerdskompetanse for ei oppgave skal også ha ansvaret for å finansiere utgiftene til oppgåveløysinga.
3. Det regionale folkevalde nivået vil få ein heilskapleg rolle som samfunnsaktør og utviklingsaktør ved å sjå verkemiddel og oppgaver i samanheng med kvarandre. I tillegg vil det regionale folkevalde nivået kunne ta eit meir heilskapleg ansvar ved at verkemidla vert samla i fylkeskommunen.
4. Hordaland fylkeskommune deler ikkje vegdirektøren sine vurderingar i høve drifts- og vedlikehaldskontraktane. Fylkeskommunane må involverast i det vidare arbeidet for å sikre gode overgangsordningar og praktiske samarbeidsformer for driftskontraktar som går lengre enn 01.01.2020. Det må overførast kompetanse og kapasitet til fylkeskommunane for utarbeiding av nytt konkurransegrunnlag etter kvart som gjeldande driftskontraktar vert fasa ut. Kostnadseffektive kontraktar må sikrast gjennom eit samarbeid med SVV og fylkeskommunen
5. Hordaland fylkeskommune deler vurderinga av at det for nokre fagområde vil vere tenleg med nasjonale løysingar. Dette gjeld område med behov for nasjonal samordning og saker som ikkje skal vere ein del av regionalpolitiske vurderingar.

6. Hordaland fylkeskommune meiner det er viktig at fylkeskommunane sjølv har ansvar for organisering og rekruttering av den kompetanse og kapasitet som er nødvendig for å løyse framtidige utfordringar på fylkesvegane, slik at overføringa kan gje grunnlag for effektiv organisering i tråd med regionale prioriteringar.
7. Hordaland fylkeskommune legg til grunn at overføring av oppgåver ikkje høyrer inn under reglane om verksemdsoverdraging i arbeidsmiljølova. Det er forventa at fylkeskommunane og KS vert involvert fullt ut i ei eventuell vurdering om ei mogleg overføringslov for overgang av tilsette. Ein eventuell overføringslov må tilfredsstillе to behov:
 - a. Ivareta fylkeskommunen sitt behov for relevant kompetanse
 - b. Sikre at overtalige arbeidstakarar frå Statens vegvesen får arbeid.Lova bør ikkje innehalde forpliktingar som medfører at fylkeskommunen får overført fleire enn det er behov for, eller arbeidstakarar med anna kompetanse enn det er behov for.
8. Hordaland fylkeskommune ser det som særskilt viktig at staten overfører tilstrekkelege ressursar til fylkeskommunane til dekning av oppgåveoverføringa. Vi ber regjeringa om å gjere nye utrekningar av dei økonomiske konsekvensane der det også blir tatt tilstrekkeleg høgde for tal årsverk, andre driftskostnader og omstillingskostnadane. Dei budsjettmessige konsekvensane må bli innarbeidd i fylkeskommunane sitt inntektssystem.
9. Hordaland fylkeskommune legg til grunn at det vert eit samarbeid mellom Statens vegvesen og fylkeskommunane knytt til det vidare arbeidet med overføring av oppgåvene.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 07.06.2018

Samandrag

8. juni 2017 vedtok Stortinget ny inndeling av regionalt folkevalt nivå. Under handsaminga av regionreforma gjorde Stortinget eit oppmodingsvedtak der regjeringa vart bedt om å sørge for at regional vegadministrasjon, som har ansvar for planlegging og drift av fylkesvegane, vert overført frå Statens vegvesen til regionalt folkevald nivå.

Oppmodingsvedtaket er tolka av Statens vegvesen til å gjelde overføring av oppgåveutføringa, då fylkeskommunane allereie har det overordna ansvaret for alle oppgåvene knytt til fylkesvegane. Oppmodingsvedtaket i Stortinget er avgrensa til å gjelde planlegging og drift. Statens vegvesen sitt mandat, gitt av Samferdsledepartementet, gjer det klart at alle oppgåver som sams vegadministrasjon utfører for fylkeskommunane skal kartleggast og vurderast overført til fylkeskommunane. Det omfattar oppgåver som inngår i utgreiing, planlegging, bygging, forvaltning og drift og vedlikehald.

Rapporten frå Statens vegvesen gir to ulike tilrådingar; ei tilråding basert på Stortinget sitt oppmodingsvedtak og ei tilråding basert på krav i utredningsinstruksen.

I tilrådinga basert på Stortinget sitt oppmodingsvedtak konkluderer vegdirektøren m.a. med at overføring av fylkesvegadministrasjonen frå 1.1.2020 er krevjande, men det er mogleg for oppgåvene knytt til utgreiing, planlegging, bygging, forvaltning og vedlikehald. Når det gjeld drift er det så stor usikkerheit om mogleg nytt kontraktsopplegg og økonomiske konsekvensar at det ikkje forsvarleg å vedta overføring før det er gjennomført nærare vurderingar. Ei slik vurdering bør vere gjennomført innan hausten 2019. For felles driftskontraktar som går over 1.1.2020, er det etter vegdirektøren si meining nødvendig med ei overgangsordning.

Ut i frå utgreiingsinstruksen, konkluderer rapporten med at dei moglege positive verknadene ved overføring av vegadministrasjonen ikkje kan vege opp for risiko for varige auka kostnader, kompetanse og redusert kvalitet i oppgåveløysinga, og at dagens ordning med felles vegadministrasjon bør vidareførast med eit arbeid for å betre fylkeskommunen si styring og moglegheit for lokale tilpassingar. Det bør settast i gang eit arbeid for å forbetre fylkeskommunen si styring og moglegheit for lokale tilpassingar.

Fylkeskommunane og SVV har arbeidd med å utvikle rutine for samarbeidet i sams vegadministrasjon. Fylkesrådmannen opplever likevel at samarbeidet i enkelte saker kan vere noko byråkratisk med dagens ordning. Det er også vanskeleg å få til ein tilstrekkeleg god styring av prosjekt og tiltak frå fylkeskommunen si side når gjennomføringa ligg til eit anna organ. Det kan vere eit innsparingspotensiale ved at det organet som har ansvar for forvaltninga også har dei tilgjengelege ressursane.

Fylkesrådmannen meiner det er utfordrande, men fullt ut realistisk med ein modell med gradvis deling med endring i byggherreoppfølging etter kvart som kontraktane går ut. Det er viktig å få ei gradvis overføring tilsette som skal følge opp drift og vedlikehald.

Det vil vere eit stort behov for å få overført personell og kompetanse frå Statens Vegvesen for utføring av fylkesvegoppgåvene, men fylkeskommunane må stå fritt til å dimensjonere og organisere sin organisasjon i høve til oppgåveportefølje og å vurdere om oppgåvene skal løysast gjennom å nytte eigne medarbeidarar, eller å kjøpe tenester i ein marknad.

Fylkesrådmannen meiner at rapporten frå Statens Vegvesen i hovudsak inneheld eit godt grunnlag for overføring av fylkesvegadministrasjonen i sams vegadministrasjon til fylkeskommunane. Overføringa er krevjande, og krev utgreiing av ei rekkje spørsmål. Samstundes er rapporten prega av å problematisere overføringa. Fylkesrådmannen tilrår ei overføring av fylkesvegadministrasjonen i samsvar med Stortinget sitt oppmodingsvedtak. Oppgåvene vil bli vidareført på ein god måte, og gir moglegheit for å gjere nokre endringar i korleis oppgåveløysinga vert utført. Det regionale folkevalde nivået vil få ei meir heilskapleg rolle som samfunnsaktør ved å sjå verkemiddel og oppgåver i samanheng med kvarandre.

Bakgrunn for saka

8. juni 2017 vedtok Stortinget ny inndeling av regionalt folkevalt nivå, jf. Prop. 84 S (2016 – 2017) og Innst. 385 S (2016 – 2017) og er omtalt som regionreforma. Frå 1.1.2020 vert dagens 19 fylkeskommunar redusert til 11.

I handsaminga av regionreforma vedtok Stortinget m.a.:

«Stortinget ber regjeringen sørge for at regional vegadministrasjon, som ha ansvar for planlegging og drift av fylkesveiene, overføres fra Statens vegvesen til regionalt folkevalgt nivå»

Fleirtalet i Kommunal- og forvaltningskomiteen peikte også på behovet for ei utgreiing med føremål om å sikre ei forsvarleg overføring til fylkeskommunane med verknad frå 1. januar 2020.

Med utgangspunkt i Stortinget sitt oppmodingsvedtak, har Samferdsledepartementet gitt Vegdirektoratet i oppdrag å greie ut spørsmål i tilknytning til ei overføring av den delen av sams vegadministrasjon som fylkeskommunane har ansvar for (fylkesvegane).

Statens vegvesen har tolka oppmodingsvedtaket til at det gjeld overføring av oppgåveutføringa, då fylkeskommunane allereie har det overordna ansvaret for alle oppgåvene knytt til fylkesvegane.

Oppmodingsvedtaket i Stortinget er avgrensa til planlegging og drift. Mandatet frå Samferdsledepartementet klargjer at alle oppgåver som sams vegadministrasjon utfører for fylkeskommunane skal kartleggast og vurderast overført til fylkeskommunane. Det omfattar oppgåver som inngår i utgreiing, planlegging, bygging, forvaltning og drift og vedlikehald.

I oppmodingsvedtaket er omgrepet «regional vegadministrasjon» nytta. Vegdirektoratet legg til grunn at det med regional vegadministrasjon er meint alle ressursar som regionvegsjefen nyttar i Statens vegvesen for å utføre fylkesvegoppgåver.

Samferdsledepartementet sitt utgreiingsoppdrag til Statens vegvesen går fram av brev og mandat av 30. november 2017. Statens vegvesen er bedt om å:

- Kartlegge fylkesvegoppgåvene som ligg til sams vegadministrasjon i dag.
- Utarbeide skisse(r) til modell(ar) for korleis ei overføring frå Statens vegvesen til fylkeskommunane kan gjennomførast.
- Vurdere kostnader og konsekvensar av ei overføring for Statens vegvesen og fylkeskommunane.

I rammene og føresetnadene som Samferdsledepartementet har lagt til grunn for Statens vegvesen sitt utgreiingsarbeid går det m.a. fram at arbeidet skal gjennomførast i nært samarbeid med KS og fylkeskommunane. Kartlegginga skal vere ein total gjennomgang og opplisting av alle oppgåver som Statens vegvesen utfører for fylkeskommunane, ikkje berre planegging og drift. Statens vegvesen skal sjå på om det enkelte oppgåver som er av ein slik karakter at det ikkje er naturleg med oppdeling og som derfor må haldast samla. Arbeidsgjevaransvar og dei tilsette sine rettar skal vurderast. Behov for endring i gjeldande lovgiving skal kartleggast, særleg om det er behov for ei overføringslov. Arbeidet skal gjennomførast i tråd med utredningsinstruksen. Tilpassingar internt i Statens vegvesen inngår ikkje i utgreiingsoppdraget.

Regionreforma – ekspertutvalet sin rapport om desentralisering av oppgåver til regionalt folkevald nivå

Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) har tidlegare sendt si utgreiing «Regionreformen. Desentralisering av oppgaver fra staten til fylkeskommunene» på brei høyring. Rapporten er utarbeidd av eit ekspertutval sett ned av KMD våren 2017.

Hordaland fylkeskommune og har gitt høyringsfråsegn om desentralisering av oppgåver frå staten til fylkeskommunane. Ekspertutvalet sitt forslag inneber forslag om vesentleg oppgåveoverføring på ei rekke områder. Samferdselområdet er også omtalt i ekspertutvalet si utgreiing med forslag om overføring av oppgåver.

Ekspertutvalet skriv likevel dette i sin rapport:

«Utvalget vil likevel påpeke at det virker hensiktsmessig å overføre til fylkeskommunen, den fagadministrasjonen for fylkesveiene som fylkeskommunene allerede har det politiske og økonomiske ansvaret for. En overføring er i tråd med retningslinje 2: Det myndighetsorgan som er tillagt ansvar og beslutningskompetanse for en oppgave, skal også ha fagmiljøet tilknyttet oppgaven. For fylkeskommunen er det en styrke å ha totalansvar for gjennomføring av politikk, med hensyn til for eksempel økonomistyring

og prioriteringer. Egen fagadministrasjon legger også til rette for nær dialog og samspill mellom politikk og administrasjon. Totalansvarsprinsippet ivaretar også hensynet til effektivitet fordi dialogen om oppgaveløsningen ivaretas i ett organ og behovet for bestillerkompetanse overfor andre organer reduseres.»

Ekspertutvalet har vidareutvikla Oppgavefordelingsutvalget - NOU 2000 nr. 22 «Om oppgavefordelinga mellom stat, region og kommune» - sine retningslinjer for fordelinga av oppgaver mellom forvaltningsnivåa, og vurdert oppgaver og ansvar etter følgjande fem retningslinjer:

1. Nærleiksprinsippet:
Oppgaver bør leggest så nært innbygarane som mogleg, men på eit så høgt nivå som nødvendig for å sikre ei kostnadseffektiv oppgaveløysning
2. Totalansvarsprinsippet:
Det myndighetsorgan som er tillagt ansvar og avgjerdskompetanse for ei oppgåve, skal også ha fagmiljøet knytt til oppgåva og ansvaret for å finansiere utgiftene til oppgaveløysinga.
3. Prinsipp om folkevalgt utøvelse av politisk skjønn:
Oppgaver som krev utøvelse av politisk skjønn og vurdering bør legges til folkevalgte organer
4. Prinsipp om at oppgaver med stort samordningsbehov bør leggest til same organ:
Oppgaver som krev stor grad av samordning, og/eller oppgaver som har store kontaktflater med kvarandre, bør leggest til same forvaltningsorgan.
5. Prinsipp om at oppgaver som ikkje skal påverkast av lokale politiske vurderingar, bør leggest til staten:
Oppgaver som av ulike årsaker ikkje skal la seg påverke av lokalpolitiske forhold, bør vere eit statleg ansvar. Staten bør ha ansvaret for oppgaver som føreset eit nasjonalt helheitsgrep for god oppgaveløysing»

Ekspertutvalet si tilnærming støttar opp under dei oppgaver og roller fylkeskommunane allereie har som tenesteytar, samfunnsutviklar, planmynde og som bindeledd i forvaltninga.

Rapport frå Statens vegvesen om sams vegadministrasjon

Rapporten frå Statens vegvesen gir to ulike tilrådingar; ei tilråding basert på Stortinget sitt oppmodingsvedtak og ei tilråding basert på krav i utredningsinstruksen. Krav i instruksen gjeld sjølv om det allereie er vedteke på politisk nivå å gjennomføre tiltak, også konkrete tiltak. Pkt. 2.1 i instruksen seier at det er viktig å avklare verknader av moglege alternativ før politiske vedtekne tiltak vert gjennomført.

Tilrådd løysing basert på Stortinget sitt oppmodingsvedtak

- Overføring av fylkesvegadministrasjonen frå 1.1.2020 er krevjande, men det er mogleg for oppgåvene knytt til utgreiing, planlegging, bygging, forvaltning og vedlikehald.
- Når det gjeld drift er det så stor usikkerheit om mogleg nytt kontraktsopplegg og økonomiske konsekvensar at det ikkje forsvarleg å vedta overføring før det gjennomført nærare vurderingar. Ei slik vurdering bør vere gjennomført innan hausten 2019. For felles driftskontraktar som går over 1.1.2020, er det nødvendig med ei overgangsordning. Dette gjeld driftskontraktar for veg, elektrokontraktar og nokre fagkontraktar med krav til beredskap. Statens vegvesen tilrår at desse felleskontraktane i hovudsak vert vidareført til dei går ut utan endring i byggherreoppfølginga.
- Det er samanheng i oppgaveutføringa mellom hovudprosessane utgreiing, planlegging, bygging, forvaltning og vedlikehald. Det er derfor krevjande med løysingar som skil desse prosessane frå kvarandre. Statens vegvesen har likevel kome fram til at det er mogleg å handtere driftskontraktane (kontraktane omfattar også lettare vedlikehald) for seg sjølv, føreset at dette også omfattar driftsretta forvaltning.
- Det bør ikkje etablerast nye felles ressurseiningar som Statens vegvesen og fylkeskommunane er forplikta til å bruke. Kvar enkelt av dei elleve vegadministrasjonane må sjølv kunne velje korleis oppgåvene skal løysast.
- På nokre område knytt til tryggleik og beredskap, bør Statens vegvesen behalde eit nasjonalt ansvar. Dette gjeld beredskap knytt til bru og reservebrumateriell og fagleg ekspertise knytt til tryggleik på veg i samband med fare for eller naturhendingar som skred og flaum. Det vert tilrådd at

desse ressursane framleis blir organisert som ein del av Statens vegvesen og er tilgjengeleg for fylkeskommunane etter behov.

- For investeringskontraktane og andre fleirårige fagkontraktar (vedlikehaldskontraktar som er produktbaserte eller oppdragsspesifikke) føreslår Statens vegvesen eit generelt utgangspunkt med at fylkeskommunane overtek kontraktsoppfølginga frå 1.1.2020. Dette ekskludere ikkje at det kan inngåast avtalar om at Statens vegvesen hjelper fylkeskommunane med slutføring av kontraktar.
- Nasjonal vegdatabank (NVDB) og vegtrafikksentralane (VTS) vert vidareført som nasjonale oppgåver og vert organisert som ein del av Statens vegvesen. Fylkeskommunane må vere forplikta til å sørge for nødvendige leveransar til NVDB og VTS.

Tilrådingar basert på Utredningsinstruksen

Statens vegven har i si utgreiing vurdert fire alternativ til 0-alternativet (dagens modell – sams vegadministrasjon) i rapporten:

Alternativ 0+: Vidareføring av sams vegadministrasjon med forbetringar

Alternativ 1a: Greie ute, planlegge og bygge fylkesveg vert overført til fylkeskommunane.

Alternativ 1b: Greie ut, planlegge, bygge, forvalte og vedlikehalde fylkesvegar vert overført til fylkeskommunane.

Alternativ 2: «Alle oppgåvene vert overført til fylkeskommunane

Alternativ 0+ får best samla score i rapporten til Vegvesenet, medan alternativ 2 får lågast score. Alternativ 1a og 1b får samla score mellom alternativa 0+ og 2. Det er ovannemnde alternativ 0+ som blir anbefalt av Statens vegvesen.

Med utgangspunkt ei utgreiing i tråd med Utredningsinstruksen og uavhengig av Stortinget sitt oppmodingsvedtak, har Statens vegvesen gjort følgjande vurderingar:

- Det er positive verknader av å overføre fylkesvegadministrasjonen, m.a. moglegheit for styrking av fylkeskommunen si samfunnsutviklarrolle, klarare rapporteringslinjer og betre samhandling mellom fag og politikk på regionalt nivå.
- Opphøyr av sams vegadministrasjon vil likevel medføre omstillingskostnader og stor risiko for langsiktige negative verknader med auka kostnader, kompetansetap og redusert kvalitet i oppgåveløysinga.
- Med det ansvaret og den mynde fylkeskommunane allereie har for fylkesvegnettet i dag, er det vanskeleg å sjå at dei moglege positive verknadane ved overføring av vegadministrasjonen kan vege opp for risikoen for varige auka kostnader, kompetansetap og redusert kvalitet i oppgåveløysinga. Statens vegvesen meiner derfor at dagens ordning med sams vegadministrasjon bør vidareførast, men at det bør settast i gang eit arbeid for å forbetre fylkeskommunen si styring og moglegheit for lokale tilpassingar.

Sams vegadministrasjon

Fylkeskommunen har allereie ansvaret for fylkesvegoppgåvene etter veglova. Sams vegadministrasjon medfører at SVV utfører både riksvegoppgåver for staten og fylkesvegoppgåver for fylkeskommunane.

Ordninga med sams vegadministrasjon har fungert i lang tid, første gang etablert som ei forsøksordning i Nordland på 1860-talet., I dag er ordninga heimla i veglova § 10 andre ledd. Føremålet med ordninga har vore effektiv ressursutnytting, noko som også var grunnlaget for å vidareføre ordninga med sams vegadministrasjon etter omklassifisering av riksvegar til fylkesveg i 2010.

Vegavdelingane i regionvegkontora tek vare på det operative ansvaret på fylkesvegnettet i tett samarbeid med dei andre avdelingane på regionvegkontora. Vegavdelingane og dei andre avdelingane på regionvegkontoret utfører oppgåver etter veglova både på riksveg og fylkesveg.

Etter veglova er regionvegsjefen med tilhøyrande administrasjon sams vegadministrasjon for riksveg og fylkesveg på regionalt nivå og utfører riksvegoppgåver for staten og fylkesvegoppgåver for fylkeskommunen.

Vegdirektøren i Statens vegvesen og regionvegsjefane har ansvar for at sams vegadministrasjon er i stand til å utføre både riks- og fylkesvegoppgåvene effektivt og nyttar ressursar i heile organisasjonen. Dei fleste einingane på regionvegkontoret utfører både riksvegoppgåver og fylkesvegoppgåver – også dei fylkesvise vegavdelingane.

Fylkeskommunen dekker utgifter til fylkesveg med unntak av utgifter til del av sams vegadministrasjon som vert dekt av staten etter veglova §19. Fylkeskommunen er eigar av fylkesveg med eigaren sine rettar, plikter og ansvar.

Fylkesvegoppgåvene som regionvegsjefen utfører for fylkeskommunen blir i stor grad fastsett gjennom rammeavtalar og årlege leveranseavtalar. Avtaleverket inneheld m.a. finansiering, fullmakter og andre rammer for Statens vegvesen sitt arbeid med oppgåvene. I tillegg gå det fram av avtaleverket krav til rapportering, styringsdialogar og anna samhandling for å følgje opp fylkesvegoppgåvene.

Det er fylkeskommunen som vegmynde som har ansvaret, sjølv om regionvegsjefen utfører oppgåvene. Regionvegsjefen må likevel sørge for at arbeidet som vegkontoret utfører for fylkeskommunen, vert utført innanfor ramma av lov, forskrift og anna regelverk som fylkeskommunen er forplikta til å følgje.

Statens vegvesen sine roller og oppgåver – kva er fylkesvegoppgåvene?

Statens vegvesen har tre ulike roller: fagorgan, myndigheitsorgan og veg- og vegtrafikkforvaltar. Når Statens vegvesen utfører oppgåver på vegne av fylkeskommunen, er dette i hovudsak som veg- og vegtrafikkforvaltar.

Oppgåver knytt til sektoransvaret som fagorgan er statlege oppgåver som ikkje er aktuelle å overføre til fylkeskommunane. Ei overføring av fylkesvegoppgåvene eller veglova kan medføre behov for endring i korleis Statens vegvesen skal arbeide med sine sektoroppgåver. Eit viktig døme på dette er Statens vegvesen sitt sektoransvar for trafikktryggleik.

SVV er eit myndigheitsorgan både etter veglova og vegtrafikklova. Dei gjer einskildvedtak, godkjenner tekniske konstruksjonar og fastset forskrift og normalar. Dette er oppgåver som i hovudsak ikkje er aktuelle for overføring. Døme på dette er vegnormalar, bruforskrifta, tunneltryggleiksforskrifta og vegdataforskrifta. Vidare gjeld dette oppgåver på trafikant- og køyretoyområdet. Derimot er det naturleg at t.d. fylkeskommunen som vegforvaltar har ansvar for utarbeiding av skiltplanar og arbeidsvarslingsplanar som vegforvaltar/entreprenør skal sende til vedtaksmynden for godkjenning.

Veg- og trafikkforvaltaroppgåvene er i stor grad oppgåver knytt til å utgreie, planleggje, byggje, forvalte, drifte og vedlikehalde veg. Fylkeskommunane har ansvar for dette i dag for fylkesveg, men oppgåvene blir stort sett utført av Statens Vegvesen gjennom Sams vegadministrasjon.


Forvaltingsoppgåvene er eit vidt spekter av oppgåver som krev mykje ressursar og som er viktig for trafikksikkerheit. Typiske forvaltningssaker som vedtak etter veglova eller fråsegner til plan- og bygningslova er avgjerder med krav til rettstryggleik og likebehandling med klåre tidsfristar.

Oppgåvene som vegtrafikkforvaltar er knytt til trafikken på vegane:

- Korleis trafikken skal styrast ved planlagde drifts- vedlikehaldstiltak.
- Beredskapsløysingar som gjer det mogleg å ta raske avgjerder om styring av trafikken ved hendingar.
- Informasjon til trafikantane.

I vegtrafikkforvaltninga står vegtrafikksentralane (VTS) og Nasjonal vegdatabank (NVDB) sentralt. Det er lagt til grunn at desse oppgåvene framleis skal liggje til Statens Vegvesen. Fylkeskommunane har eit delansvar for dataleveransar til NVDB og for kommunikasjon med VTS om vegmeldingar. Det må trekkast opp klåre grensliner mellom Statens vegvesen sitt ansvar for vegtrafikken gjennom NVDB og VTS og fylkeskommunane sitt ansvar for vegkantustyr og dataleveransar gjennom elektroniske installasjonar og registreringar. Utviklinga av intelligente transportsystem (ITS) gir eit aukande behov for samordning av vegtrafikkforvaltning/trafikkstyring og vegforvaltaransvaret.

Her beskrives de oppgaver etter vegloven som hører til ansvaret for å eie/ forvalte en veg (riksveg eller fylkesveg). De oppgavene som Statens vegvesen har som sektormyndighet og vedtaksmyndighet etter vegtrafikkloven er ikke med.



Ressursbruk

Statens vegvesen har kartlagt og berekna ressursbruk for oppgåver etter veglova til fylkesvegar i perioden 2015-2017. Statens vegvesen legg til grunn at 1650 heile stillingar er aktuelle for overføring til fylkeskommunane. For Vestland fylkeskommune utgjør dette 263 heile stillingar frå Statens vegvesen.

Statens vegvesen si tilråding etter Stortinget sitt oppmodingsvedtak

Statens vegvesen har vurdert løysingar basert på Stortinget sitt oppmodingsvedtak om overføring av fylkesvegadministrasjonen frå Statens vegvesen til dei ti nye fylkeskommunane. I mandatet er det føresett at det gjeld alle fylkesvegoppgåver etter veglova som Statens vegvesen i dag utfører for fylkeskommunane: utgreiing, planlegging, bygging, forvaltning, drift og vedlikehald. Vidare er det lagt til grunn at Statens vegvesen framleis skal ha ansvar for riksvegoppgåvene og nasjonale oppgåver knytt til vegtransport og sektoransvar. Det betyr m.a. Statens vegvesen framleis skal ha ansvar for Nasjonal vegdatabank (NVDB) vegtrafikkcentralane (VTS) og utøving av mynde etter vegtrafikklova.

Statens vegvesen sine vurderingar

Dette kapittelet gir ei oppsummering av Statens vegvesen sine vurderingar om løysing for overføring av fylkesvegadministrasjonen frå Statens vegvesen til dei ti nye fylkeskommunane, jf. kap. 5 i utgreiinga.

Modellar for fellesressursar

Overføring av fylkesvegadministrasjon frå Statens vegvesen til ti fylkeskommunar kan medføre effektivitetstap, splitting av fagmiljø og kompetansemangel. For å motverke eller redusere slike følgjer er det vurdert om det kan det være føremålstenleg å etablere felles ressurseiningar.

Det har i arbeidsmøte i samband med utgreiinga vore uttrykt ein samstemt skepsis til slike forpliktande fellesløysingar frå både fylkeskommunane, Difi og Statens vegvesen. Dette vil likevel ikkje seie at fellesløysingar ikkje kan vere aktuelle, men dei må vere basert på frivilligheit mellom vegadministrasjonane der ein ser klare gevinstar med eit formalisert samarbeid.

Vurdering av nasjonal beredskap

Det blir lagt til grunn at det er behov for nasjonale løysingar for beredskap knytt til bru og reservebrumateriell. Det er også nødvendig med faglege ekspertressursar som kan gå inn og vurdere tryggleik på veg i samband med naturhendingar som skred og flaum.

Statens vegvesen tilrår at desse beredskapsressursane blir organisert som ein del av Statens vegvesen og blir stilt til disposisjon for fylkeskommunane ved større hendingar som truar liv og helse eller viktige samfunnsfunksjonar.

Vurdering av utgreiings- og planleggingsoppgåvene

Det er lagt til grunn at det ikkje vil vere særlege kontraktsmessige utfordringar med overføring til fylkeskommunane. Planlegging krev mange ulike typar av ressursar.

Fylkeskommunane må sikre seg tilsvarende kompetanse i planprosjekta gjennom eigne tilsette, konsulentkjøp eller i eventuelle felles ressurseiningar med andre fylker. Utgreiinga peiker på at det kan vere utfordrande for fylkeskommunane å skaffe seg denne kompetansen, og at dagens fagmiljø kan bli splitta opp.

Det kan vere aktuelt å inngå avtaler om at Statens vegvesen slutfører pågåande prosjektarbeid som går over årsskiftet 2019-20.

I bypakkar/byvekstavtalar inngår både riks- og fylkesvegprosjekt. Det vert det lagt til grunn at avklaring av ansvar for oppgåveutføringa vert løyst innanfor gjeldande styringsstruktur.

Vurdering av investeringsoppgåvene

Utgreiinga konkluderer med at det ikkje vil vere store utfordringar med overføring. Fylkesvegprosjekta er i dag i stor grad prosjektorganisert på regionvegkontora sine fylkesvise vegavdelingar. Dette er små prosjektorganisasjonar som må innhente naudsynt fagkompetanse ved regionvegkontoret eller i

Vegdirektoratet. Ved overføring av vegadministrasjonen må fylkeskommunane sikre seg tilsvarende kompetanse.

Oppsplitting av utføreroppgåvene vil gi behov for auka ressursar til gjennomføring av investeringsprosjekt – samla sett for fylkeskommunane og Statens vegvesen.

Det kan vere aktuelt å inngå avtaler om at Statens vegvesen slutfører pågåande investeringsprosjekt som går over årskiftet 2019-20.

Vurdering av forvaltningsoppgåvene

I forvaltninga av vegnettet har Statens vegvesen ein utstrekt samfunnskontakt, og representerer i så måte staten og fylkeskommunane si «førstelinje». For å kunne forvalte vegnettet tilfredsstillande og til det beste for fellesskapet, har saksbehandlarane kontakt med kommunar, andre statlege sektorstyresmakter, utbyggjarar, naboar til vegen og brukarar av vegen (trafikanter).

Mange av forvaltningssakene er behandling av saker etter veglova, og kor det ofte vert gjort enkeltvedtak etter forvaltningslova. Det er også saksbehandling etter plan- og bygningsloven, der Statens vegvesen ofte er høyringsinstans. Det er også mange forvaltningsoppgåver som ikkje følgjer direkte av veglova, men som er viktige for å kunne ivareta vegeigaransvaret på ein tilfredsstillande måte.

Forvaltningsoppgåvene omfattar også inspeksjon av bruer og andre bærande konstruksjonar, tunnelforvaltning (inkludert inspeksjonar, øvingar og samarbeid med kommunal brannmyndigheit), utarbeide risiko og sårbarheitsanalysar for eige vegnett, forvalte vegutstyr, gjennomføre registreringar for driftskontraktar og levere data til Nasjonal vegdatabank.

Det er nære koplingar mellom forvaltning og dei andre oppgåveområda: planlegging, bygging, drift og vedlikehald. Forvaltningssakene krev kapasitet, kompetanse og kontinuitet for å kunne oppretthalde nødvendig produksjon i forhold til tidsfristar og ein effektiv behandling av private og offentlege utbyggingssaker. Ved overføring av fylkesvegadministrasjonen er det derfor viktig at Statens vegvesen og fylkeskommunane innrettar seg slik at det totalt sett ikkje oppstår stor kapasitets- og kompetansebrist i overgangsfasen.

Vurdering av driftsoppgåvene

Statens vegvesen meiner splitting av drift vil føre til ein heilt ny situasjon i forhold til dagens marknad og opplegget for felleskontraktar for riks- og fylkesveg. Vidare utløyser det spørsmål om korleis kontraktar som gjeld over 1.1.2020 skal handterast. Det er av praktiske og økonomiske omsyn uaktuelt å avlyse inngåtte kontraktar. Det vert hevda at det er stor usikkerheit om konsekvensane.

For dei felles driftskontraktane som gjeld over 1.1.2020, vil det derfor være behov for ei overgangsordning inntil 1.9.2024, fordi Statens vegvesen meiner at overgangsordninga bør være basert på at eksisterande kontraktar i hovudsak vidareførast til utløp utan endring i byggherreoppfølging.

Statens vegvesen meiner vidare at det er behov for avklaringar om framtidig kontraktsopplegg både for riksveg og for fylkesvegane, samt vurderingar om korleis entreprenørmarkanden vil respondere på endringane. Utan slike avklaringar og vurderingar er det stor usikkerheit om konsekvensane av å splitte drift.

Med den kompleksiteten og økonomiske usikkerheita som er for dei fleirårige driftskontraktane, meiner Statens vegvesen at det ikkje er forsvarleg å gjere eit endeleg vedtak om overføring før det er gjennomført meir omfattande vurderingar. Vurderingane bør skje i samarbeid mellom Statens vegvesen og fylkeskommunane, og med medverknad frå entreprenørbransjen. Arbeidet bør vere gjennomført innan hausten 2019, slik at vedtak kan innarbeidast i kommuneøkonomiproposisjon for 2021.

Ein del forvaltningsoppgåver er vurdert å vere så viktig for drift av vegnettet at desse ikkje bør skiljast frå driftsansvaret. Det må vurderast meir detaljert kva forvaltningsoppgåver som må haldast saman med driftsoppgåvene og kva som kan overførast til fylkeskommunane frå 1.1.2020.

Andre driftsoppgåver

For straumavtalane bør det gjennomførast eit eige arbeid for å avklare korleis avtalane skal splittast/handterast. Det er også mange veglysanlegg der det juridiske eigarskapet er uavklart/omstridt. Dette er utfordringar som bør løysast før 1.1.2020.

Vegmerking vert vanlegvis gjennomført som 1 eller 2- årige kontraktar for et samla riks- og fylkesvegnett, og bør koordinerast med asfaltkontraktane. Desse oppgåvene kan splittast for riks- og fylkesveg, med mindre konsekvensar enn for driftskontraktane.

Vurdering av vedlikehaldsoppgåvene

Vedlikehaldsoppgåvene er av ulik karakter. Lettare vedlikehald inngår i stor grad i driftskontraktane. For tyngre vedlikehaldsoppgåver er vurderingane som for investeringsoppgåvene omtalt over. I tyngre vedlikehald inngår: vegdekkevedlikehald (asfaltering), forsterkning av veger, vedlikehald av bruer og andre konstruksjonar, tunnelvedlikehald, mindre utbetring på vegnettet og tilhøyrande konstruksjonar, utstyr og sideterreng. Omtalen vidare er avgrensa til dekkevedlikehaldet og asfaltmarknaden, kor det er nokre forhold som det er viktig å være merksam på.

Asfaltkontraktane er vanlegvis eittårige felleskontraktar for riks- og fylkesveg. Varigheit gjer at det ikkje vil være behov for eigne overgangsordningar ved ei splitting mellom riks- og fylkesveg.

Statens vegvesen peikar fleire forhold som kan gi risiko for auka prisar på asfaltkontrakter t.d.

- større variasjon når fleire vegadministrasjonar skal utforme og handtere i kontraktane
- mindre moglegheit for samordning ved splitting av kontraktane for riks- og fylkesveg
- byggherremiljøa kan bli små i forhold til entreprenørane

Nødvendige lov- og regelendringar

Overføring av fylkesvegadministrasjon frå Statens vegvesen til fylkeskommunen krev endringar i veglova. Det er også behov for ei ny overføringslov for å ivareta behovet Statens vegvesen og fylkeskommunane har for kapasitet og kompetanse i ein overgangsfase og nokon år fram i tid

I utgreiingsarbeidet har det blitt peikt på nokre andre moglege endringsbehov som har blitt aktualisert ved overføring av vegadministrasjon:

- Endringar i veglova med sikte på større fleksibilitet når det gjeld organiseringa av Statens vegvesen.
- Endringar i vegdataforskrifta eller ei ny vegdatalov for å tydeleggjere ansvar, eigarskap og bruk av vegdata.
- Endringar i myndigheitsforhold i skiltforskrifta etter vegtrafikklova.
- Ein ny gjennomgang av behovet for statlege føringar (fleire bindande krav til standard). Eit slikt arbeid blei gjennomført i forbindelse med forvaltningsreforma i 2010, men blei ikkje følgd opp vidare – m.a. grunna i at sams vegadministrasjon motverkar uheldige standardval og standardsprang.
- Ei ny vurdering av Vegtilsynets verkeområde. I dag blir det ført tilsyn med Statens vegvesen og Nye Veier AS på riksveg. Med dagens sams vegadministrasjon har tilsynet med Statens vegvesen på riksveg også ei indirekte betydning for fylkesveg.

Dette er moglege endringsbehov som krev meir omfattande vurderingar enn det som har vært mogleg innanfor ramma av Statens vegvesen si utgreiing, og som strengt tatt ikkje er nødvendige for å gjennomføre Stortinget sitt oppmodingsvedtak.

Statens vegvesen sitt forslag til gjennomføring

Overføring av tilsette

Overføringa er ikkje vurdert å vere ei verksemdoverdraging i arbeidsmiljølova si forstand, grunna at dei fleste medarbeidarar har arbeidsoppgåver både knytt til fylkesveg og riksveg. Det er eit mogleg unnatak av medarbeidarar som arbeider i prosjekt på fylkesveg som er organisert i ein stabil organisasjon. Statens

vegvesen meiner det er naudsynt å lovfeste nokre rammer for arbeidet, først og fremst at fylkeskommunane må bli pålagd ein plikt til å tilby eit tilsvarande tal stillingar (omrekna til årsverk) som Statens vegvesen bruker på fylkesvegoppgåver. Dei tilsette personane som det gjeld, bør fortsett ha ein rett til å utføre arbeidsoppgåvene. Dei eventuelle endringsønskje fylkeskommunane har for utføring av dei nye oppgåvene, kan gjerast etter overføring. I tillegg at dei som minimum får med seg sin årsløn med faste tillegg, samt ansiennitet. Dei må også få same vern og kome inn under dei same lovnader som dei tilsette i fylkeskommunane har fått, og følgje løns- og arbeidsvilkåra i fylkeskommunal sektor. Ut i frå dette føreslår Statens vegvesen følgjande at det i lov blir gitt heimel til:

- At fylkeskommunane skal gjennom lov bli pålagd ein plikt til å tilsette frå Vegvesenet.
- Unntak frå reglene om offentleg utlysing og kvalifikasjonsprinsippet.
- Heimel om forskrift om gjennomføring.
- Heimel for å regulere tilsette sine individuelle rettigheter.

Arkiv, system og verktøy

Overføring vil krevje at fylkeskommunane får tilgang til informasjon i saksystem og arkiv, samt diverse datasystem. Det er identifisert rundt 130 ikt-løysingar eller standard programvare som er nytta i regioner i samband med sams vegadministrasjon.

For system og verktøy blir det skilt mellom:

- System som framleis skal liggje til Statens vegvesen, men som fylkeskommunen gir informasjon til /har lesetilgang til. Døme på dette er Norsk System som Statens Vegvesen sin Vegdatabase.
- System som SVV kan gjerast tilgjengeleg for fylkeskommunane.
- Standard programvare

Økonomiske og administrative konsekvensar

Ressurskartlegginga (kapittel 4.4) viser at Statens vegvesen i 2017 brukte 1 600 årsverk tilsvarande 1650 heile stillingar, til fylkesvegoppgåvene som er aktuelle å overføre. Dersom overføring av driftskontraktane vert utsett, har Statens vegvesen berekna ressursbruken til 1191 heile stillingar som kan overførast til fylkeskommunane i 2020.

Midlar til planlegging, drift og vedlikehald av vegnettet ligg allereie inne i fylkeskommunen sitt budsjett.

Når det gjeld marknadsvurderingar, blir det vist til ein rapport om moglege samfunnsøkonomiske konsekvensar av oppheving av sams vegadministrasjon (Menon Economics AS):

«Vår samlede vurdering av omstillingskostnadene er at overføring av driftskontrakter og utarbeidelse av nye IKT-løsninger potensielt kan bli kostbart, i tillegg til at effektiviteten og kvaliteten i oppgaveløsningen kan bli vesentlig redusert. På lang sikt er det potensiale for vesentlige samfunnsøkonomiske kostnader. Vi vil heller ikke utelukke at de langsiktige virkningene i sum blir positive. Det avhenger av om fylkeskommunene klarer å få realisert de potensielle gevinstene ved omorganiseringen og begrense de samfunnsøkonomiske kostnadene.»

I rapporten blir det vidare hevda at den største usikkerheita knyter seg til marknadsvurderingane om korleis entreprenørmarknaden vil reagere på ein overgang frå Statens vegvesen til ti fylkeskommunar og Statens vegvesen som oppdragsgjevarar for dei same oppgåvene.

Det vert vidare vist til eit mogleg tap av tilgang på fagkompetanse til planlegging og prosjektering av investeringsprosjekt. Det blir hevda at det kan bli eit effektivitetstap om omfang av konsulentkjøp aukar. Det blir vidare hevda at overføring av driftskontraktar kan føre til auka ressursbruk grunna fleire til å følgje opp kontraktar, og til at det kan vere vanskeleg å lage rasjonelle kontraktsoner for eit splitta vegnettet. Vidare kjem utgifter til lisensar osb.

Rapporten anslår omstillingskostnadene hjå SVV til 80-500 mill. kr, og hjå fylkeskommunane samla til 80-450 mill. kr.

Framdriftsplan for gjennomføring

Når	Hva	Hvem
Innen utgangen av 2018	Forslag til organisering av SVV	SVV
Innen februar 2019	Beslutning om organisering i FK	FK
Innen juni 2019	Vedta overføringslov og endring i vegloven, med iverksetting samtidig	Stortinget
Juni 2019	Vedta forskrift til veglov og overføringslov	Regjeringen
Sommer 2019	Beslutte innplassering av berørte medarbeidere	SVV og FK
Innen august 2019	Gjennomføre alle avklaringer og inngå avtaler	SVV og FK
Høst 2019	Utredning om konsekvenser av oppsplitting av driftskontraktene	SVV

Vidare avklaringar

Avklaringar for system:

- Avklaringar om system og verktøy
- Rekneskapsmessig handtering ved årsskiftet 2019-2020 og endringar etterpå
- Opprydding diverse system som strømaabonnementar for riks- og fylkesveg og fylkesvegeigedomar.

Avklaring av fordeling av ansvar mellom Statens vegvesen og fylkeskommunane:

- Samfunnstryggleik og beredskap på lokalt nivå
- Trafikktryggleiksarbeid på lokalt nivå
- Trafikkteljing, verstasjonar – ansvar for punkt som ikkje inngår i nasjonalt nett
- ITS-installasjonar
- Ansvarsfordeling i praksis knytt til vegdataforskrift, tunnelforskrift og bruforskrift
- Vurdere naudsynte lovendringar i vegtrafikklova og eventuelt andre lovar
- Eventuell ny vurdering av inndelingar i vegnettet i riks- og fylkesveg.
- Motiv-utrekningar på fylkesveg

Avgjere samarbeidsrutinar mellom Statens vegvesen og fylkeskommunane:

- Avtalar om bruberedskap og bistand ved naturhendingar.
- Format og rutinar for fylkeskommunenes levering av data til NVDB etter vegdataforskrifta.
- Inngå avtalar om byggherrevakt, informasjonsrutinar og kommunikasjon med VTS.
- Avtale rutinar for saksgang og informasjon rundt vedtak etter vegtrafikkloven.
- Avtale informasjons- og samarbeidsrutinar innanfor alle typar forvaltningssaker.
- Avtale form og innhald for samarbeidet om utvikling av kontraktstrategiar og naudsynte avgjerder i overgangsperioden for driftskontraktane.

Det vil også vere behov for å endre arbeidsmåtar knytt til samhandling om nasjonale samferdselsoppgåver.

Fylkesrådmannen sine samla vurderingar

Saka er utarbeidd i fellesskap samferdsleavdelingane i Sogn og Fjordane og Hordaland.

Sams vegadministrasjon

Fylkeskommunane og Statens vegvesen arbeider kontinuerleg med å vidareutvikle samarbeidet knytt til sams vegadministrasjon. Samstundes opplever fylkesrådmannen at samarbeidet i nokre saker blir byråkratisk og unødig tungvint med dagens ordning. Dette gjeld spesielt knytt til bestilling og utføring av planprosjekt, samt rapportering. Det er også vanskeleg å få til ein tilstrekkeleg god styring av prosjekt og tiltak frå fylkeskommunen si side når gjennomføringa ligg til eit anna organ. Å få til ein tilstrekkeleg god forståing og kontakt mellom fagnivå i Statens vegvesen og politisk og administrativ nivå i fylkeskommunen er og ei utfordring. Dette er i lita grad omtalt i utgreiinga. Det er heller ikkje teke med at overføringa kan gje grunnlag for effektivisering og ei oppgåveløysing som er i større grad i tråd med regionale prioriteringar enn slik det er i dag. Fylkesrådmannen meiner det ligg eit innsparingspotensiale ved at det organet som har ansvar for forvaltninga også har dei tilgjengelege ressursane. Det er mellom anna eit potensiale at i arbeidet med å planlegge nye vegtiltak på fylkesvegnettet kan ein i større grad ta omsyn til at prosjekta er økonomisk gjennomførbare.

Modellar for fellesressursar

For å motverke eller redusere eventuelle effektivitetstap, splitting av fagmiljø og kompetansemangel som følgje av overføring av sams vegadministrasjon, er det vurdert om det kan det vere føremåls-tenleg å etablere felles ressurseiningar. Fylkesrådmannen er samd i vegdirektøren si vurdering om det ikkje aktuelt med forpliktande felles ressurseiningar.

Nasjonal beredskap

Fylkesrådmannen er samd i vegdirektøren si vurdering om at det er behov for nasjonale løysingar for beredskap knytt til bru og reservebrumateriell, samt at det er nødvendig med faglege ekspertressursar som kan gå inn og vurdere tryggleik på veg i samband med naturhendingar som skred og flaum.

Fylkesrådmannen sluttar seg til tilrådinga om at desse beredskapsressursane blir organisert som ein del av Statens vegvesen og at dei vert stilt til disposisjon for fylkeskommunane ved større hendingar som truar liv og helse eller viktige samfunnsfunksjonar.

Utgreiing og planlegging

Fylkesrådmannen ser at det kan vere utfordringar med ei eventuell oppsplitting av fagmiljøet, men viser til at fylkeskommunane har eit planfagleg miljø i dag og at det er store fagmiljø tilgjengeleg i konsulentmarknaden. Fylkeskommunen er ein stor kjøpar av varer og tenester og har god kompetanse for bestilling og kjøp av tenester i dag.

Investeringar

Fylkesrådmannen viser til at Vestland fylkeskommune vil ha ein stor prosjektportefølje som skal realiserast, og ser det ikkje som problematisk med å vidareføre ein etablert prosjektorganisasjon.

Forvaltning

Fylkesrådmannen ser ikkje særslide utfordringar knytt til overføring av forvaltningsoppgåvene. Det vil bli viktig at Statens vegvesen og fylkeskommunen innrettar seg slik at nødvendig produksjon kan oppretthaldast i overgangsfasen.

Drift- og vedlikehald

Fylkesrådmannen meiner det bør vere mogleg med ei gradvis deling i byggherre-oppfølgjing etter kvart som kontraktane går ut. Det verker også lite hensiktsmessig om fylkeskommunane skal ha ansvar for investering og vedlikehald, mens Statens vegvesen har ansvar for drift av vegnettet. Totalansvarsprinsippet må gjelde. Det er behov for å greie ut dette vidare, men arbeidet må ta som utgangspunkt at drift og vedlikehald blir overført gradvis.

Fylkeskommunane må involverast i det vidare arbeidet for å sikre gode overgangsordningar og praktiske samarbeidsformer for driftskontraktar som går lengre enn 01.01.2020. Arbeidet med overføringa må sikre at fylkeskommunen får overført kompetanse, m.a. med gradvis overføring av tilsette som skal følgje opp drift og vedlikehald, og tilsette for utarbeiding av nytt konkurransegrunnlag etter kvart som gjeldande driftskontraktar vert fasa ut. Det vil og vere viktig med fagleg samarbeid og erfaringsutveksling fylkeskommunane seg imellom og med SVV for å sikre høg fagleg kompetanse. SSV bør i samarbeid med fylkeskommunane ha ansvar for å utarbeide rettleiande normer for kontraktsmalar og for anbudsutlysingar. Med dette bør mykje av eventuell usikkerheit i marknaden bli redusert.

Fylkesrådmannen vil elles peike på at overføring gir moglegheit for større grad av tilpassing av standard i forhold til kvaliteten på vegane, optimale kontraktområde, bruk (behov, ÅDT osv.). Fylkeskommunane og Statens Vegvesen vil framleis kunne lyse ut felleskontraktar der dette er føremålstenleg og det er semje om byggherreoppfølging.

Lov og regelendringar

Fylkesrådmannen er stort sett samd i behovet for lovendringar, men vil peike på at fylkeskommunen må ha heimel til å fastsetje standardkrav med grunnlag i trafikkgrunnlag og andre behov. Fylkesrådmannen meiner også at fylkeskommunane bør få større mynde i forhold til skiltforskrifta.

Overføring av tilsette

Fylkeskommunane har i dag høg kompetanse på ei rekkje samanfallande og komplementære fagfelt, men treng å supplere dette. Det vil likevel vere eit stort behov for å bli tilført personell og kompetanse frå Statens vegvesen for utføring av fylkesvegoppgåvene. Særleg gjeld dette kompetansen som ligg i vegavdelingane i Statens vegvesen på drift og vedlikehald av vegnettet.

Fylkesrådmannen registrerer at overføringa truleg ikkje høyrer inn under reglane om verksemdsoverdraging i arbeidsmiljølova. Det kan då vere fornuftig at det vert ei eiga overføringslov. Vegsjefen si tilråding om at fylkeskommunane skal vere pliktig til å tilby eit tilsvarande tal stillingar som Statens Vegvesen nyttar i dag verkar derimot underleg og unødig. Fylkeskommunane må stå fritt til å dimensjonere og organisere sin organisasjon i høve til oppgåveportefølje og til å velje mellom å bruke eigne medarbeidarar eller kjøpe inn tenester i marknaden. På den måten kan fylkeskommunen organisere drifta på den måten dei finn det føremålstenleg for å sikre ein effektiv drift.

Fylkesrådmannen forventar at fylkeskommunane og KS vert involvert heilt og fullt i ei eventuell vurdering om ei mogleg overføringslov for overgang av tilsette. Ein eventuell overføringslov må både tilfredstille fylkeskommunen sitt behov for relevant kompetanse, og å sikre at overtalige arbeidstakarar i SVV får arbeid. Lova bør ikkje innehalde forpliktingar som medfører at fylkeskommunen får overført fleire enn det er behov for, eller arbeidstakarar med anna kompetanse enn det er behov for.

Fylkesrådmannen er elles samd i at det er behov for regulering av dei tilsette sine individuelle rettar. Fylkeskommunane er store og profesjonelle arbeidsgjevarar. Tilsette i vegvesenet vil få gode arbeidsgjevarar i fylkeskommunane. I det vidare arbeidet vil det vere særleg viktig å legge til rette for at tilsette kan overførast til fylkeskommunane på en hensiktsmessig måte.

IKT støttesystem

Fylkesrådmannen vil peike på at det vil vere eit stort arbeid å innføre og tilpasse dei ulike IKT-systema. Det må avklarast kva for system som skal innførast, og kva for system som fylkeskommunen brukar i dag, som kan nyttast også for personell i sams vegadministrasjon. Det må tilførast midlar til fylkeskommunane for å dekkje opp kostnaden ved overføring av system og arkiv.

Fylkesrådmannen viser til at fylkeskommunalt IT-sjefskollegium har drøfta sams vegadministrasjon og ser det som hensiktsmessig å samarbeide for felles løysingar for sams. Det blir etablert eit felles prosjekt som skal sjå på kva fylkeskommunane skal gjere felles og samarbeide om i sams med omsyn til ikt-løysingar og digitalisering. I samarbeid med arbeidsutvalet for kollegiet vil prosjektgruppa lage ei felles innstilling frå IT-sjefane til FRAU/fylkesrådmannskollegiet om at IT-delen av sams må vere ein sentral del av prosjektet. Det skal arbeidast for felles IT-løysingar i alle fylkeskommunane.

Økonomiske og administrative konsekvensar

Utrekningane for omstillingskostnadene tek ikkje omsyn til vinstar ved overføring av sams vegadministrasjon til fylkeskommunane. Det føregår ein del dobbeltarbeid, og det er utfordrande styringsliner for arbeidet. Fylkesrådmannen meiner det er eit stort potensiale for innsparingar i administrasjon ved ei einskapleg organisering av fylkesvegane.

Fylkesrådmannen er ikkje nødvendigvis samd i at kostnadane vil auke med konsulentkjøp. Ved ei fornuftig bruk at innkjøpte tenester, meiner fylkesrådmannen at tiltak kan til planleggast meir rasjonelt enn i dag. Vår erfaring tilseier at SVV gjennom å bruke interne ressursar bidreg til eit høgt kostnadsnivå. Det er for

lang avstand mellom planlegging og økonomiske rammevilkår på fylkesvegar. Utbygging må planleggjast i nær samanheng med behov, trafikkgrunnlag og økonomiske ressursar.

Det er truleg også ved nokre prosjekt mogleg å spare inn midlar gjennom i større utstrekning bruke av kjøp ved forhandlingar meir enn det som til no har vore vanleg i SVV. Med denne konkurranseforma kan løysingar truleg bli planlagd rimelegare og meir effektivt. Hordaland fylkeskommune har god erfaring med dette frå Bybanen utbygging, og vi ser tilsvarande erfaringar frå Nye Vegar AS.

Det er grunn til å følgje med på effektane i leverandørmarknadane. Fylkesrådmannen kan likevel ikkje sjå at innkjøp til 10 fylkeskommunar vil medføre store konsekvensar i marknaden. Volumet av innkjøp kan forventast å vere uendra, og fylkeskommunane har høg innkjøpskompetanse i dag. Det kan vere vere naturleg med samarbeid mellom fylkeskommunane om stor grad av standardisering av kontraktar. Statens Vegvesen kan og ha ei rolle i å utarbeide framlegg til malar for anskaffingar med sikte på å ta ut effektivitetsvinstar.

Konkurransetilsynet må ha ei viktig rolle for å følgje opp at marknaden fungerer. Samstundes finn fylkesrådmannen grunn til å minne på at fylkeskommunane er store kjøparar av varer og tenester i dag, og har høg innkjøpsfagleg kompetanse.

Det vil vere særst viktig at staten overfører tilstrekkelege ressursar til fylkeskommunane til dekning av oppgåveoverføringa. Vi ber regjeringa om å gjere nye utrekningar av dei økonomiske konsekvensane der det også blir tatt tilstrekkeleg høgde for tal årsverk, andre driftskostnadar og omstillingskostnadane. Dei budsjettmessige konsekvensane må bli innarbeidd i fylkeskommunane sitt inntektssystem.

Framdriftsplan for gjennomføring

Den skisserte framdriftsplanen for den vidare prosessen er, etter fylkesrådmannen si vurdering, eit godt grunnlag for det vidare arbeidet med overføring av sams vegadministrasjon. Det er viktig å starte arbeidet no. Fylkesrådmannen viser til at det vert utarbeidd eit eige delprosjektområde under fylkessamanslåing for Vestland fylkeskommune knytt til overføring av sams vegadministrasjon. Prosjektet skal vere klart for oppstart like over sommaren.

Vidare avklaringar

Dei områda som krev avklaringar, er av ulik omfang og i ulik grad kritiske for overføring av sams vegadministrasjon til fylkeskommunane. Fylkesrådmannen meiner dette er krevjande, men at det er mogleg å gjennomføre og er innstilt på å leggje til rette for dette. Dette må skje i ein nær dialog mellom fylkeskommunane og Statens Vegvesen.

Regjeringa vil handsame Stortinget sitt oppmodingsvedtak om overføring av fylkesvegoppgåvene i sams vegadministrasjon i samband med statsbudsjettet for 2019, som blir lagt fram for Stortinget 9. oktober. Stortinget vil gjere vedtak i desember 2019. Førebuingsarbeidet må likevel starte opp no, og fylkesrådmannen legg til grunn at det vert gjennomført eit eiga delprosjektområde for overføring av sams vegadministrasjon i arbeidet med etablering av Vestland fylkeskommune.

Utgreiing etter utredningsinstruksen

Etter fylkesrådmannen si vurdering undervurderer utgreiinga og tilrådingane etter utredningsinstruksen dei positive effektane knytt til ei overføring og fokuserer på dei negative. Fylkesrådmannen meiner det ikkje er grunnlag for å vidareføre sams vegadministrasjon. Statens vegvesen si tilråding etter utredningsinstruksen om ein modellen med eit forbetningsarbeid ikkje er noko godt alternativ, då sams vegadministrasjon uansett vil vere eit brot på totalansvarsprinsippet.

Konklusjon

Fylkesrådmannen meiner at rapporten frå Statens Vegvesen i hovudsak inneheld eit godt grunnlag for overføring av fylkesvegadministrasjonen i sams vegadministrasjon til fylkeskommunane. Overføringa er krevjande, og krev utgreiing av ei rekkje spørsmål. Samstundes ber rapporten preg av problematisering av overføringa. Fylkeskommunane er store organisasjonar med høg kompetanse på mange felt. Oppgåvene vil bli vidareført på ein god måte, og gir moglegheit for å gjere nokre endringar i korleis oppgåveløysinga vert utført.

Fylkesrådmannen viser til at vegvesenet vurderer overføring av fylkesvegadministrasjonen frå 1. januar 2020 som krevjande, men at ei overføring er mogleg for oppgåvene knytt til utgreiing, planlegging, bygging, forvaltning og vedlikehald. Fylkesrådmannen har forståing for at det vert planlagt eit noko meir omfattande løp med omsyn til driftskontraktar mv. Ei heilskapleg overføring av ansvaret vil likevel vere viktig for at fylkeskommunane skal kunne lukkast i samordnings- og koordineringsrolla. Det er derfor viktig at den vidare oppfølginga knytt til driftsoppgåvene følgjer eit stramt tidsskjema i samarbeid med fylkeskommunane.

Fylkesrådmannen tilrår å støtte overføringa av fylkesvegadministrasjonen i samsvar med Stortinget sitt oppmodingsvedtak. Det regionale folkevalde nivået vil få ei meir heilskapleg rolle som samfunnsaktør ved å sjå verkemiddel og oppgåver i samheng med kvarandre. I tillegg vil fylkeskommunane kunne ta eit meir heilskapleg ansvar for dei enkelte sektorområda ved at virkemidla innan den enkelte sektor vert samla i fylkeskommunen.

Summen av oppgåver som er føreslegne overført til fylkeskommunane vil styrke fylkeskommunane sine moglegheiter til å lukkast i samfunnsutviklarrolla. Forslaga vil også bidra til utvikling av demokratiet på regionalt nivå. Det gir også fylkeskommunen større moglegheit for å styre og kunne fastsetje strategiar innan vegområdet.

PS 198/18 Frå sams og samling - Om konsekvensar ved overføring av fylkesvegadministrasjonen frå Statens Vegvesen til fylkeskommunane - Høyringsfråsegn

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 21.06.2018

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Hordaland fylkeskommune ber om at Stortinget sitt oppmodingsvedtak i juni 2017 (Innst. 385 S 2016 2017) blir følgd opp. Alle oppgåver som sams vegadministrasjon utfører for fylkeskommunen, dvs. utgreiing, planlegging, bygging, forvaltning, drift og vedlikehald skal overførast. Alle oppgåver som vert overført må fullfinansierast. Det er forventa at alle oppgåver, med unntak av drift, vert gjort gjeldande frå og med 01.01.2020. Drift vert overført gradvis etter kvart som nye kontraktar vert lyste ut.
2. Overføring av oppgåvene til fylkesvegadministrasjon til fylkeskommunen er i samsvar med det finansielle ansvarsprinsippet: det forvaltningsnivå som er tillagt ansvar og avgjerdskompetanse for ei oppgåve skal også ha ansvaret for å finansiere utgiftene til oppgåveløysinga.
3. Det regionale folkevalde nivået vil få ein heilskapleg rolle som samfunnsaktør og utviklingsaktør ved å sjå verkemiddel og oppgåver i samanheng med kvarandre. I tillegg vil det regionale folkevalde nivået kunne ta eit meir heilskapleg ansvar ved at verkemidla vert samla i fylkeskommunen.
4. Hordaland fylkeskommune deler ikkje vegdirektøren sine vurderingar i høve drifts- og vedlikehaldskontraktane. Fylkeskommunane må involverast i det vidare arbeidet for å sikre gode overgangsordningar og praktiske samarbeidsformer for driftskontraktar som går lengre enn 01.01.2020. Det må overførast kompetanse og kapasitet til fylkeskommunane for utarbeiding av nytt konkurransegrunnlag etter kvart som gjeldande driftskontraktar vert fasa ut. Kostnadseffektive kontraktar må sikrast gjennom eit samarbeid med SVV og fylkeskommunen
5. Hordaland fylkeskommune deler vurderinga av at det for nokre fagområde vil vere tenleg med nasjonale løysingar. Dette gjeld område med behov for nasjonal samordning og saker som ikkje skal vere ein del av regionalpolitiske vurderingar.
6. Hordaland fylkeskommune meiner det er viktig at fylkeskommunane sjølv har ansvar for organisering og rekruttering av den kompetanse og kapasitet som er nødvendig for å løyse framtidige utfordringar på fylkesvegane, slik at overføringa kan gje grunnlag for effektiv organisering i tråd med regionale prioriteringar.
7. Hordaland fylkeskommune legg til grunn at overføring av oppgåver ikkje høyrer inn under reglane om verksemdsoverdraging i arbeidsmiljølova. Det er forventa at fylkeskommunane og KS vert involvert fullt ut i ei eventuell vurdering om ei mogleg overføringslov for overgang av tilsette. Ein eventuell overføringslov må tilfredsstillе to behov:
 - a. Ivareta fylkeskommunen sitt behov for relevant kompetanse
 - b. Sikre at overtalige arbeidstakarar frå Statens vegvesen får arbeid.Lova bør ikkje innehalde forpliktingar som medfører at fylkeskommunen får overført fleire enn det er behov for, eller arbeidstakarar med anna kompetanse enn det er behov for.
8. Hordaland fylkeskommune ser det som særst viktig at staten overfører tilstrekkelege ressursar til fylkeskommunane til dekning av oppgaveoverføringa. Vi ber regjeringa om å gjere nye utrekningar av dei økonomiske konsekvensane der det også blir tatt tilstrekkeleg høgde for tal årsverk, andre driftskostnadar og omstillingskostnadane. Dei budsjettmessige konsekvensane må bli innarbeidd i fylkeskommunane sitt inntektssystem.
9. Hordaland fylkeskommune legg til grunn at det vert eit samarbeid mellom Statens vegvesen og fylkeskommunane knytt til det vidare arbeidet med overføring av oppgåvene.



Notat

Frå: Fylkesrådmannen

Til: Fellesnemnda

Økonomiplan 2019-2022 - oversikt over investeringsplanar og finansiering

Vedtekne investeringsrammer i økonomiplan 2019-2022 er ei vidareføring og ei oppdatering av økonomiplan 2018-2021, med unntak av eit prosjekt – nytt opplæringsfartøy. I fjor vart det lagt ned eit stort arbeid med å kartlegge investeringsbehov, både på bygg og på fylkesveg (RTP-arbeidet). Vidare prioriterte fylkeskommunen kva prosjekt som det skal investerast i framover. Grunngevinga for dette arbeidet var at investeringsbudsjettet over fleire år, spesielt bygginvesteringar, har vore på eit minimum. Hovudårsaka til dette har vore dei store og naudsynte innsparingane vi har gjort som følgje av endringane i inntektssystemet frå 2015.

Dei siste fem åra (2013-17) har Sogn og Fjordane fylkeskommune hatt ei flat gjeldsutvikling (lånegjeld på 2,3 mrd. kr i 2013 og 2017). Dette er i ein periode med lågt rentenivå og stor investeringsvilje i kommunal sektor.

Salet av Fjord1 har gitt fylkeskommunen eit auka handlingsrom gjennom frigjorte midlar der store delar av dette berre kan nyttast til kapitalføremål (investeringar). Det er føresett at vi skal nytte omlag 1,3 mrd. kr i oppsparte fondsmidlar i åra 2018-22, der salet av Fjord1 utgjer 1,1 mrd. kr. Dette er midlar vi alternativt kunne ha lagt inn i «Sogn- og Fjordanefondet», jf. intensjonsplanen pkt. 7.

Det vert under kort gjort greie for dei ulike delane av samla investeringsbudsjett for Sogn og Fjordane fylkeskommune i åra 2019-2022.

Vedteken økonomiplan 2019-2022 for Sogn og Fjordane fylkeskommune legg til grunn desse investeringsrammene :

	2019	2020	2021	2022	Sum i perioden
Fylkesvegar	443	819	1060	482	2804
Skredsikring fylkesvegar	195	329	421	366	1310
Bygg	517	356	357	310	1540
Sum	1155	1504	1837	1157	5654

Fylkesvegar

Investeringsbeløpa på fylkesvegar er i stor grad knytt til gjennomføring av nokre større prosjekt. Dette er to tunnelar, Blaksettunnelen (227 mill. kr) og Seimsdalstunnelen (271 mill. kr), ferjeavløysingsprosjektet Ytre Steinsund (770 mill. kr) og strekninga Svelgen-Indrehus (428 mill. kr). Vidare ligg bompengeprojektet Førdepakken inne med samla investering i perioden på 621 mill. kr. Fylkeskommunen si finansiering av Førdepakken er 150 mill. kr i 2013-kr, fordelt på åra 2018-2023.

Finansieringa av investeringane er i hovudsak mva. kompensasjon på 508 mill. kr, fondsmidlar på 636 mill. kr, bompengar knytt til Førdepakken på 397 mill. kr og låneopptak på 1,2 mrd. kr. Låneopptaket inkluderer låneopptaka knytt til Ytre Steinsund bru. Det er ein føresetnad at ferjeavløysingsmidlane vi mottok frå staten vil dekke alt av avdrag knytt til dette prosjektet. Det er altså rentene fylkeskommunen må dekke sjølv, og utifrå føresett finansiering må fylkeskommunen dekke 228 mill. kr for å betale tilbake investeringa på 770 mill. kr. Ferjeavløysingsmidlane kjem som ei årleg driftsinntekt etter at ferja er teke ut av drift, og kjem såleis ikkje fram i finansieringsplanen for fylkesveginvesteringane.

Skredsikring fylkesveg

Det er lagt opp til investeringar på samla 1,3 mrd. kr i perioden til skredsikring. Dette er i hovudssak knytt til tre større prosjekt, Flovegen, Ljoteli og Kjenes. Sogn og Fjordane har mange rasutsette strekningar, og det statlege tilskotet ligg difor på eit høgt nivå. Investeringane til skredsikring er fullfinansierte staten, i form av mva kompensasjon (242 mill. kr) og statstilskot (1067 mill. kr) Det har vore eit prinsipp at fylkeskommunen ikkje skal nytte egne midlar til skredssikring. Investeringane til skredsikring får difor ikkje påverknad på den fylkeskommunale økonomien, verken for lånegjelda eller driftsbudsjettet.

Bygginvesteringar

Bygginvesteringane består av ein del mindre årlege pottar, samt investeringar i små og store prosjekt. Dei årlege pottane er til dømes ombygging, rehabilitering, og brannsikring ved skulane. Desse pottane utgjør om lag 40-50 mill. kr årleg og er stort sett finansiert av mva. kompensasjon og låneopptak. Elles er det to «gamle prosjekt», dvs. vedteke før 2017, som ligg inne i planane, Måløy vgs- rehabilitering og Fellesmagasin for musea.

Vidare er det vedteke ein del nye prosjekt som følgje av fjorårets budsjettprosess. Føresetnaden for desse prosjekta er at dei ikkje skal utfordre driftsøkonomien ved auka kapitalutgifter. Dei er difor finansiert i hovudsak med mva. kompensasjon (288 mill. kr) og fondsmidlar (675 mill. kr). Anna finansiering som er lagt til grunn er t. d. tilskot frå stat og kommune (50 mill. kr), Låneopptaket som er knytt til dei nemnte årlege pottane og dei to «gamle prosjekta» er på om lag 276 mill. kr. Låneopptaket til dei nye prosjekta, der det er føresett tilsvarande innsparing i drift/inntekter på andre område, er på om lag 207 mill. kr. Desse føresetnadane er ikkje lagt inn i finansieringsplan/driftsbudsjettet enno, då det er uvisse om tidspunktet for når dei vert realiserte. Døme på slike innsparingar/inntekter som er føresett er:

- Redusert husleige som følgje av at vi tek i bruk eige bygg
- Reduserte driftsutgifter som følgje av samlokalisering
- Salsinntekter skulebygg (Hafstad vgs)
- Leigeinntekter ma. Vitensenter og idrettshall
- Spelemidlar

Nytt opplæringsfartøy, som er vedteke no i 2018, er lagt inn med låneopptak på om lag 30 mill. kr. Her er det ein føresetnad at kapitalutgiftene knytt til låneopptaket vert dekkja av inntekter frå to fond, Havbruksfondet (frå staten) og MAREKO (eige fk-fond). Resten av investeringa er finansiert ved hjelp av rekneskapoverskotet frå 2017. Utifrå desse føresetnadane vil om lag halvparten (276 mill. kr) av samla låneopptak på bygg få innverknad på driftsøkonomien i fylkeskommunen.

Oppsummert bruk av fond

	Tal i mill. kr
Fondsmidlar bygginvesteringar	675
Fondsmidlar fylkesveginvesteringar	636
Sum bruk av fond	1311

Bruk av fondsmidlar i perioden er i tråd med vedtak om å nytte 1,3 mrd. kr av oppsparte midlar til investeringsføremål, jf. omtale innleiingsvis. Ein stor del av desse midlane, frå Fjord 1-salet, kan berre nyttast til investeringar.

Bruttoinvestering og finansiering 2019-22 –samla oversikt

Tabellen under viser ein oversikt over investeringar og finansiering i åra 2019-22:

tal i mill. kr	
	2019-22
Brutto investering	5654
Finansiering	
Statleg tilskot og mva kompensasjon	2130
Div. investeringsbidrag (bompengar, kommunar m.m)	507
Fondsmidlar (m.a sal av Fjord 1)	1311
Lånemidlar bygg - med føresetnad om tilsvarende inntekt/innsparing i drift	207
Lånemidlar ferjeavløysing Ytre Steinsund - renteutgiftene belastar driftsbudsjettet (avdrag vert kompensert)	623
Lånemidlar til andre prosjekt - renter og avdrag belastar driftsbudsjettet	876

Dei største finansieringskjeldene knytt til «Diverse investeringsbidrag» er bompengar (397 mill. kr), anleggsbidrag Sæle-Engebø (40 mill. kr) og tilskot frå Gulen kommune (25 mill. kr).

Nettogjeld

Med utgangspunkt i vedteken økonomiplan 2019-22 vil nettogjelda utvikle seg slik i perioden:

Tal i mill. kr	30.04.18	31.12.18	31.12.19	31.12.20	31.12.21	31.12.22
Likviditet	2096	1946	1508	1457	1018	1007
Gjeld	2281	2382	2608	2913	3303	3685
Nettogjeld	-185	-436	-1100	-1456	-2286	-2679
Gjeld der deler eller heile kapitalkostnaden vert dekkja av innsparingar/inntekter/ferjeavløysing						830
Nettogjeld justert						-1849

Utviklinga i likviditeten er rekna utifrå planlagd fondsbruk til investeringar, og attståande inntekt frå salet av Fjord 1. Dette er såleis basert på enkle føresetnader og ikkje eit fullstendig likviditetsbudsjett 5 år fram i tid. For gjeldsutviklinga er det planlagde låneopptak minus avdrag i perioden som ligg til grunn.

Utifrå føresetnadane over går fylkeskommunen frå å vere om lag gjeldfri i april 2018 til å ha ei nettogjeld på knappe 2,7 mrd. kr i 2022. Ein vesentleg del av auken i gjelda er føresett finansiert ved innsparingar i drift, ferjeavløysingsmidlar og inntekter m.a frå sal av bygg. Dette er illustrert med «nettogjeld justert» i 2022. For låneopptak tilsvarende 830 mill. kr er driftskostnadane til avdrag føresett dekkja inn. Rentekostnadane for Ytre Steinsund (626 mill. kr) vil belaste drifta, mens rentekostnadane for dei resterande prosjekta (207 mill. kr) er føresett dekkja inn som tidlegare nemnt.

Salderingsutfordring på driftsbudsjettet

Økonomiplan 2019-2022 viser at fylkeskommunen har ei salderingsutfordring på 18,2 mill. kr i 2019 aukande til 74,0 mill. kr i 2022. Økonomiplanen viser også at denne utfordringa er løyst med auka bruk av lokale inntekter, dvs. konsesjonskraftinntekter og bruk av fond. Følgjande tabell er presentert i sak om økonomiplan 2019-2022 som fylkestinget vedtok 13. juni 2018:

	2019	2020	2021	2022
Handlingsrom før iverksetjing av tiltak	18,2	36,8	60,4	74,0
<u>Salderingstiltak</u>				
Heve "tak" - bruk av lokale inntekter i drift frå 40 til 50 mill. kr	-10,0	-10,0	-10,0	-10,0
Sluttsaldering ved bruk av fond	-8,2	-26,8	-50,4	-64,0
Sluttsaldering av økonomiplan 2019-22	0,0	0,0	0,0	0,0

Som nemnt over under omtalen av investeringane har vi forventa inntekter/inn sparingar i driftsbudsjettet som ikkje er innarbeidd enno. Når tidspunkt for dette er kjent vil dette betre den økonomiske utfordringa.

HFK Økonomiplan 2019-22 – oversikt over investeringsplanar og finansiering

Til møte i fylkesutvalet 21.06.2018 vert det lagt fram sak om økonomiske rammer for årsbudsjett 2019 / økonomiplan 2019-2022

I saka vert det lagt til grunn følgjande rammer for investeringane:

Mill. kr	2019	2020	2021	2022	Sum i perioden
Opplæring	516	533	544	590	2 183
Samferdsel	2 987	3 303	2 574	2 600	11 464
Andre føremål	51	51	51	49	202
Sum	3 554	3 887	3 169	3 239	13 849

Rammene for samferdsel er usikre, særleg siste året.

Bruttoinvestering og finansiering 2019-22 –samla oversikt

Tabellen under viser ein oversikt over investeringar og finansiering i åra 2019-22:

mill. kr	
	2019-22
Brutto investering	13 849
Finansiering	
Mva kompensasjon	1 323
Bompengar	4 545
Tilskot og salsinntekter	3 520
Driftsmidlar	305
Disposisjonsfond	40
Lån	4 116

Ein vesentleg del av investeringane er føresett finansiert med bompengar, tilskot og momskompensasjon. Lånefinansieringa utgjer knapt 30 %.

Største tilskotsposten er statstilskot til vidare utbygging av bybanen. Det er lagt til grunn at 50 % av kostnaden vert dekkja av staten, og den andre halvdelan av bompengar. Det er også rekna med tilskot frå Enova til oppgradering av ferjekaiar for elektriske ferjer.

Med utgangspunkt i rammesaka vil gjelda utvikle seg slik i perioden:

Tal i mill. kr	30.04.2018	31.12.2018	31.12.2019	31.12.2020	31.12.2021	31.12.2022
Gjeld	10 673	10 773	11 168	11 612	11 891	12 150

Gjelda heldt fram med å auke, men veksten er bremsa i høve til det ein har sett dei seinare åra. Dette har ein først og fremst oppnådd ved ei kraftig opptrapping av avdraga.

Driftsbudsjettet – salderingsbehov

Rammesaka viser elles at det er behov for slike årlege reduksjonar i driftsrammene:

Mill. kr	2019	2020	2021	2022	Sum i perioden
Endring frå år til år	-93	-80	-45	+10	-208

Fylkesrådmannen vil minna om at driftskostnadene som følgje av dei nye ferjekontraktane i Hordaland vil auke med om lag 240 mill. kr frå 2020. Innanfor den reduserte ramma ovanfor må det dermed finnast plass til denne auken.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har varsla at det i Kommuneproposisjonen for 2020 som vert lagt fram våren 2019 kjem forslag til nytt inntektssystem for fylkeskommunane. Korleis dette vert utforma og kva utslag det vil gje for Vestland fylkeskommune er dermed uklart. Summane i tabellen over er dermed overslag over korleis situasjonen ville vore for Hordaland fylkeskommune med inntektssystemet som gjeld i dag.

Saksframlegg

Saksbehandlar: Thorbjørn Aarethun, Fylkesrådmannen, Hordaland
Ole Inge Gjerald, Fylkesrådmannen, Sogn og Fjordane

Sak nr.: 2015/1434-635

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fellesnemnda-AU	17/18	15.06.2018
Fellesnemnda	22/18	22.06.2018

Politisk organisering i den nye fylkeskommunen på Vestlandet

SAMANDRAG

I fellesnemnda sitt reglement, vedteke i dagens to fylkesting 27.10.17, heiter det i § 7 at nemnda skal fastsetje modell for politisk organisering i den nye fylkeskommunen innanfor rammene som er fastlagde i intensjonsplanen. Fylkesrådmennene har fått nyttige og konstruktive innspel til arbeidet med framtidig politisk organisering gjennom to politiske arbeidsverkstader i fellesnemnda.

Fylkesutvalet er eit lovpålagt organ, jf. kommunelova § 8, med ansvar for å leggje fram forslag til økonomiplan og årsbudsjett. Vidare fastset fylkestinget sjølv utvalet sine ansvarsområde. Fylkesutvalet kan tildelast avgjerdsmynde i alle saker der ikkje anna følgjer av lov. Fylkesrådmennene rår til at fylkesutvalet får eit overordna politisk ansvar for tverrsektorielle fag- og politikkområde som gjeld heile den fylkeskommunale verksemda. Særleg for å ivareta samfunnsutviklarrolla bør fylkesutvalet sjå følgjande oppgåver i eit sams regionalt heilskapsperspektiv:

- a) Klima, miljø og berekraft.
- b) Internasjonalt arbeid.
- c) Folkehelse.
- d) Eigarskap.
- e) Regional planstrategi.
- f) Kommunale og statlege planar.
- g) Tannhelse.

Mellom anna på bakgrunn av dei to arbeidsverkstadane som har vore kring politisk organisering i fellesnemnda, legg fylkesrådmennene fram følgjande framlegg til hovudutvalsstruktur:

- a) Hovudutval for infrastruktur og mobilitet.
- b) Hovudutval for opplæring og kompetanse.
- c) Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon.
- d) Hovudutval for kultur, idrett og integrering.

Prosjektlear får elles i oppgåve å utarbeide framlegg til andre politiske utval, nemnder, råd og komitear, samt framlegg til reglement for godtgjersle for dei folkevalde i den nye fylkeskommunen. Arbeidsutvalet får seg førelagt ei eiga sak til handsaming 18.10.18, og fellesnemnda gjer endeleg

vedtak 30.10.18. Prosjektleiar får også i oppgåve å utarbeide framlegg til delegeringsreglement som vert lagt fram for politisk behandling i fellesnemnda seinast i første kvartal 2019. Denne saka skal leggje rammene for dei faste utvala si samansetjing, mandat og mynde til å ta avgjerd på vegne av fylkeskommunen.

Fylkesrådmennene meiner prosjektleiar bør vurdere nærare om det vil vere naudsynt å gjere endringar i den politiske organiseringa som følgje av overføring av eventuelle nye oppgåver til fylkeskommunane.

Fylkesrådmennene rår fellesnemnda sitt arbeidsutval til å gjere slikt vedtak:

Fellesnemnda sitt arbeidsutval rår fellesnemnda til å gjere slikt vedtak:

1. Fellesnemnda for etablering av den nye fylkeskommunen på Vestlandet legg kommunelova sin § 10 om faste utval med vedtaksmynde til grunn for fastsetjinga av hovudutvalsstrukturen.
2. Fylkesutvalet er eit lovpålagt organ med ansvar for å leggje fram forslag til økonomiplan og årsbudsjett. Fellesnemnda vedtek at utvalet også får eit overordna ansvar for tverrsektorielle fag- og politikkområde som gjeld heile den fylkeskommunale verksemda.

Særleg for å ivareta samfunnsutviklarrolla skal fylkesutvalet sjå m.a. følgjande oppgåver i eit regionalt heilskapsperspektiv:

- a) Klima, miljø og berekraft.
 - b) Internasjonalt arbeid.
 - c) Folkehelse.
 - d) Eigarskap.
 - e) Regional planstrategi.
 - f) Kommunale og statlege planar.
 - g) Tannhelse.
3. Fellesnemnda vedtek følgjande struktur for faste hovudutval, der det nye fylkestinget sine 65 medlemmer – med unnatak av fylkesordførar, fylkesvaraordførar og kontrollutvalet sine medlemmer – kan fordelast på desse hovudutvala:
 - a) Hovudutval for infrastruktur og mobilitet.
 - b) Hovudutval for opplæring og kompetanse.
 - c) Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon.
 - d) Hovudutval for kultur, idrett og integrering.
 4. Prosjektleiar får i oppgåve å utarbeide framlegg til andre politiske utval, nemnder, råd og komitear, samt framlegg til reglement for godtgjersle for dei folkevalde i den nye fylkeskommunen. Fellesnemnda sitt arbeidsutval får seg førelagt ei eiga sak til handsaming 18.10.18, og fellesnemnda gjer endeleg vedtak 30.10.18.
 5. Prosjektleiar får i oppgåve å utarbeide framlegg til delegeringsreglement som vert lagt fram for politisk behandling i fellesnemnda seinast i første kvartal 2019. Denne saka skal leggje rammene for dei faste utvala si samansetjing, mandat og mynde til å ta avgjerd på vegne av fylkeskommunen.
 6. Fellesnemnda ber prosjektleiar vurdere nærare om det vil vere naudsynt å gjere endringar i den politiske organiseringa som følgje av overføring av eventuelle nye oppgåver til fylkeskommunane.

Saksprotokoll i Fellesnemnda-AU - 15.06.2018

Leiar Anne Gine Hestetun (A) sette fram slikt forslag:

Fellesnemnda-AU tek ikkje stilling til saka no. Saka vert å behandla vidare på neste møte i Fellesnemnda den 22.06.2018.

Røysting

Hestetun sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til Fellesnemnda.

Innstilling til Fellesnemnda

Fellesnemnda-AU tek ikkje stilling til saka no. Saka vert å behandla vidare på neste møte i Fellesnemnda den 22.06.2018.

Vedlegg:

- 1 Intensjonsplanen for samanslåing av Sogn og Fjordane og Hordaland (17.01.2017)
- 2 Reglement for fellesnemnda

SAKSFRAMSTILLING

1. BAKGRUNN FOR SAKA

Fellesnemnda sitt arbeidsutval som prosessorgan

I fellesnemnda sitt reglement, vedteke i dagens to fylkesting 27.10.17, heiter det i § 7 at nemnda skal fastsetje modell for politisk organisering i den nye fylkeskommunen innanfor rammene som er fastlagde i intensjonsplanen. Fellesnemnda vedtok 18.12.17 følgjande i sak 06/17:

1. Fellesnemnda gjev arbeidsutvalet (FNAU) mandat til å arbeide vidare med forslag til politisk organisering for den nye fylkeskommunen i samarbeid med fylkesrådmennene/prosjektleiar.
2. Arbeidsutvalet legg fram forslag til politisk organisering for vedtak i fellesnemnda 2. kvartal 2018.
3. Fellesnemnda vurderer nærare når det vil vere naudsynt å gjere endringar som følgje av overføring av nye oppgåver til fylkeskommunane.

Fellesnemnda sitt arbeidsutval handsama den vidare prosessen knytt til utforming av framtidig politisk organisering i sitt møte 29.01.18, og gjorde då følgjande vedtak:


1. Fylkesrådmennene legg fram sak om framtidig politisk organisering i Vestland fylkeskommune til fellesnemnda 22.06.18. Saka tek utgangspunkt i den vedtekte intensjonsplanen, dagens ansvarsområde og oppgåveportefølje for fylkeskommunane, samt Stortinget sitt vedtak knytt til ekspertutvalet si innstilling til nye oppgåver for regionalt folkevalt nivå.
2. Fellesnemnda sitt arbeidsutval ber om at det i saka vert gjort ei nærare vurdering av om idrettsområdet bør innplasserast i hovudutval for kultur, eller om dette bør liggje til hovudutval for opplæring, slik intensjonsplanen legg opp til.
3. Politisk organisering vert fastsett før fylkesrådmennene/prosjektleiar endeleg fastset den administrative organiseringa i Vestland fylkeskommune.

Intensjonsplanen sine føringar

Fylkesrådmennene har i stor grad lagt intensjonsplanen til grunn for utforminga av framtidig politisk organisering. Det har også vore sentralt å no innplassere oppgåver/ansvarsområde som ikkje er konkretiserte i intensjonsplanen, og som det såleis ikkje er lagt føringar for tidlegare.

Intensjonsplanen slår fast at den framtidige nye fylkeskommunen på Vestlandet skal ha ei politisk organisering som byggjer på formannskapsmodellen. Dei sentrale organa i ein fylkeskommunal formannskapsmodell er fylkestinget, fylkesutvalet, fylkesordføraren og administrasjonssjefen. Modellen inneber fordeling av makt etter partistorleik, og ein har ikkje det same fokuset på skilnaden mellom posisjon og opposisjon som ein har innanfor ein parlamentarisk styringsmodell.

Den politiske organiseringa i intensjonsplanen er teikna ut gjennom følgjande grunnstruktur:



Fellesnemnda sitt arbeidsutval har valt å løyse oppgåva knytt til fastsetjing av politisk organisering ved å dele inn avgjerdene her i tre fasar. Den politiske organiseringa skal såleis fastsetjast slik:

Fase 1: Fellesnemnda vedtek 22.06.18 nemningar/namn på dei fire hovudutvala, samt fastset fordelinga av hovudoppgåver mellom hovudutvala og fylkesutvalet. Hovudutval for samferdsle, næring, opplæring og kultur skal i saka «fyllast opp» med oppgåver og «verktøy».

Fase 2: Med grunnlag i kommunelova og andre særlover er fylkeskommunane pålagde å opprette ei rekkje andre råd, nemnder, utval og politiske prosessorgan. Fylkesrådmennene gjer i denne saka framlegg om at prosjektleiar skal utarbeide forslag til politiske underutval, nemnder, råd og komitear, samt framlegg til reglement for godtgjersle for dei folkevalde i den nye fylkeskommunen som fase 2. Fellesnemnda sitt arbeidsutval får seg førelagt denne saka 18.10.18, og fellesnemnda gjer endeleg vedtak 30.10.18. Til dømes vil etablering av eit eige trafikktryggingsutval kome i denne fasen.

Fase 3: Etter at den samla strukturen for dei faste politiske utvala, råd m.m. er fastlagd, legg Fylkesrådmennene opp til at det i fase 3 skal utarbeidast delegeringsreglement for dei politiske utvala, råd m.m. som set rammer for samansetjing, mandat og mynde til å ta avgjerd på vegne av fylkeskommunen. Reglementet regulerer såleis kor mange folkevalde som skal vere representerte i dei ulike organa, samd særskilde fullmakter og avgjerdsmunde på vegne av fylkestinget. Denne saka kjem på nyåret i 2019.

2. POLITISK ORGANISERING – KVA SKAL VURDERAST OG KVA OMSYN BØR AVGJERE?

Fylkesrådmennene legg særleg vekt på at den politiske organiseringa skal byggje opp under følgjande hovudomsyn:

- a) Fylkeskommunen skal gjennom den politiske organiseringa og arbeidsforma ivareta samfunnsutviklarrolla. Denne rolla krev m.a. at ulike politikkområde vert sett i samanheng for å kunne gje ein tydeleg retning for samfunnsutviklinga i fylket. Fylkesrådmennene meiner det vil vere sentralt å setje «verktøykassene» som dei fire hovudutvala sit på inn i ein heilskap, samt at den regionale planstrategien og andre overordna mål og strategiar vert viktige styringsdokument for dette.
- b) Dei ulike hovudutvala sine «verktøykasser» skal gjere det politisk interessant å delta i utvalsarbeidet. Det er såleis viktig at utvala vert likestilte i størst mogleg grad når det gjeld oppgåver og ansvar. Politikarane bør oppleve stor grad av påverknadsmulegheiter i sitt arbeid.

- c) Fylkesrådmennene meiner det er eit sentralt poeng å knyte nokre nye og offensive omgrep til dei fire hovudutvala. Namnsettinga skal underbygge samfunnsutviklarrolla og synleggjere samordning og strategisk retning innanfor oppgåveporteføljen som utvala skal ha.

3. POLITISKE INNSPEL GJENNOM FELLESNEMNDA SINE ARBEIDSVERKSTADER

Fylkesrådmennene har fått nyttige og konstruktive innspel til arbeidet med saksframlegget gjennom to politiske arbeidsverkstader i fellesnemnda: 08.03.18 på Leikanger og 04.05.18 i Bergen. Det samla biletet vi fekk ut av gruppearbeidet og denne oppsummeringa av innspela er ein del av bakgrunnen for denne saka, og byggjer opp under fylkesrådmennene si tilråding. Arbeidsverkstaden under fellesnemnda sitt møte den 04.05.18 tok utgangspunkt i utvalsinnendinga i intensjonsplanen, og innspela frå gruppene kan kort summerast opp gjennom følgjande hovudpunkt:

- a) Fylkesutvalet bør ha eit overordna politisk ansvar for tverrsektorielle fag- og politikkområde som t.d.:
- Internasjonalt arbeid.
 - Klima og miljø.
 - Regional planstrateg.
 - Kommunale og statlege planar.
 - Folkehelse.
 - Eigarskap.
 - Forsking (FoU).
 - Rolla som fylkeskommunen sitt finansutval, som ev. kan vere eit utvida fylkesutval, vart også nemnd som ei oppgåve som ev. kan/bør greiast nærare ut.
- b) Hovudutval for samferdsle – ansvarsområde nemnd av fleire grupper:
- Ansvar for veg og kollektivtransport.
 - Klima og miljø *kan* leggjast til samferdsle, dersom dette ikkje vert lagt til fylkesutvalet.
 - Trafikktrygging.
 - Statlege planar knytt til sektoren.
- c) Hovudutval for opplæring – ansvarsområde nemnd av fleire grupper:
- Ansvar for vidaregåande opplæring og all kompetansepolitikk.
 - Kan ta sektoransvaret for tannhelse (samle dei store tenesteytande sektorområda).
 - På sikt kan vi etablere eit eige «helseutval» (avhengig og tilførsel av nye relevante oppgåver).
 - Internasjonalt arbeid og folkehelse kan vere relevant å leggje til opplæringsutvalet.
 - Idrettsområdet kan liggje både her og i kulturutvalet.
- d) Hovudutval for næring – ansvarsområde nemnd av fleire grupper:
- Ansvar for all næringsutvikling.
 - Naturressursar inkl. energi, havbruk, landbruk, reiseliv.
 - Forskings- og utviklingsarbeid retta mot regional utvikling (FoU-ansvar).
 - Kommunale og statlege planar kan ev. leggjast til utvalet.
 - Klima og miljø kan ev. leggjast til utvalet.
- e) Hovudutval for kultur – ansvarsområde nemnd av fleire grupper:
- Ansvar for all kulturretta verksemd i fylkeskommunen.
 - Arbeidsgruppene peikte på at idrett, folkehelse samt alle oppgåvene som i dag ligg til kulturområdet kan sjåast i samheng dersom dei vert samla i eit politisk utval.
 - Tre grupper føretrekkjer i sin modell at idrett vert lagt til kulturutvalet (den fjerde gruppa peikte på dette i si muntlege framstilling).
 - Kulturutvalet kan ha sektoransvaret for tannhelse.

Fylkesrådmennene merka seg at fleire understreka at det generelt må vere interessant å jobbe som politikar på det regionale nivået, og at det er viktig å fordele sentrale politikkområde på hovudutvala.

4. FYLKESKOMMUNEN SINE OPPGÅVER OG POLITIKKOMRÅDE PER 01.06.18

Med bakgrunn i Prop. 84 S (2016-17) og Innst. 385 S (2016-17) behandla Stortinget saka om ny inndeling av regionalt folkevalt nivå 08.06.17. Stortinget gjorde følgjande anmodningsvedtak:

- Stortinget ber regjeringa sørge for at regional vegadministrasjon, som har ansvar for planlegging og drift av fylkesvegane, vert overført frå Statens vegvesen til regionalt folkevalt nivå.
- Stortinget ber regjeringa snarast fremje forslag om å fornye regelverket for løyver og behovsprøving for persontransport slik at bestemmelsar knytte til dette kan fastsetjast av dei nye fylkeskommunane.
- Stortinget ber regjeringa endre ansvarsfordelinga mellom Regionale forskingsfond (RFF) og Forskringsrådet slik at beslutningar rundt prosjektstøtte vert gjort på fylkeskommunalt nivå.
- Stortinget ber regjeringa overføre oppgåver tilknytte regional næringsutvikling frå Innovasjon Noreg til dei nye regionane.
- Stortinget ber regjeringa kome tilbake til Stortinget med ein plan som konkretiserer kva for oppgåver som kan overførast frå IMDi til dei nye fylkeskommunane.
- Stortinget ber regjeringa vurdere nærare kva for oppgåver som kan overførast frå IMDi til dei nye fylkeskommunane.

Stortinget utøver sin instruksjonsrett overfor regjeringa gjennom slike anmodningsvedtak, og dette er konstitusjonelt bindande pålegg frå Stortinget til regjeringa. Fylkesrådmennene ser på vedtakspunkta ovanfor som klare instruksar frå Stortinget, der regjeringa skal greie nærare ut innhald, omfang og implementeringsmåte for overføring av nye oppgåver til fylkeskommunane.

I fastlegginga av framtidig politisk organisering bør såleis desse politikkområda takast omsyn til. I dei politiske arbeidsverkstadane som er gjennomførte i fellesnemnda 08.03.18 og 04.05.18 er t.d. forskning og regional næringsutvikling trekt fram som større og meir sentrale politikkområde enn dei er i dag.

5. FYLKESRÅDMENNENE SINE VURDERINGAR

Fylkesrådmennene legg til grunn at ei rekkje oppgåver og politikkområde ikkje er teikna inn i det vedtekne organisasjonskartet i intensjonsplanen, datert 17.01.17. Fylkesrådmennene vil i det vidare saksframlegget synleggjere og utdupe sine vurderingar og si tilråding til framtidig politisk organisering i den nye fylkeskommunen på Vestlandet.

Vedtaks punkt. 1 – Kommunelova sine føringar

Fylkesrådmennene rår fellesnemnda til å leggje kommunelova sin § 10 om faste utval med vedtaksmynde til grunn for fastsetjinga av hovudutvalsstrukturen. Kommunelova sitt kap. 2 skildrar m.a. bestemmelsane om faste utval og komitear i fylkestinget. Faste utval er definerte som permanente nemnder med eit nærare definert saksområde fastsett av fylkestinget. Det er her tale om spesialiserte politiske organ, som både kan vere tillagt innstillande mynde, og som – etter delegering – opptre som fylkestinget sin forlenga arm når det gjeld å gjere vedtak innanfor ulike fag- eller politikkområde.

Kommunelova slår fast at fylkestinget sjølv opprettar faste utval for fylkeskommunale føremål eller for deler av den fylkeskommunale verksemda. Fylkestinget vel medlemmer og varamedlemmer, og blant medlemmene leiar og nestleiar, og kan når som helst omorganisere eller leggje ned faste utval.

Vedtaks punkt. 2 – Fylkesutvalet

Fylkesutvalet er eit lovpålagt organ med ansvar for å leggje fram forslag til økonomiplan og årsbudsjett. Fylkesrådmennene rår fellesnemnda til å gå inn for at fylkesutvalet også får eit overordna

ansvar for tverrsektorielle fag- og politikkområde som gjeld heile den fylkeskommunale verksemda. Særleg i lys av samfunnsutviklarrolla bør fylkesutvalet sjå følgjande oppgåver i ein regional heilskap:

- a) Klima, miljø og berekraft.
- b) Internasjonalt arbeid.
- c) Folkehelse.
- d) Eigarskap.
- e) Regional planstrategi.
- f) Kommunale og statlege planar.
- g) Tannhelse.

Kommunelova § 8 slår fast at fylkestinget, innanfor formannskapsmodellen, vel eit fylkesutval med minimum 5 medlemmer. Medlemer og varamedlemer til fylkesutval vert valde for fire år av og blant medlemne i fylkestinget. Utover fylkesutvalet si handsaming av forslag til økonomiplan og årsbudsjett, fastset fylkestinget sjølv dei fag- og politikkområda som fylkesutvalet skal handtere. Utvalet kan tildelast avgjerslemynde i alle saker der ikkje anna følgjer av lov.

Fylkesrådmennene meiner fylkesutvalet i utøvinga sitt mynde etter plan og bygningslova bør ha ansvaret både i dei tilfella der det er aktuelt å gje uttale og å bruke motsegn.

Fylkesrådmennene meiner sektoransvaret for tannhelsetenesta bør leggjast til fylkesutvalet, sidan det framleis er uavklart om det vil kome nye helse- og sosialrelaterte oppgåver til fylkeskommunane som følgje av det regjeringsnedsette ekspertutvalet sitt utgreiingsarbeid. Oppgåve- og ansvarsstrukturen som Stortinget fastset for fylkeskommunane etter handsaming av ekspertutvalet si innstilling vil vere med på å forme den endelege politiske organiseringa. Fylkesrådmennene rår til at fellesnemnda avventar med å leggje alle brikkene på plass før oppgåvestrukturen er kjend, og meiner t.d. det tverrsektorielle ansvaret for folkehelse også bør liggje til fylkesutvalet fram til ein kjenner oppgåvestrukturen etter handsaminga av ekspertutvalet sin rapport.

Vedtaks punkt. 3 – Framtidig hovudutvalsstruktur

Fylkesrådmennene rår fellesnemnda til å vedta følgjande struktur for faste hovudutval, der det nye fylkestinget sine 65 medlemmer – med unntak av fylkesordførar, fylkesvaraordførar og kontrollutvalet sine medlemmer – vert fordelte på desse hovudutvala:

- a) Hovudutval for mobilitet og infrastruktur.
- b) Hovudutval for opplæring og kompetanse.
- c) Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon.
- d) Hovudutval for kultur, idrett og integrering.


Fylkesrådmennene legg til grunn at fire hovudutval med delegert vedtaksmynde inneber at eit stort tal saker vert lagt fram for avgjerd i dei politiske sektorutvala.

Oppgåvefordelinga og delinga av vedtaksmynde mellom fylkestinget, fylkesutvalet og underliggjande politiske organ må likevel avstemmast og tydeleggjerast i eigne reglement og delegeringsfullmakter. Her kan prosjektleiar vurdere ei arbeidsform der politisk og administrativt delegeringsreglement vert utarbeidd parallelt. Det politiske delegeringsreglementet vil i tillegg til delegering av mynde til andre politiske organ, også gjelde delegering av mynde til fylkesrådmannen.

Fylkestinget si delegering kan utgjere del A i eit samla delegeringsreglement, medan fylkesrådmannen sitt administrative delegeringsreglement vert utarbeidd som del B i det same dokumentet. Eit framlegg til delegeringsreglement vert lagt fram for fellesnemnda i fase 3 i fastsetjinga av politisk organisering, jf. nemnde faseinndeling.

Hovudutvalsstrukturen skal i størst mogleg grad legge til rette for politikktutforming der ulike ansvarsområde, oppgåver og verkemidlar vert sett i samanheng for å synleggjere fylkeskommunen si samfunnsutviklarrolle. Samordna politikktutforming vil også kunne bidra til å sikre fylkeskommunen sin legitimitet blant innbyggjarane og gjere det meir attraktivt å stille til val som fylkestingsrepresentant.

Fylkesrådmennene tilrår såleis følgjande oppgåver lagt til utvala:



Hovudutval for infrastruktur og mobilitet (samferdsle) får m.a. følgjande oppgåver/ansvarsområde:

- Fylkesvegar.
- Kollektivtrafikk.
- Oppfølging av Nasjonal transportplan (NTP).
- Regional transportplan.
- Skuleskyss.
- Transportløyve.
- TT-ordninga (tilrettelagd transport).
- Infrastruktur for breiband/fiber (elektroniske kommunikasjonstenester).

Den nye fylkeskommunen må gjennom bruk av eigne verkemiddel, og i inngrep med statlege prioriteringar, sikre at innbyggjarane og næringslivet har eit transportsystem som gjev miljøvenleg og trygg transport, tilstrekkeleg mobilitet og tilgjenge til viktige reisemål. Særleg viktig er det å legge til rette for mobilitet gjennom kollektivtransport, sykkel og gange, samt ei mest mogleg samordna areal- og transportplanlegging m.a. for å utvikle ein framtidretta infrastruktur for samhengande bu- og arbeidsmarknadsregionar. Det vil også vere ei prioritert oppgåve å utvikle og sikre transportinfrastrukturen, m.a. gjennom satsing for å stoppe veksten i forfallet på fylkesvegnettet.

Hovudutval for opplæring og kompetanse får m.a. følgjande oppgåver/ansvarsområde:

- Vidaregåande opplæring.
- Fagopplæring.
- Vaksenopplæring.
- Kompetanseheving og kompetanseformidling i fylket.
- Regionale, heilskaplege nærings- og kompetansestrategiar.
- Regional og statleg planlegging innanfor sektoren.
- Fagskulane.

Det er eit mål framover at kompetanseretta arbeid i større grad skal vere forankra i regionale, heilskaplege nærings- og kompetansestrategiar som eit resultat av regionalt samarbeid. Fylkesrådmennene rår til at koordineringa av dette blir lagt til det nye hovudutvalet for opplæring og kompetanse. Dette vil styrkje den strategiske rolla til fylkeskommunen i høve utviklinga av den regionale kompetansepolitikken m.a. gjennom eit tettare samarbeid mellom arbeidsliv og utdannings- og opplæringsaktørar om behov og tilrettelegging for utdanning og kompetanseutvikling.

Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon får m.a. følgjande oppgåver/ansvarsområde:

- Næringsutvikling.
- Forsking og utvikling (FoU).
- Energi- og naturressursforvaltning.
- Kommunalt næringsarbeid.
- Innovasjon Noreg.

Fylkesrådmennene ser det som mest aktuelt å synleggjere det vedtekne styrka ansvaret for forskningsbasert innovasjon til dette utvalet. På denne måten kan kunnskap, teknologiutvikling m.m. sjåast i samanheng med behovet for utvikling av eksisterande næringsverksemdar – og ikkje minst behovet for omstilling til nye næringsvegar. I tillegg vil næringsutvikling i stor grad vere knytt til naturressursar, slik at forvaltningsoppgåvene knytt til desse ressursane vert føreslegne synleggjort og lagt til utvalet.

Hovudutval for kultur, idrett og integrering får m.a. følgjande oppgåver/ansvarsområde:

- Kulturarv/kulturminne.
- Spelemidlar til anlegg for fysisk aktivitet og lokale kulturbygg.
- Kulturformidling.
- Kulturutvikling.
- Frivillig sektor.
- Fylkesbibliotek.
- Fylkesarkiv.
- Integrering og mangfald.

Fylkesrådmennene legg innspela frå arbeidsverkstaden i fellesnemnda 04.05.18 til grunn når ein tilrår å leggje idrettsområdet til hovudutval for kultur, idrett og integrering. Idrettsområdet er i dag ein del av arbeidet i kultursektorane i dei to fylkeskommunane, der dei politiske sakene på området vert handsama i same hovudutval som kultursaker. Det viktigaste verkemiddelet ligg i ansvaret for å fordele spelemidlar for bygging av anlegg for idrett og fysisk aktivitet, og kommunane er her den viktigaste samarbeidsparten. Den samla storleiken på spelemidlane i dagens to fylkeskommunar ligg på om lag 200 mill.kr., og denne summen vil truleg auke i åra som kjem. Kommunane si rolle som institusjonseigar (barnehage, skule, omsorgssentra), planmynde og tilretteleggar for frivillig sektor er sentral for gode samarbeidsløysingar.

Koplinga mellom kultur og idrett finn vi også i dei andre fylkeskommunane og i statsapparatet. Innanfor idrettsområdet definerer friluftsløva m.a. fylkeskommunane sine oppgåver i høve til å fremje allmenne friluftstiltak. Fylkeskommunen yter tenester og støtte i form av tilskot til idrettsorganisasjonar, prosjekt, arrangement m.m., søknad om spelemidlar til idrettsanlegg og tilskot til friluftstiltak. Andre samarbeidspartar knytt til idrettsområdet er frivillig sektor (idrettsorganisasjonane, friluftslivs-organisasjonar, andre barne- og ungdomsorganisasjonar) og regional stat.

Fylkesrådmennene legg vekt på at den regionale planlegginga skal gjerast meir forpliktande. Tilrettelegging for både organisert og eigenorganisert idrett, fysisk aktivitet, og friluftsliv i eit samspel med mellom anna regional stat vil slik sett bli viktig. Det er i hovudsak eit breidde- og livsløpsperspektiv på det fylkeskommunale arbeidet med idrett og fysisk aktivitet, noko som også korresponderer tett med andre oppgåver innan kulturfeltet. Oppgåvene innanfor idrettsområdet

samsvarer i stor grad med oppgaveporteføljen det i dag vert arbeidd med innan kulturområdet: planarbeid, utviklingsarbeid og tilskotsordningar. Idrettsområdet innanfor vidaregåande opplæring er i noko større grad retta inn mot idrettslinjer og spissa/spesialiserte idrettstilbod som t.d. toppidrett. Vi må likevel ha ein fleksibilitet i organisasjonen som legg til rette for at vi både administrativt og politisk ser dei relevante samanhengane mellom opplæringsområdet og idrettsområdet, t.d. i utviklinga av campusprosjekt m.m.

Det regionale folkevalde nivået vart gjennom Stortinget sitt vedtak om regionreforma 08.06.18 styrkt i høve integrering og mangfald. Fylkesrådmennene meiner hovudutval for kultur, idrett og integrering vil vere eit framtidsretta og godt koordineringsorgan for dette fagområdet. Integreringsarbeidet inneber å sjå samanhengane mellom sysselsetting og utdanning/kompetanseheving, samt å utgjere eit tydeleg bindeledd mot kommunar, frivillig sektor og eit breitt næringsliv (og andre samarbeidspartar som kulturfeltet har stor kontaktflate mot allereie i dag).

Vedtaks punkt. 4 – Fase 2 i fastsetjinga av politisk organisering

Med grunnlag i kommunelova og andre særlover er fylkeskommunane pålagde å opprette ei rekkje råd, nemnder og utval. Fylkesrådmennene rår fellesnemnda til å gå inn for at prosjektleiar får i oppgave å utarbeide framlegg til slike politiske underutval (inkl. administrasjonsutval), samt framlegg til reglement for godtgjersle for dei folkevalde i den nye fylkeskommunen. Reglement for godtgjersle har som føremål å sikre folkevalde kompensasjon for sin arbeidsinnsats, erstatning for tapt arbeidsforteneste og dekking av reelle utgifter i samband med utøving av vervet, jf. kommunelova §§ 41 og 42. FNAU får seg førelagt ei sak til handsaming 18.10.18. Fellesnemnda gjer endeleg vedtak i sitt møte 30.10.18.

Vedtaks punkt. 5 – Fase 3 i fastsetjinga av politisk organisering

Etter at den samla strukturen for dei faste politiske utvala, råd m.m. er fastlagd, legg fylkesrådmennene opp til at det skal utarbeidast reglement for dei politiske utvala, råd m.m. som set rammer for samansetjing, mandat og mynde til å ta avgjerd på vegne av fylkeskommunen. Reglementet regulerer også kor mange folkevalde som skal vere representerte i dei ulike organa, og om enkelte organ skal ha særskilte fullmakter og avgjerdsmynde på vegne av fylkestinget. Fordeling av roller og tal heiltidspolitikarar vil også vere ein del av denne saka. Fylkesrådmennene rår fellesnemnda til å gå inn for at prosjektleiar får i oppgave å utarbeide framlegg til delegeringsreglement som vert lagt fram for politisk behandling i fellesnemnda seinast i første kvartal 2019.

Vedtaks punkt. 6 – Eventuell justering av den politiske organisasjonsmodellen

Fylkesrådmennene meiner prosjektleiar bør vurdere nærare om det vil vere naudsynt å gjere endringar i den politiske organiseringa som følgje av overføring av eventuelle nye oppgåver til fylkeskommunane.

6. FYLKESRÅDMENNENE SI TILRÅDING

Fylkesrådmennene legg særleg vekt på at den politiske organiseringa skal byggje opp under fylkeskommunen si rolle som samfunnsutviklar. Denne rolla krev at vi ser ulike politikkområde i samheng. Fylkesrådmennene meiner det er sentralt at vi greier å setje «verktøykassene» som dei fire hovudutvala sit på inn i ein heilskap, og at den regionale planstrategien og andre overordna mål og strategiar vert viktige styringsdokument for dette. Samfunnsutviklarrolla inneber særleg tre hovuddimensjonar. Fylkeskommunane skal:

- Gje strategisk retning til samfunnsutviklinga.
- Mobilisere privat og offentleg sektor, kulturliv og lokalsamfunn.
- Samordne og koordinere offentleg innsats og verkemiddelbruk.

Hovudutvala sine samla verktøykasser skal gjere det politisk interessant å delta i utvalsarbeidet. Politikarane skal ha stor grad av påverknadsmulegheiter i sitt arbeid. Det er såleis viktig med ei gjennomtenkt og høvesvis jamn maktdeling mellom utvala.

Fylkesrådmennene meiner det er eit sentralt poeng å knyte nokre nye og offensive omgrep til dei fire hovudutvala. Namnsettinga skal underbygge samfunnsutviklarrolla og medverke til å gje fylkeskommunen legitimitet og relevans. Ved å knyte nokre nye og fleire omgrep til hovudutvala, synleggjer vi både oppgåvemangfaldet og den samordninga mellom oppgåvene som samfunnsutviklarrolla legg opp til.

Fylkesutvalet er eit lovpålagt organ med ansvar for å leggje fram forslag til økonomiplan og årsbudsjett. Fylkesrådmennene rår fellesnemnda til å gje fylkesutvalet eit overordna ansvar for tverrsektorielle fag- og politikkområde som gjeld heile den fylkeskommunale verksemda. Særleg for å ivareta samfunnsutviklarrolla skal fylkesutvalet sjå følgjande oppgåver i eit regionalt heilskapsperspektiv:

- a) Klima, miljø og berekraft.
- b) Internasjonalt arbeid.
- c) Folkehelse.
- d) Eigarskap.
- e) Regional planstrategi.
- f) Kommunale og statlege planar.
- g) Tannhelse.

Fylkesrådmennene rår fellesnemnda til å gå inn for følgjande struktur for faste hovudutval, der det nye fylkestinget sine 65 medlemmer – med unntak av fylkesordførar, fylkesvaraordførar og kontrollutvalet sine medlemmer – kan fordelast på desse hovudutvala:

- a) Hovudutval for mobilitet og infrastruktur.
- b) Hovudutval for opplæring og kompetanse.
- c) Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon.
- d) Hovudutval for kultur, idrett og integrering.

Prosjektlear bør elles no få i oppgåve å utarbeide framlegg til politiske underutval, nemnder, råd og komitear, samt framlegg til reglement for godtgjersle for dei folkevalde i den nye fylkeskommunen. Fellesnemnda sitt arbeidsutval får seg førelagt ei eiga sak til handsaming 18.10.18, og fellesnemnda gjer endeleg vedtak 30.10.18. Prosjektlear bør også no få i oppgåve å utarbeide framlegg til delegeringsreglement som vert lagt fram for politisk behandling i fellesnemnda seinast i første kvartal 2019. Denne saka skal leggje rammene for dei faste utvala si samansetjing, mandat og mynde til å ta avgjerd på vegne av fylkeskommunen.

Når det gjeld ev. nye oppgåver til fylkeskommunane etter Stortinget si framtidige handsaming av ekspertutvalet si innstilling av 01.02.2018, har fylkesrådmennene ikkje forskottert kva som kjem ut av denne prosessen. Konsekvensar av ytterlegare overføring av nye oppgåver til fylkeskommunane må såleis innarbeidast i den politiske utvalsstrukturen på eit seinare tidspunkt. Fylkesrådmennene meiner prosjektlear bør vurdere nærare om det vil vere naudsynt å gjere endringar i den politiske organiseringa som følgje av overføring av eventuelle nye oppgåver til fylkeskommunane.



Sogn og Fjordane
fylkeskommune



Hordaland
fylkeskommune

INTENSJONSPLAN FOR SAMANSLÅING AV SOGN OG FJORDANE OG HORDALAND

INNHALD

1.	Innleiing	2
2.	Mål for samanslåing	2
3.	Eit nytt regionalt folkevalt nivå på det sentrale Vestlandet	4
3.1	Regionen sitt namn og merke	
3.2	Representantar i regiontinget	
3.3	Regionen si valordning	
3.4	Politisk styreform	
3.5	Regionen sitt administrasjonssenter og politisk leiing	
3.6	Regiontinget, regionutvalet og hovudutvala sine samlingar og møte	
3.7	Administrasjonsspråk og statleg tenestespråk	
4.	Leiing, organisering, arbeidsdeling	5
4.1	Politisk organisering	
4.2	Administrativ organisering	
5.	Framtidig tenesteyting	7
6.	Tilsette	8
7.	Økonomi	8
8.	Samansetting av fellesnemnd for overgangsperioden 2017 - 2020	9
9.	Val av nytt regionting	9
10.	Vilkår for den nye regionen	9

17.01.2017

1. INNLEIING

Fylkeskommunane i Sogn og Fjordane og Hordaland vil slå saman dei to fylka frå 01.01.2020. Dagens to fylkeskommunar vert då erstatta av ein ny region som dekker ein stor del av det sentrale Vestlandet; Vestlandsregionen.

Intensjonsplanen dannar grunnlaget for vedtak om samanslåing. Vedtaka vert gjort i dei respektive fylkestinga. Dei to fylkestinga søker så Stortinget om å bli slegne saman i ein ny folkevald region.

Fylkestinga i Sogn og Fjordane og Hordaland set som vilkår for å etablere ein Vestlandsregion med til saman 630.000 innbyggjarar, at vi får overført ansvaret for fleire statlege samfunnsoppgåver, samt at vi får behalde dei viktigaste oppgåvene vi har i dag. Ein annan sentral føresetnad for samanslåing er at regionreforma fører til at tal folkevalde regionar vert om lag 10 (reell regionreform).

2. MÅL FOR SAMANSLÅING

Overordna mål

Vestlandsregionen skal vere ein sterk, attraktiv og kompetent samfunnsutviklar og tenesteytar under regional folkevald styring.

Hovudmål 1 – Sterkare demokrati gjennom ein ny folkevald region

Regionen skal ha større demokratisk påverknad regionalt og nasjonalt, og skal sikre fleire statlege ressursar, etableringar og prioriteringar på Vestlandet enn fylkeskommunane kunne fått til kvar for seg.

Delmål

- Viktige samfunnsoppgåver blir overførte frå statleg til regionalt folkevalt nivå, og desse vert sett i samanheng med fylkeskommunane sine noverande oppgåver og ansvarsområde.
- Politiske og administrative nettverk skal vidareutviklast og styrkast.

Hovudmål 2 – Framtidsretta samfunnsutvikling på Vestlandet

Vestlandsregionen skal sikre og utvikle gode og vekstkraftige lokalsamfunn og sterke by- og senterområde.

Delmål

- I samarbeid med kommunar og andre samfunnsaktørar skal Vestlandsregionen sikre busetjingsmønster, attraktivitet og eit allsidig næringsliv i heile regionen.
- Vestlandsregionen leier ein regional partnerskap som utviklar berekraftige og miljøvenlege by- og senterområde som sentra for næringsliv, kultur og høgare utdanning.
- Verkemiddelapparatet for næringsutvikling og innovasjon skal i større grad bygge opp under dei regionale partnerskapane sine satsingsområde.
- Bergensområdet skal utviklast som regionalt vekstsentrum og drivkraft for utvikling av heile regionen.
- Det skal vere ein god balanse mellom storbyen Bergen og distrikta elles i regionen.

Hovudmål 3 – Høg kvalitet i tenestene

Vestlandsregionen skal vidareutvikle og sikre høg kvalitet i dei regionale tenestene til innbyggjarane, organisasjonar og næringslivet på Vestlandet.

Delmål

- Vestlandsregionen skal tilby brukarnære og gode tenester innanfor ein effektiv og desentralisert tenestestruktur.

Hovudmål 4 – Strategisk infrastrukturbygging

Vestlandsregionen skal sikre ein framtidretta infrastruktur på Vestlandet, med mål om betra samband internt i regionen og gode kommunikasjonar mot resten av landet og ut i Europa.

Delmål

- Vestlandsregionen skal gjennom ei kontinuerleg satsing på infrastruktur og kommunikasjonar nytte synergjar mellom vekstkraftige sentra og omlandet betre. Auka samhandling og utvida bu- og arbeidsmarknadsregionar skapar sjølvgenererande vekst- og utvikling. Realisering av opprusta og ferjefri E39 vil vere ein viktig faktor for å utvikle Vestlandet som nasjonal vekstregion.
- Vestlandet er samla om at det er vesentleg med gode sambindingsvegar aust-vest, og at dei hovudkorridorane som vert valde dekkjer regionen samla best muleg.
- Gjennom strategisk infrastrukturplanlegging skal vi i større grad få tilgang til, og nytte, tilgjengelege ressursar og all tilgjengeleg kompetanse i regionen.
- Eit sentralt element i satsinga er ein sterkare digital infrastruktur, noko som styrkar regionen sin attraktivitet for busetnad og næringsetableringar.

Hovudmål 5 – Kultur og identitetsbygging

Vestlandsregionen skal bidra til å bygge ein sterkare felles kultur og identitet på tvers av dagens fylkesgrenser, utan at dette går ut over innbygarane sin identitet til lokalsamfunna dei bur i. Vestlandsidentiteten har lange historiske tradisjonar.

Nynorsk har vore, og er, ein viktig felles identitetsbygger. Lokale skilnader i kultur vil, og skal framleis vere, viktig og eit felles mål å ta vare på.

Delmål

- Vestlandsregionen skal utviklast som merkevare og symbol.
- Eit breitt og mangfaldig kulturtilbod skal sette Vestlandsregionen på kartet som ein sterk og inkluderande kulturformidlar.

Hovudmål 6 – Berekraftig forvaltning av samla ressursar

Vestlandsregionen skal, innanfor strukturane som vert valde, sikre ei betre forvaltning av dei samla ressursane på Vestlandet enn dagens fylkeskommunar gjer kvar for seg. Kompetansen og ressursane i heile regionen vert nytta.

Delmål

- Naturgjevne føresetnader og menneskelege ressursar på Vestlandet skal nyttast på ein heilskapleg og berekraftig måte.
- Faglege og administrative ressursar i regionen skal nyttast gjennom ei desentralisert organisering og effektiv samhandling.

3. EIT NYTT REGIONALT FOLKEVALT NIVÅ PÅ DET SENTRALE VESTLANDET

3.1 Regionen sitt namn og merke

Fylkestinga går inn for at den nye regionen sitt namn blir Vestlandet/Vestlandsregionen.

Fellesnemnda får i oppgåve å føreslå eit nytt fylkes-/regionvåpen som kan vere eit samlande symbol for dei to noverande vestlandsfylka.

3.2 Representantar i regiontinget

Fylkestinga i Hordaland og Sogn og Fjordane går inn for at regiontinget får 65 representantar.

Fellesnemnda får i oppgåve å avklare talet nærare, og skal vidare sjå dette i samheng med kap. 3.3 i intensjonsplanen (regionen si valordning).

3.3 Regionen si valordning

Ein Vestlandsregion vert etablert som éin samla valkrins. Ordninga trer i kraft for region-/fylkestingsvalet hausten 2019.

Dersom Stortinget vedtek ein lovproposisjon i 2018 som opnar for ei valordning med utjamningsmandat, t.d. med tre representantar/mandat frå kvart av dagens fylke, vil Vestlandsregionen vurdere å nytte ei slik valordning frå og med hausten 2019.

3.4 Politisk styringsform

Fylkestinga i Hordaland og Sogn og Fjordane går inn for at formannskapsmodellen vert lagt til grunn som politisk styringsform for den nye regionen.

3.5 Regionen sitt administrasjonssenter og politisk leiing

Bergen vert administrasjonssenter for Vestlandsregionen, med lokalisering av rådmannsfunksjon og politisk leiing.

3.6 Regiontinget, regionutvalet og hovudutvala sine samlingar og møte

Regiontinget skal ha årlege samlingar i dagens Sogn og Fjordane. Samlingar utover dette vert i hovudsak lagt til administrasjonssenteret.

Regionutvalet og hovudutvala sine møte vil i utgangspunktet vere lagt til administrasjonssenteret.

Hovudutvala og regionutvalet skal likevel vere fleksible og kunne alternere i regionen for å ivareta lokalkunnskap og for å halde oppe kontakten med lokalsamfunna i heile regionen. Alle utvala skal ha årlege samlingar i dagens Sogn og Fjordane.

3.7 Administrasjonsspråk og statleg tenestespråk


Nynorsk vert administrasjonsspråk og statleg tenestespråk for den nye regionen.

4. LEIING, ORGANISERING OG ARBEIDSDELING

Vestlandet skal organiserast slik at regionen samla kjem sterkare ut i eit godt samspel mellom distrikta og byområda.

4.1 Politisk organisering

Den politiske organiseringa inneber eit regionting, eit regionutval og fire hovudutval (grunnstruktur):



Fellesnemnda får i oppgåve å fremje forslag til den endelege politiske organiseringa innanfor desse rammene, herunder kontrollutval og administrasjonsutval. I denne vurderinga skal også tannhelsetenesta og alle nye oppgåver til det regionale folkevalde nivået vurderast/innplasserast.

4.2 Administrativ organisering

Den nye regionen må utvikle ein samla organisasjonsplan. Organisasjonsplanen bør m.a. definere leiing og lineansvar, stabs- og støttefunksjonar og strategisk planleggingsansvar.

Administrasjonssjefen vil ha ansvar for overordna strategisk samordning og styring av regionen. Stabs- og støttefunksjonar kan vere økonomistyring, HR, innkjøp, IKT, bygge- og eigedomsforvaltninga m.m.

Strategisk planlegging kan omfatte m.a. regional planstrategi, klima og miljø og folkehelse.


Administrasjonssjefen skal sikre ein kompetent og effektiv organisasjon.

Oppgåver innanfor dei sentrale fagområda skal framleis kunne utførast i både dagens fylke. Tilsette kan halde fram å arbeide innanfor ulike sektorar, sjølv om dei ikkje bur og arbeider der administrativ sektorleiing har hovudsete. Dette gjeld også for dei sentrale stabs-, drifts- og støttefunksjonane, som også kan organiserast desentralisert og gjennomgåande i organisasjonen. Sektorinterne funksjonar og fagleg oppgåveløysing av meir operativ karakter kan organiserast med leiing og fysisk plassering andre stader enn der den administrative sektorleiinga er lokalisert.

Hovudutvalsstrukturen dannar utgangspunktet for den administrative organiseringa (leiingsdelinga):

<u>Hovudutval</u>	<u>Administrativ sektorleiing (geografisk plassering av toppleiing)</u>
Næring	Delt fagleg-administrativt ansvar: <u>Hordaland</u> og <u>Sogn og Fjordane</u>
Opplæring og idrett	<u>Hordaland</u>
Samferdsle	Kollektivtransport: <u>Hordaland</u> Veg: <u>Sogn og Fjordane</u>
Kultur	Kultur: <u>Sogn og Fjordane</u>

Den administrative organiseringa (leiingsdelinga) er nærare illustrert under:



Administrative sektorleiarar i den nye regionen skal ha tilstrekkelege strategiske funksjonar til å kunne utøve ei profesjonell og effektiv administrativ leiing, med nødvendige ressursar og kompetanse.

For å sikre ein regional balanse og tilstrekkeleg lokal tilknytning, vert oppgåvene innanfor dei ulike sektorane fordelte slik:


Samferdsleområdet: Under hovudutval for samferdsle vert ansvaret for kollektivtransporttilbodet og veg delt mellom to sektorleiarar. Sektorleiar for kollektivtransport får ansvaret for tenestetilbodet i heile regionen, og denne får sitt hovudsete i Hordaland (Bergen). Sektorleiar for veg får sitt hovudsete i Sogn og Fjordane. Det vil under denne sektorleiaren bli etablert eit tredelt plan- og strategiansvar for dei geografiske områda Sogn og Fjordane, Bergensområdet og distrikta i Hordaland.

Vidaregåande opplæring og idrett: Sektorleiar for vidaregåande opplæring og idrett skal ha sitt hovudsete i Hordaland (Bergen). Under denne leiaren vert plan- og strategiansvaret for den vidaregåande opplæringa i Bergensområdet lagt til Hordaland, medan tilsvarande plan- og strategiansvar for den vidaregåande opplæringa i distrikta utanom Bergensområdet vert lagt til Sogn og Fjordane.

Næring: Under hovudutval for næring vert det etablert eit delt geografisk ansvar basert på dagens fylke, Hordaland og Sogn og Fjordane (to likestilte sektorleiarar). Hovudutvalet skal samordne den næringsretta innsatsen i Vestlandsregionen.

Kultur: Sektorleiar for kultur skal ha sitt hovudsete i Sogn og Fjordane. Det vil under denne sektorleiaren bli etablert eit tredelt plan- og strategiansvar for dei geografiske områda Sogn og Fjordane, Bergensområdet og distrikta i Hordaland.

Dette kan også illustrerast gjennom følgjande matrise (organisasjonsskisse):



Endeleg administrativ organisering vert lagt på plass innanfor desse rammene.

5. FRAMTIDIG TENESTEYTING

Vestlandsregionen skal vidareutvikle og sikre høg kvalitet i dei regionale tenestene til innbyggjarane, organisasjonar og næringslivet på Vestlandet. Regionen skal tilby brukarnære og gode tenester innanfor ein effektiv og desentralisert tenestestruktur.

Vestlandsregionen skal yte best muleg tenester og service overfor innbyggjarane gjennom:

- Ein skulestruktur med eit breitt og likeverdig tilbod med fridom til å velje studieprogram
- Eit effektivt, miljøvenleg og framtidstidsretta kollektivtransportsystem
- Ein kvalitativt god standard på vegnett og ferjesamband
- Eit kulturtilbod med gode og tilgjengelege idrettsanlegg

Samordning på tvers av sektorar skal vere eit prioritert og tydeleg kjenneteikn ved Vestlandsregionen si framtidige tenesteyting.

Regionen si disponering av økonomiske ressursar er med på å legge rammene for tenestetilbodet og regionalt utviklingsarbeid. Det vil vere viktig å finne ein god balanse i bruken av ressursar retta mot Bergensområdet og distrikta i regionen.

6. TILSETTE

Vestlandsregionen skal utøve ei styrkt regionalpolitisk rolle som samfunnsutviklar og tenesteleverandør. Dette vil innebere ein større organisasjon og langt fleire tilsette enn det dei to fylkeskommunane kvar for seg har erfaring med å handtere i dag.

Eit viktig mål med samanslåinga er å skape betre føresetnader for ein kompetent og effektiv administrasjon og tenesteproduksjon, med attraktive og utviklande arbeidsplassar. Ingen som er tilsette i dei to fylkeskommunane på samanslåingstidspunktet skal kunne seiast opp som følgje av samanslåinga. Endringar i stilling og arbeidsoppgåver må likevel kunne reknast med.

Medarbeidarar som eventuelt blir overtalige som følgje av «dublering» eller behov for ny organisering, vil få tilbod om annan høveleg stilling med utgangspunkt i kompetanse og arbeidserfaring etter på førehand haldne samtalar og drøftingar i samsvar med avtaleverk.

Vernet mot oppseiing av medarbeidarar som eventuelt blir overtalige som følgje av samanslåinga, skal vare i 5 – fem – år frå samanslåingsdato. Ein skal i størst muleg grad nytte naturleg avgang som eit aktivt verkemiddel for å unngå oppseiing av tilsette i ein eventuell nedbemanningsprosess.

Dersom lokalisering av arbeidsplassar medfører endra arbeidsstad for noverande tilsette, skal det leggjast til rette for fleksible overgangsordningar slik at den tilsette får ei moglegheit til å halde fram med å jobbe i den nye regionen. Perioden for slike overgangsordningar skal ha 5 – fem – års varigheit frå samanslåingsdato. Generelle og spesielle overgangsordningar av denne typen vert fastsette etter nærare drøftingar med dei som vert berørte og med tillitsvalde.

Ingen tilsette skal få forringa sine løns- og arbeidsvilkår som følgje av samanslåinga. Det vert sett ned ei partssamansett arbeidsgruppe som skal utvikle ein felles lønspolitikk og få til ei harmonisering av dei tilsette sine løns- og arbeidsvilkår der dette er rimeleg. Partane skal forhandle fram felles retningslinjer for handsaming av overtalige, der ein m.a. tek omsyn til rimeleg reisetid ved tilbod om endra arbeidsstad.

Samanslåinga skal ikkje svekke rolla til arbeidstakarorganisasjonane. Ein skal utøve samråding med representasjon frå dei eksisterande fylkeskommunane i den nye Vestlandsregionen. Dersom den nye regionen får fleire administrative nivå, må ein sikre ressursar til tillitsvalde også på desse nivåa, slik at samråding mellom tilsette og arbeidsgjevar kan gå føre seg her. Ressursane til tillitsvalde på alle nivå skal oppretthaldast (minst) som i dag.

7. ØKONOMI

Disponibel formue mv. frå dei to fylkeskommunane skal frå 01.01.2020 disponerast av det nye regiontinget til beste for innbyggjarar, samfunn og næringsliv i heile den nye Vestlandsregionen.

Då Sogn og Fjordane fylkeskommune har relativt høge netto formuesverdiar og høge lokale inntekter, blir fylket gitt høve til å la desse verdiane bli haldne utanfor regionetableringa i 2020. Dersom fylkeskommunen vel å gjere dette, vil fylket kunne leggje nemnde verdiar i eigne investerings- og disposisjonsfond. Det samla fondsbeløpet skal ikkje overstige 1,5 mrd.kr.

I så fall kan heile beløpet frå salet av Fjord1 AS (1.064 mill.kr, inkl. sluttoppgjer i juni 2020) og det fylkeskommunen eventuelt måtte ha av bokførte aksjeverdiar i SFE AS/SF Holding AS ved regionetableringa i 2020 (356 mill.kr pr. 31.12.16) fondsplasserast. Fondsmidlane, og utbytte av aksjane, skal kunne nyttast til særskilde investerings- og utviklingsprosjekt i Sogn og Fjordane.

Fellesnemnda får i oppgåve å bli samde om vedtekter for fondet. Regiontinget vil delegere forvaltninga fondet til eit fondsstyre, valt av og blant regiontingets medlemmer. I fondsstyre skal representantar frå Sogn og Fjordane ha fleirtal.

8. SAMANSETTING AV FELLESNEMND FOR OVERGANGSPERIODEN 2017-2020

Det vert oppnemnt ei fellesnemnd som går ut frå dei to noverande fylkestinga i samsvar med inndelingslova.

Nemnda skal vere samansett av dei to fylkesutvala i Sogn og Fjordane og Hordaland, til saman 24 medlemmer. Fellesnemnda skal ha leiar frå Hordaland og nestleiar frå Sogn og Fjordane.

Det vil bli vurdert å etablere eit arbeidsutval ut frå fellesnemnda sine medlemmer.

Arbeidsoppgåver, rolle og fullmakter for fellesnemnda vert fastsett ved vedtak i dei respektive fylkestinga.

9. VAL AV NYTT REGIONTING

Fylkestinga går inn for at representantar til det nye regiontinget vert valde gjennom valet hausten 2019, og at konstituering av det nye regiontinget vert gjort seinast 01.01.2020.

10. VILKÅR FOR DEN NYE REGIONEN

Fylkestinga i Hordaland og Sogn og Fjordane sluttar seg til intensjonsplanen, og stiller følgjande vilkår for å etablere ein ny folkevald region:

- a) Viktige samfunnsoppgåver blir overført frå statleg til regionalt folkevalt nivå, og desse vert sett i samheng med sentrale oppgåver og ansvarsområde som fylkeskommunane no har.
- b) Det er ein føresetnad at ansvaret for kollektivtransport og vidaregåande opplæring framleis skal liggje til regionen/fylkeskommunane.
- c) Regionen skal ha ansvaret for den offentlege tannhelsetenesta.
- d) Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar føreset at fylka i sin heilskap inngår i den nye Vestlandsregionen.
- e) Dei to fylkeskommunane legg til grunn at fylkesmannsambetet får ei organisering og ei regional inndeling som samsvarer med det nye folkevalde regionale nivået sin geografiske struktur.
- f) Det vert lagt til grunn at fylkesmannsambetet skal ha ei desentralisert forvaltning lokalisert i dagens fylke, med leiing frå Sogn og Fjordane.
- g) Dei to fylkeskommunane legg til grunn at det nye regionkontoret for NAV vert lokalisert i Bergen.
- h) Eit eventuelt regionalt bestilleransvar for landsdekkande ferjeverksemd vert lagt til Vestlandet.

Os, 17. januar 2017

Jenny Følling
Fylkesordfører
Sogn og Fjordane
(sign.)

Pål Kårbø
Fylkesvaraordfører
Hordaland
(sign.)

Intensjonsplanen er signert med atterhald om at denne vert godkjend
i fylkestinga i Sogn og Fjordane og Hordaland.



REGLEMENT FOR FELLESNEMNDA

**FELLESNEMND FOR SAMANSLÅING AV SOGN OG FJORDANE
OG HORDALAND FYLKESKOMMUNAR FRÅ 01.01.2020**

REGLEMENT VEDTEKE 27.10.2017

Reglement for fellesnemnda, vedteke 27.10.2017

Reglementet for fellesnemnda for samanslåing av Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar vart vedteke i fylkestinga i Sogn og Fjordane og Hordaland i Gulen kommune 27.10.2017.

Reglementet har følgjande 21 paragrafar:

1. Fellesnemnda vert samansett av dagens to fylkesutval, med til saman 24 medlemmer: 15 frå fylkesutvalet i Hordaland og 9 frå fylkesutvalet i Sogn og Fjordane.

Nemnda får leiar frå Hordaland og nestleiar frå Sogn og Fjordane.
2. Fellesnemnda konstituerer seg sjølv og vel sjølv leiar og nestleiar. Dei to fylkesrådmennene (Sogn og Fjordane og Hordaland) utgjer eit felles sekretariat for fellesnemnda inntil nemnda finn det tenleg at framtidig administrasjonssjef overtek denne funksjonen.
3. Fellesnemnda sin funksjonsperiode går fram til nytt fylkesting vert konstituert.
4. Fellesnemnda skal primært planleggje og førebu iverksetting av samanslåinga fram til konstituering av nytt felles fylkesting. Det er dei to fylkestinga som er ansvarlege for verksemda i dei to fylkeskommunane fram til samanslåingstidspunktet 01.01.2020.
5. Fellesnemnda bør utarbeide ein prosjekt- og framdriftsplan for det førebuande arbeidet, inkl. budsjett for samanslåingsprosessen.
6. Fellesnemnda kan opprette eit eige arbeidsutval (FAU), som får fullmakt til å gjere vedtak i einskildsaker eller i saker som ikkje er av prinsipiell karakter. Nemnda må i så fall vedta eit eige reglement for arbeidsutvalet.
7. Fellesnemnda fastset modell for politisk og administrativ organisering i den nye fylkeskommunen innanfor rammenes om er fastlagde i intensjonsplanen av 17.01.17. Nemnde modell bør likevel kunne vurderast dersom det skjer vesentlege endringar i fylkeskommunane sine oppgåver.
8. Fellesnemnda får ansvaret for det førebuande arbeidet med budsjettet for det første driftsåret etter at samanslåinga er sett i verk (2020), samt for tilsvarande arbeid med økonomiplan for perioden 2020–23.
9. Fellesnemnda gjev uttale til Kommunal- og moderniseringsdepartementet om dei vedtekne årsbudsjetta for 2018 og 2019 for dei to fylkeskommunane.
10. Fellesnemnda kan inngå avtalar på vegne av den nye fylkeskommunen, i den grad slike avtalar må inngåast før fylkestinget er konstituert.

Dersom det er aktuelt for fellesnemnda å delegere slikt mynde vidare til fylkesrådmennene, har fellesnemnda høve til å gjere dette.

11. Fellesnemnda får fullmakt til overføring av personell til den nye fylkeskommunen, og har ansvar for eit informasjons- og drøftingsopplegg med dei tillitsvalde gjennom samanslåingsprosessen.
12. Fellesnemnda kan delegere fullmakt til fylkesrådmennene i tråd med kommunelova sine reglar innanfor økonomi- og personalforvaltning m.m.
13. Fellesnemnda får ansvar for informasjonsarbeid og involvering av kommunane og innbyggjarane i arbeidet med å etablere den nye fylkeskommunen.
14. Fellesnemnda får mynde til å tilsetje administrasjonssjef, samt velje sekretariatsordning for kontrollutvalet, revisjonsordning og revisor.
15. Fellesnemnda får i oppgåve å føreslå eit nytt fylkesvåpen som kan vere eit samlande symbol for dei to noverande vestlandsfylka. Fellesnemnda må i dette arbeidet avklare den vidare prosessen for eit endeleg vedtak knytt til nytt fylkesvåpen.
16. Dersom enkelte saker som vedkjem samanslåingsprosessen er av ein slik karakter at dei må handsamast særskilt i eitt eller begge fylkestinga, har fellesnemnda innstillingsrett i saka.
17. Fellesnemnda får i oppgåve å opprette eit partssamansett utval, underlagt fellesnemnda, til arbeidet med å etablere den nye fylkeskommunen. Fellesnemnda fastset mandat for det partssamansette utvalet.

Utvalet skal m.a. utforme ein omstillingsavtale som rammeverk for dei tilsette i denne samanslåingsprosessen, med heimel i arbeidsmiljølova og hovudavtalen.

18. Eingongskostnaden ved fylkessamanslåinga vert dekkja ved at kvart fylke som inngår i samanslåinga får utbetalt 15 mill.kr. Fellesnemnda får fullmakt til å disponere den samla ramma på 30 mill.kr som støtte til eingongskostnader i det førebunde arbeidet og gjennomføringa av fylkessamanslåinga, jf. punkt 5 over.

Eventuelle behov utover denne ramma må løyvast av dei to fylkestinga når det føreligg eit nærare avklara budsjett for arbeidet.

Rekneskapsfunksjonen for fellesnemnda vert lagt til Hordaland fylkeskommune.

19. Fylkesrådmennene og ny administrasjonssjef har møte- og talerett i fellesnemnda, og innstiller i saker som vert lagt fram for nemnda.
20. Medlemer i fellesnemnda og andre politiske utval under fellesnemnda skal godtgjerast i samsvar med gjeldande reglement i dei respektive fylkeskommunar.
21. Sakshandsamingsreglane i kommunelova gjeld tilsvarande for alt arbeid i fellesnemnda.

Arkivnr: 2016/3311-11
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		
Fellesnemnda	14/18	04.05.2018
Fellesnemnda	23/18	22.06.2018

Val av sekretariatsordning for kontrollutvalet i ny fylkeskommune**Forslag til innstilling**

1. Den nye fylkeskommunen held fram med å ha eige kontrollutvalssekretariat med eigne tilsette, inkl. sal av sekretariatstenester opp mot kontrollutval i kommunar mv.
2. Det vert oppretta eit tilsettingsutval for tilsetting av kontrollsjef som er samansett av dei to kontrollutvalsleiarane, dei to nestleiarane og to tillitsvalde. Desse innstiller overfor Fellesnemnda om kven av dei noverande kontrollsjefane som skal vera kontrollsjef for den nye fylkeskommunen.
3. Kontrollsjefen for den nye fylkeskommunen får fullmakt til å utgreie sak med forslag til organisering og lokalisering av sekretariat for kontrollutvalet.
4. Kontrollsjefen skal leggje fram forslaget for dei to kontrollutvala som vedtek innstilling overfor Fellesnemnda som gjer endeleg vedtak om organisering og lokalisering.

Vedlegg:

- 1: Partsbrev – Val av sekretariatsordning for kontrollutvalet i ny fylkeskommune – HFK 12.03.18
- 2: Val av sekretariatsordning for kontrollutvalet i ny fylkeskommune etter møte i KU i SFJ 03.04.18

SAKSFRAMSTILLING

Samandrag

Kontrollutvala i Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune har handsama sak om val av sekretariatsordning for kontrollutvalet i ny fylkeskommune slik:

- Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune sak PS 20/18 i møte 12.03.2018

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00

Direkte telefon 55239447 – Mobil 97505152 - E-postadresse: Roald.Breistein@hfk.no eller kontrollutvalet@hfk.no

Bankgironr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

- Kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune sak 19/18 i møte 03.04.2018

Begge kontrollutvala har vedteke likelydande innstilling til fellesnemnda slik den går fram nedanfor. Det vert likevel gjort merksam på at innhaldet i saksframlegga er ulike på nokre område då utvala ikkje hadde samanfallande syn i alle deler av bakgrunnen for saka.

Partsbrev frå begge møta ligg ved.

Saksprotokoll i fellesnemnda - 04.05.2018

Saka vart utsett til junimøtet.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
utvalgssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.



Fellesnemnda

Dato: 05.04.2018
Vår ref.: 2016/3311-12
Dykkar ref.:

Partsbrev - Val av sekretariatsordning for kontrollutvalet i ny fylkeskommune

Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune vedtok i møte 12.03.2018 slik innstilling til fellesnemnda i sak PS 20/18 Val av sekretariatsordning for kontrollutvalet i ny fylkeskommune:

«Handsaming i møte

Under diskusjonen kom det fram at utvalet meiner at punkt 3 og 4 i forslag til vedtak burde vore bytta ut med dette:

«Sekretariat for kontrollutvalet i den nye fylkeskommunen har hovudkontor i Bergen og avdelingskontor i Leikanger. Kontrollsjefen har kontortilhald på hovudkontoret.»

Etter felles diskusjon kom ein likevel fram til å gå inn for forslag til innstilling.

Forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

- 1. Den nye fylkeskommunen held fram med å ha eige kontrollutvalssekretariat med eigne tilsette, inkl. sal av sekretariatstenester opp mot kontrollutval i kommunar mv.*
- 2. Det vert oppretta eit tilsettingsutval for tilsetting av kontrollsjef som er samansett av dei to kontrollutvalsleiarane, dei to nestleiarane og to tillitsvalde. Desse innstiller overfor Fellesnemnda om kven av dei noverande kontrollsjefane som skal vera kontrollsjef for den nye fylkeskommunen.*
- 3. Kontrollsjefen for den nye fylkeskommunen får fullmakt til å utgreie sak med forslag til organisering og lokalisering av sekretariat for kontrollutvalet.*
- 4. Kontrollsjefen skal leggje fram forslaget for dei to kontrollutvala som vedtek innstilling overfor Fellesnemnda som gjer endeleg vedtak om organisering og lokalisering.»*

Vedlagt følgjer også saksframlegget.

Inge Reidar Kallevåg
kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Arkivnr: 2016/3311-9
Saksbehandlar: Inge Reidar Kallevåg

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	20/18	12.03.2018

Val av sekretariatsordning for kontrollutvalet i ny fylkeskommune

Bakgrunn for saka:

Inndelingslova § 26 omhandlar fellesnemnd. I 5. lekk står følgjande:

«Nemnda kan få fullmakt til å tilsetje personale i den nye eininga. Dette omfattar også tilsetjing av administrasjonssjef og revisor. Tilsetjing av revisor skjer på bakgrunn av innstilling frå kontrollutvala. Nemnda kan òg få fullmakt til å vidareføre deltaking i interkommunalt samarbeid om revisjon eller vidareføre avtale med annan revisor. Tilsvarande gjeld for sekretariatet for kontrollutvalet. Slikt vedtak skjer etter innstilling frå kontrollutvala.»

Fylkestinga i Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune fatta 27.10.17 likelydande vedtak om mandat til Fellesnemnda. Pkt. 14 i mandatet lyder slik:

«Fellesnemnda får mynde til å tilsetje administrasjonssjef, samt velje sekretariatsordning for kontrollutvalet, revisjonsordning og revisor.»

Fellesnemnda fatta så slik samrøystes vedtak i sitt første møte, sak PS 4/17 (sakshandsamar har utheva noko tekst):

1. *Fellesnemnda gjev fylkesrådmennene/prosjektleiар fullmakt til å utforme og fastsetje den administrative organiseringa av den nye fylkeskommunen **med unntak for sekretariatet for kontrollutvalet**, i samsvar med fellesnemnda si vedtekne politiske organisering samt føringane i intensjonsplanen, datert 17.01.2017.*

2. Fellesnemnda gjev fylkesrådmennene/prosjektleiariar fullmakt til å inngå avtalar om innkjøp og drift av administrative styringsverktøy for den nye fylkeskommunen.
3. Fylkesrådmennene/prosjektleiariar får fullmakt til overføring og tilsetjing av personell i den nye fylkeskommunen men **med unntak for stillingar i sekretariatet for kontrollutvalet**, samt til å gjere vedtak i personalsaker. Med denne fullmakta følger også ansvaret for eit informasjons- og drøftingsopplegg med dei tillitsvalde gjennom samanslåingsprosessen.

Denne saka handlar i første rekke om sekretariatsordning, men det er også funne naturleg å avklara prosess med å avklara kven som skal leia sekretariatet, samt spørsmål om lokalisering.

Kontrollutvala i dei to fylkeskommunane hadde arbeidsmøte 21.11.17. I saksframlegget står følgjande opplysning om sekretariatsordninga slik den er i dag:

«Dei to fylkeskommunane har sekretariatsordning i eigenregi der dei tilsette i sekretariata er tilsette i fylkeskommunen. Hordaland fylkeskommune har eit sekretariat som består av fem tilsette, der sekretariatet sel tenester til kontrollutvala i 17 kommunar og eit kyrkjeleg fellesråd i tillegg til å vere sekretariat for fylkeskommunen. Sekretariatet i Sogn og Fjordane fylkeskommune består av ein tilsett, som har sekretariatsansvaret for fylkeskommunen.»

Det vart ikkje fatta vedtak i saka, men i protokoll frå møtet er med at kontrollutvalsleiarane skulle skriva saksframlegg i saka.

Drøfting.

Kontrollutvalssekretariata i Noreg kom til i kraft av ny forskrift om kontrollutval av 2004, der det gjekk fram at alle kommunar og fylkeskommunar skulle ha eit kontrollutvalssekretariat innan 01.01.2005. Desse skulle vera uavhengig både ft. revisjonen og ift. kommuneadministrasjon.

Kommunal- og Moderniseringsdepartementet (KMD), har bestilt to landsdekkande kartleggingar av sekretariatsordningane etter det:

- I 2009 skreiv Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT) «Notat om ulike sekretariatsordningar for kontrollutvala i norske kommunar og fylkeskommunar». Dette var bestilt av og sendt til KMD si arbeidsgruppe som skulle føreslå tiltak for å styrka eigenkontrollen i kommunar og fylkeskommunar.
- I 2014 skreiv Deloitte ei «Evaluering av kontrollutval og kontrollutvalssekretariat» på oppdrag for KMD. Kapittel 9 omhandlar kontrollutvalssekretariata og her er ulike ordningar omtalt.

Det var endringar blant sekretariata frå 2009 til 2014, noko det og har vore seinare, men her vert teke utgangspunkt i slik oppsettet var i 2014. I Deloitte sitt dokument er sekretariatsordningane grovsortert som 5 modellar:

Modell 1: Kommunale samarbeidsløsningar (Interkommunale selskaper og samarbeid)
«Mer enn fire av fem kontrollutvalg får sekretariattjenester levert fra en virksomhet som er organisert som et interkommunalt selskap (IKS) eller interkommunalt samarbeid (drøyt 81 prosent). Kartleggingen viser at det i dag er 15 sekretariater som er organisert som et IKS. Disse virksomhetene betjener rundt 47 prosent av norske kommuner. Videre er det 17 interkommunale samarbeid etter kommuneloven § 27 eller vertskommunemodell etter kommuneloven § 28 som benyttes av rundt 35 prosent av kommunene. I tillegg kommer kommunale bytteordninger (se nedenfor). Et samarbeid med andre kommuner lokalisert i samme distrikt/region er således den vanligste modellen.»

Modell 2: Eget sekretariat

«Tre kommuner (Oslo, Bærum, Bergen) og fem fylkeskommuner (Sogn og Fjordane, Møre- og Romsdal, Rogaland, Nordland og Hordaland) har et eget sekretariat underlagt kontrollutvalget. Dette innebærer at to prosent av norske kontrollutvalg har ansatt eget sekretariat. I disse kommunene er den/de ansatte i sekretariatet ansatt i den kommunen som kontrollutvalget dekker, men den/de ansatte er direkte underlagt kontrollutvalget. Hordaland Fylkeskommune har eget sekretariat, men denne modellen omtales også nedenfor, ettersom dette sekretariatet betjener en rekke andre kommuner i fylket (modell 3). For Hordaland Fylkeskommune plasseres dette sekretariatet likevel her under modell 2.»

Modell 3: Kjøp fra andre kommuner/fylkeskommuner, herunder kommunal bytteordning

«Drøyt fire prosent av norske kontrollutvalg kjøper sekretariattjenester fra andre kommuner/fylkeskommuner. Hordaland Fylkeskommune (HFK) er i dag sekretariat for 17 kontrollutvalg utover eget kontrollutvalg. Dette utgjør rundt fire prosent av norske kontrollutvalg. De ansatte i HFK-sekretariatet er ansatt i fylkeskommunen. I Hordaland finnes det også eksempel på en kommunal bytteordning der kommunene Askøy og Vaksdal leverer sekretariattjenester til hverandre.»

Modell 4: Kjøp fra private selskaper (AS) og «sekretariatselskap»

«Ni prosent av norske kontrollutvalg får sekretariattjenester gjennom kjøp fra private selskaper og «sekretariatselskap» Herunder er det rundt fire prosent av norske kontrollutvalg kjøper sekretariattjenester fra tre ulike private revisjonsselskap. ...»

Modell 5: Kjøp fra andre, herunder private/enkeltpersoner

«Til sammen 17 kontrollutvalg (4 prosent) får sekretariatstjenester fra åtte enkeltpersoner. Fem er bare sekretær for én enkeltkommune, mens de øvrige tre har flere. ...»

I kontrollutvala sitt fellesmøte vart det konstatert at begge fylkeskommunane har eige sekretariat, samt at sekretariatet i Hordaland også sel tenester til 17 kommunale kontrollutval og kontrollutvalet til eit kyrkjeleg fellesråd.

Etter lovendringa i 2004 hadde kontrollutvalsleiar i Hordaland fylkeskommune møte med kommunane i Hordaland om dei var interessert i eit samarbeid om den nye sekretariatsfunksjonen og i tilfelle på kva måte. Tilbakemeldinga var at mange kommunar ønskte å delta i ei slik ordning, men dei ønskte ikkje å vera med på eigarsida. Heller reint kjøp av sekretariatstenester mellom fylkeskommune og kommunar.

Slik vart det. Såleis oppnådde ein at det var minst to heiltidstilsette i sekretariatet. Då var ein fleire som kunne drøfta ulike problemstillingar undervegs, ein fekk synergieffekt ved at det positive som skjedde i eit kontrollutval kunne formidlast til andre utval og ein vart mindre sårbar ved sjukdom, ferie og vakans. Ettersom fleire og fleire kommunar har meldt si interesse etter kvart, er her no fleire tilsette. Fleire avtalar gjeld forøvrig langt vidare enn til tidspunkt for fylkessamanslåinga.

Det var stemning blant kontrollutvala for å halda fram med noverande ordning, underforstått eige sekretariat. Vidare vart det framført at det var viktig å ha og betjena dei eksterne kundane godt. Dermed er ein på modell 2-3. Undervegs vart «eigenregi» nytta som eit omgrep som illustrasjon på noverande ordning. Det omgrepet kan lett forvekslast med at modell 1 også kan vera aktuell, men det vart ikkje framført noko i fellesmøtet om at selskapsdanning eller interkommunalt samarbeid etter kommunelova § 27 eller § 28 var eit spor å gå vidare på. Derfor vel ein å ikkje nytta dette omgrepet vidare.

Konklusjon om sekretariatsordning.

Den nye fylkeskommunen held fram med å ha eige kontrollutvalssekretariat med eigne tilsette, inkl. sal av sekretariatstenester opp mot kontrollutval i kommunar mv.

Tilsetting av kontrollsjef

I Hordaland fylkeskommune er kontrollsjefen leiar av eit sekretariatet med 5 tilsette som betjener 19 kontrollorgan. I Sogn og Fjordane fylkeskommune er det kontrollsjef som betjener fylkeskommunen sitt kontrollutval.

I kontrollutvala sitt fellesmøte vart framført at ein måtte få avklart kven som skulle vera kontrollsjef for den nye fylkeskommunen etter at sekretariatsordninga var fastlagt. Kontrollutvala meinte at ein av dei to kontrollsjefane vart kontrollsjef i den nye fylkeskommune, at funksjonstida var frå 01.01.2020, men at vedkomande også kunne gjera/leia saksførebuande arbeid ift. ny fylkeskommune før denne er etablert. Det kunne gjerne drøftast med personalavdelingane og tillitsvalde korleis ein skulle gå fram.

I Hordaland fylkeskommune er det i dag kontrollutvalet som har tilsettingsmynde for kontrollsjefen, medan kontrollsjefen er blitt delegert tilsettingsmynde og andre arbeidsgjeverfunksjonar overfor øvrige tilsette. I prosessen med samanslåing av to fylkeskommunar er dette vanskelegare, ettersom ein har to kontrollutval.

Det vert skua til Fellesnemnda sitt arbeid med å rekruttera framtidig fylkesrådmann. Jmf. Fellesnemnda si sak PS 5/17 vert det oppnemnt eit eige tilsettingsutval bestående av arbeidsutvalet og to representantar frå arbeidstakarorganisasjonane. Arbeidsutvalet er samansett av fylkesordførar, fylkesvaraordførar og ein tredje politiskar frå kvar av fylkeskommunane. I lys av dette kan det t.d. vera eit tilsettingsutval for tilsetting av kontrollsjef som er samansett av dei to kontrollutvalsleiarane, dei to nestleiarane og to tillitsvalde. Vidare at desse innstiller overfor Fellesnemnda som så tilset kontrollsjef.

Konklusjon om tilsetting av kontrollsjef.

Det vert oppretta eit tilsettingsutval for tilsetting av kontrollsjef som er samansett av dei to kontrollutvalsleiarane, dei to nestleiarane og to tillitsvalde. Disse innstiller overfor Fellesnemnda om kven av dei noverande kontrollsjefane som skal vera kontrollsjef for den nye fylkeskommunen.

Organisering.

Den som skal vera kontrollsjef for ny fylkeskommune bør og vita kvar arbeidsstaden skal vera. I kontrollutvala sitt fellesmøte var framført synspunkt både på at leiaren måtte ha kontor der flest tilsette er og at dette ikkje var naudsynt ut frå teknologi. Såleis ingen konklusjon i dette møtet.

Nositasjonen er at:

- Intensjonsavtalen mellom Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune slår fast at politisk og administrativ toppleiiing set i Bergen.
- Kontrollinstituttet vert vurdert som nært relatert til leinga. Fylkesrådmannen er ofte invitert inn i kontrollutvala sine møte og sekretariatet er tilstades i Fylkestinget, evnt. på andre fylkeskommunale møte.
- Av 6 tilsette er det 5 som er samla på eit kontor i Bergen.
- Alle dei eksterne oppdraga ligg i Hordaland.

Det er naturleg at leiaren held seg der storparten av dei tilsette er, same kor mange tekniske hjelpemiddel ein kan dra nytte av, samt at det er nærleik til administrativ og politisk toppleiiing.

Såleis meiner kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune at det vil vera naturleg at sekretariatet har hovudkontor i Bergen og avdelingskontor i Leikanger. Vidare at kontrollsjefen har kontortilhald på hovudkontoret i Bergen. Vi er kjend med at kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune ikkje er samd i den vurderinga. På bakgrunn av denne usemja kan det vera føremålstenleg at kontrollsjefen for den nye fylkeskommunen får fullmakt til å utgreie sak med forslag til organisering og lokalisering. Ei slik sak bør leggjast fram for dei to kontrollutvala som vedtek innstilling overfor Fellesnemnda som gjer endeleg vedtak.

Det er elles kontrollsjefen for den nye fylkeskommunen som legg opp det daglege arbeidet, inkl. arbeidsfordelinga, slik den er tenkt frå 01.01.20.

Når det no er under to år til to fylkeskommunar vert slått saman til ein, vil det vera naturleg og at evt. større endringar for eit av sekretariata vert drøfta med kontrollutvalet også i den andre fylkeskommunen.

I Hordaland fylkeskommune har tilbod om sekretariatstenester vore gjeve overfor kommunar i Hordaland. På førespurnad vart det i si tid ikkje gjeve tilbod til ein kommune i Rogaland. Tilsvarande bør tilbod etter 01.01.20 i all hovudsak vera relatert til geografisk grense for den nye fylkeskommunen.

Konklusjon om organisering.

Kontrollsjefen for den nye fylkeskommunen får fullmakt til å utgreie sak med forslag til organisering og lokalisering av sekretariat for kontrollutvalet i den nye fylkeskommunen. Ei slik sak skal leggjast fram for dei to kontrollutvala som vedtek innstilling overfor Fellesnemnda som gjer endeleg vedtak om organisering og lokalisering.

Freistnad på sameining av saksframlegg.

Kontrollutvala i dei to fylkeskommunane hadde sitt andre arbeidsmøte 21.11.17. Her vart «kun» formidla at sekretariatet i Sogn og Fjordane har ein tilsett som betjener deira kontrollutval. Utvalet i Hordaland opplyste tilsvarande at sekretariatet her har 5 tilsette som betjener 19 kontrollorgan.

Tre veker etterpå – 13.12.17 – gjer kontrollutvalet i Sogn og Fjordane slik vedtak i sak 55/17, pkt. 3e:
«Kontrollutvalsleiar fekk fullmakt til å starte ein dialog med styra i SEKOM og VEST kontroll for å diskutere framtidig samarbeid».

Kontrollutvalet i Hordaland finn det særst uheldig, at utvalet i nabofylket dreg i gang ein prosess som i ytterste konsekvens kan innebera omstrukturering av sekretariatsfunksjonen for fylkeskommunen og 24 kommunar i Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal, midt oppi prosessen med å slå saman våre to sekretariat. SEKOM er eit sekretariat i Sogn og Fjordane, medan Vest kontroll er eit sekretariat med sete på Søre Sunnmøre, som og er sekretariat for to kommunar i Sogn og Fjordane.

Ettersom ein i Sogn og Fjordane vel å «ri to hestar samstundes» - ein prosess der Hordaland er inkludert og ein prosess der Hordaland verken er førespurt om eller påtenkt nokon som helst slags rolle i, så har det oppstått usemje om å få til eit sams saksframlegg.

Ved siste forsøk var det semje mellom dei to utvalsleiarane om pkt. 1 og 2 i forslag til innstilling, medan det var usemje knytt til parallelle samtalar med to andre sekretariat i Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal, samt om lokalisering.

For å nærma seg ei innstilling som burde vera grei for begge fylkeskommunane, har Hordaland valt å utsetta spørsmålet om organisering og lokalisering til sams kontrollsjef er tilsett, og la han laga ei utgreiing om det.

Forslag til innstilling

1. Den nye fylkeskommunen held fram med å ha eige kontrollutvalssekretariat med eigne tilsette, inkl. sal av sekretariatstenester opp mot kontrollutval i kommunar mv.
2. Det vert oppretta eit tilsettingsutval for tilsetting av kontrollsjef som er samansett av dei to kontrollutvalsleiarane, dei to nestleiarane og to tillitsvalde. Desse innstiller overfor Fellesnemnda om kven av dei noverande kontrollsjefane som skal vera kontrollsjef for den nye fylkeskommunen.
3. Kontrollsjefen for den nye fylkeskommunen får fullmakt til å utgreie sak med forslag til organisering og lokalisering av sekretariat for kontrollutvalet.
4. Kontrollsjefen skal leggje fram forslaget for dei to kontrollutvala som vedtek innstilling overfor Fellesnemnda som gjer endeleg vedtak om organisering og lokalisering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 12.03.2018

Handsaming i møte

Under diskusjonen kom det fram at utvalet meiner at punkt 3 og 4 i forslag til vedtak burde vore bytta ut med dette:

«Sekretariat for kontrollutvalet i den nye fylkeskommunen har hovudkontor i Bergen og avdelingskontor i Leikanger. Kontrollsjefen har kontortilhald på hovudkontoret.»

Etter felles diskusjon kom ein likevel fram til å gå inn for forslag til innstilling.

Forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Den nye fylkeskommunen held fram med å ha eige kontrollutvalssekretariat med eigne tilsette, inkl. sal av sekretariatstenester opp mot kontrollutval i kommunar mv.
2. Det vert oppretta eit tilsettingsutval for tilsetting av kontrollsjef som er samansett av dei to kontrollutvalsleiarane, dei to nestleiarane og to tillitsvalde. Desse innstiller overfor Fellesnemnda om kven av dei noverande kontrollsjefane som skal vera kontrollsjef for den nye fylkeskommunen.
3. Kontrollsjefen for den nye fylkeskommunen får fullmakt til å utgreie sak med forslag til organisering og lokalisering av sekretariat for kontrollutvalet.
4. Kontrollsjefen skal leggje fram forslaget for dei to kontrollutvala som vedtek innstilling overfor Fellesnemnda som gjer endeleg vedtak om organisering og lokalisering.

Inge Reidar Kallevåg
kontrollutvalsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksbehandlar: Frank Willy Djuvik, leiar kontrollutvalet i Sogn og Fjordane
Sak nr.: 18/2559-1

Val av sekretariatsordning for kontrollutvalet i ny fylkeskommune

Kontrollutvalsleiaren rår kontrollutvalet til å gje slik tilråding:

Kontrollutvalet rår fellesnemnda til å gjere slikt vedtak:

1. Den nye fylkeskommunen held fram med å ha eige kontrollutvalssekretariat med eigne tilsette, inkl. sal av sekretariatstenester opp mot kontrollutval i kommunar mv.
2. Det vert oppretta eit tilsettingsutval for tilsetting av kontrollsjef som er samansett av dei to kontrollutvalsleiarane, dei to nestleiarane og to tillitsvalde. Desse innstiller overfor Fellesnemnda om kven av dei noverande kontrollsjefane som skal vera kontrollsjef for den nye fylkeskommunen.
3. Kontrollsjefen for den nye fylkeskommunen får fullmakt til å utgreie sak med forslag til organisering og lokalisering av sekretariat for kontrollutvalet.
4. Kontrollsjefen skal leggje fram forslaget for dei to kontrollutvala som vedtek innstilling overfor Fellesnemnda som gjer endeleg vedtak om organisering og lokalisering.

Vedlegg:

- Møtereferat etter arbeidsmøtet mellom kontrollutvala i Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar 21.11.2017
- Partsbrev med innstilling til fellesnemnda på val av sekretariatsordning for kontrollutvalet i ny fylkeskommune etter møte i kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune 12.03.2018

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Kontrollutvala i Hordaland og Sogn og Fjordane har av begge sine respektive fylkesting blitt beden om å komme med ei innstilling til val av sekretariatsordning for den nye fylkeskommunen. Då sekretariata sjølv ikkje kan utgreie og vurdere dette, grunna habilitetskonflikt, så har kontrollutvala gitt kontrollutvalsleiarane i oppdrag å utgreie og leggje fram sak om dette, samt komme med innstilling på korleis ein skal tilsette ny kontrollsjef.

Begge fylkeskommunane i dag har sekretariatsordning i «eigenregi» med eigne tilsette, så det er og naturleg at dette vert vidareført i den nye fylkeskommunen. Ein kan ikkje sjå tungtvegande grunnar for å gjere ei endring på dette, då begge fylkeskommunane er godt nøgd med dagens ordning, og den fungerer bra for begge kontrollutvala.

Kontrollutvalet i Sogn og Fjordane har fått invitasjon til dialog med to sekretariatseiningar for kommunane i fylket, for å sjå på mulege samarbeidsløysingar, då sekretariatseiningane ser store utfordringar med å levere sekretariatsfunksjonar til same pris og kvalitet til kommunane i åra

framover. Det vert difor jobba med å finne løysingar med andre sekretariatseiningar for om muleg den nye fylkeskommunen og kan levere tenester til fleire kommunar i Sogn og Fjordane. Etter samanslåinga vil ein truleg ha noko overkapasitet i sekretariatet, då det vert berre eit fylkeskommunalt kontrollutval å levere sekretariatstenester til, mot dagens to. Det vil difor være fornuftig, både økonomisk og fagleg, å sjå på korleis ein kan utnytte denne kapasiteten ovanfor eventuelle kommunar. Dette er ei sak som ligg på utsida av denne saka, men likevel viktig å være merksam på i den vidare prosessen.

Ved ei samanslåing vil ein måtte avklare kven som skal leie det nye sekretariatet. Begge dei to sekretariata har i dag eigen kontrollsjef som truleg begge har rettskrav på stillinga som leiar i det nye sekretariatet. Her er det viktig med ein god og ryddig prosess, og ein tilrår å nytte same modell for tilsetjing av ny kontrollsjef som fellesnemnda nyttar for å tilsette rådmann for den nye fylkeskommunen. Ein ber difor fellesnemnda opprette eit tilsettingsutval beståande av leiar og nestleiar frå begge dei to kontrollutvala, samt ein tillitsvald frå kvar fylkeskommune, for å handtere dette.

Kontrollutvalet i Hordaland ynskjer å også handsame og konkludere på framtidig organisering og lokalisering av det framtidige sekretariatet. Dette har ført til at ein ikkje klarte å verte samd om eit felles saksframlegg til dei to kontrollutvala. Frå Sogn og Fjordane sin ståstad, så er det ikkje naturleg å konkludere på dette no, basert på saksførelegg frå to politikarar. Ein må leggje til grunn ei fagleg utgreiing og vurdering på dette, og då er det mest naturleg at denne utgreiinga vert utført av ny kontrollsjef etter at denne er tilsett.

2. Bakgrunn for saka

Grunnen for at saka er fremja

Inndelingslova § 26 omhandlar fellesnemnd. I 5. ledd står følgjande:

«Nemnda kan få fullmakt til å tilsetje personale i den nye eininga. Dette omfattar også tilsetjing av administrasjonssjef og revisor. Tilsetjing av revisor skjer på bakgrunn av innstilling frå kontrollutvala. Nemnda kan og få fullmakt til å vidareføre deltaking i interkommunalt samarbeid om revisjon eller vidareføre avtale med annan revisor. Tilsvarende gjeld for sekretariatet for kontrollutvalet. Slikt vedtak skjer etter innstilling frå kontrollutvala.»

Fylkestinga i Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune fatta 27.10.17 likelydande vedtak om mandat til Fellesnemnda. Pkt. 14 i mandatet lyder slik:

«Fellesnemnda får mynde til å tilsetje administrasjonssjef, samt velje sekretariatsordning for kontrollutvalet, revisjonsordning og revisor.»

Fellesnemnda fatta så slik samrøystes vedtak i sitt første møte, sak PS 4/17 (sakshandsamar har utheva noko tekst):

1. Fellesnemnda gjev fylkesrådmennene/prosjektleiar fullmakt til å utforme og fastsetje den administrative organiseringa av den nye fylkeskommunen **med unntak for sekretariatet for kontrollutvalet**, i samsvar med fellesnemnda si vedtekne politiske organisering samt føringane i intensjonsplanen, datert 17.01.2017.
2. Fellesnemnda gjev fylkesrådmennene/prosjektleiar fullmakt til å inngå avtalar om innkjøp og drift av administrative styringsverktøy for den nye fylkeskommunen.
3. Fylkesrådmennene/prosjektleiar får fullmakt til overføring og tilsetjing av personell i den nye fylkeskommunen men **med unntak for stillingar i sekretariatet for kontrollutvalet**, samt til å gjere vedtak i personalsaker. Med denne fullmakta følger også ansvaret for eit informasjons- og drøftingsopplegg med dei tillitsvalde gjennom samanslåingsprosessen.

Denne saka handlar i første rekke om sekretariatsordning, men det er også funne naturleg å avklara prosess med å avklara kven som skal leia sekretariatet. Kontrollutvalet i Hordaland har og ynskje om å avklare spørsmål om lokalisering av det framtidige sekretariatet i saka.

Kontrollutvala i dei to fylkeskommunane hadde arbeidsmøte 21.11.17. I saksframlegget står følgjande opplysning om sekretariatsordninga slik den er i dag:

«Dei to fylkeskommunane har sekretariatsordning i eigenregi der dei tilsette i sekretariata er tilsette i fylkeskommunen. Hordaland fylkeskommune har eit sekretariat som består av fem tilsette, der sekretariatet sel tenester til kontrollutvala i 17 kommunar og eit kyrkjeleg fellesråd i tillegg til å vere sekretariat for fylkeskommunen. Sekretariatet i Sogn og Fjordane fylkeskommune består av ein tilsett, som har sekretariatsansvaret for fylkeskommunen.»

Det vart ikkje fatta vedtak i arbeidsmøtet, men i referatet frå møtet, som begge kontrollutvala har slutta seg til, så vart det konkludert med følgjande:

«Konklusjon:

Saksgrunnlaget skal lagast av Inge Reidar og Frank Willy når det gjeld innstilling på val av sekretariatsordning til møtene i desember. Då kan det handsamast i fellesnemnda sitt første møte i 2018.

Deretter må det drøftast med personalavdelingane og tillitsvalde korleis ein skal gå vidare i høve til å få på plass ein kontrollsjef for det nye sekretariatet. Når det er på plass kan den nye kontrollsjefen førebu sak til kontrollutvala på framtidig organisering av det nye sekretariatet.

Mål å vera ferdig med dette arbeidet innan sumaren 2018. Altså val av kontrollsjef med funksjonstid frå 01.01.2020, men som også kan gjera/leia saksførebuaende arbeid ift. ny fylkeskommune før denne er etablert.»

Utifrå konklusjonen frå møtet, så var det ei sams oppfatning i begge kontrollutvala av at spørsmål kring organisering og lokalisering av det framtidige sekretariatet skulle handsamast etter at ein hadde avklara kven som skal leie det nye sekretariatet.

Felles saksutgreiing

Då leiar i kontrollutvalet i Hordaland har insistert på at spørsmål kring organisering og lokalisering skal vere ein del av denne saka, i strid med konklusjonen frå fellesmøtet 21.11.2017, så har det ikkje vore muleg å finne fram til eit felles saksførelegg å leggje fram for dei to kontrollutvala.

Leiaren i kontrollutvalet i Hordaland har likevel vald å endre si tilråding til vedtak etter den siste kommunikasjonen mellom dei to kontrollutvalsleiarane, slik at innstillinga til fellesnemnda no vert likelydande i dei to sakene.

Kontrollutvalet i Hordaland har allereie handsama saka, og fatta vedtak i tråd med innstillinga. Det kjem likevel fram av protokollen at dei primært ynskjer å bytte ut punkt 2 og 3 i framlegg til vedtak med «Sekretariat for kontrollutvalet i den nye fylkeskommunen har hovudkontor i Bergen og avdelingskontor i Leikanger. Kontrollsjefen har kontortilhald på hovudkontoret». Dette kjem og fram som konklusjon i saksframlegget.

Ein vel i dette saksframlegget å halde seg til konklusjonen frå fellesmøtet om at dette skal utgreiast av ny kontrollsjef, men drøftar likevel spørsmålet i saka.

Historikk - tidlegare vedtak

Kontrollutvalssekretariata i Noreg kom til i kraft av ny forskrift om kontrollutval av 2004, der det gjekk fram at alle kommunar og fylkeskommunar skulle ha eit kontrollutvalssekretariat innan 01.01.2005. Desse skulle vera uavhengig både ft. revisjonen og ift. kommuneadministrasjon.

Kommunal- og Moderniseringsdepartementet (KMD), har bestilt to landsdekkande kartleggingar av sekretariatsordningane etter det:

- I 2009 skreiv Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT) «Notat om ulike sekretariatsordningar for kontrollutvala i norske kommunar og fylkeskommunar». Dette var bestilt av og sendt til KMD si arbeidsgruppe som skulle føreslå tiltak for å styrka eigenkontrollen i kommunar og fylkeskommunar.
- I 2014 skreiv Deloitte ei «Evaluering av kontrollutval og kontrollutvalssekretariat» på oppdrag for KMD. Kapittel 9 omhandlar kontrollutvalssekretariata og her er ulike ordningar omtalt.

Det var endringar blant sekretariata frå 2009 til 2014, noko det og har vore seinare, men her vert teke utgangspunkt i slik oppsettet var i 2014. I Deloitte sitt dokument er sekretariatsordningane grovsortert som 5 modellar:

Modell 1: Kommunale samarbeidsløsninger (Interkommunale selskaper og samarbeid)

«Mer enn fire av fem kontrollutvalg får sekretariattjenester levert fra en virksomhet som er organisert som et interkommunalt selskap (IKS) eller interkommunalt samarbeid (drøyt 81 prosent). Kartleggingen viser at det i dag er 15 sekretariater som er organisert som et IKS. Disse virksomhetene betjener rundt 47 prosent av norske kommuner. Videre er det 17 interkommunale samarbeid etter kommuneloven § 27 eller vertskommunemodell etter kommuneloven § 28 som benyttes av rundt 35 prosent av kommunene. I tillegg kommer kommunale bytteordninger (se nedenfor). Et samarbeid med andre kommuner lokalisert i samme distrikt/region er således den vanligste modellen.»

Modell 2: Eget sekretariat

«Tre kommuner (Oslo, Bærum, Bergen) og fem fylkeskommuner (Sogn og Fjordane, Møre- og Romsdal, Rogaland, Nordland og Hordaland) har et eget sekretariat underlagt kontrollutvalget. Dette innebærer at to prosent av norske kontrollutvalg har ansatt eget sekretariat. I disse kommunene er den/de ansatte i sekretariatet ansatt i den kommunen som kontrollutvalget dekker, men den/de ansatte er direkte underlagt kontrollutvalget. Hordaland Fylkeskommune har eget sekretariat, men denne modellen omtales også nedenfor, ettersom dette sekretariatet betjener en rekke andre kommuner i fylket (modell 3). For Hordaland Fylkeskommune plasseres dette sekretariatet likevel her under modell 2.»

Modell 3: Kjøp fra andre kommuner/fylkeskommuner, herunder kommunal bytteordning

«Drøyt fire prosent av norske kontrollutvalg kjøper sekretariattjenester fra andre kommuner/fylkeskommuner. Hordaland Fylkeskommune (HFK) er i dag sekretariat for 17 kontrollutvalg utover eget kontrollutvalg. Dette utgjør rundt fire prosent av norske kontrollutvalg. De ansatte i HFK-sekretariatet er ansatt i fylkeskommunen. I Hordaland finnes det også eksempel på en kommunal bytteordning der kommunene Askøy og Vaksdal leverer sekretariattjenester til hverandre.»

Modell 4: Kjøp fra private selskaper (AS) og «sekretariatselskap»

«Ni prosent av norske kontrollutvalg får sekretariattjenester gjennom kjøp fra private selskaper og «sekretariatselskap» Herunder er det rundt fire prosent av norske kontrollutvalg kjøper sekretariattjenester fra tre ulike private revisjonsselskap. ...»

Modell 5: Kjøp fra andre, herunder private/enkeltpersoner

«Til sammen 17 kontrollutvalg (4 prosent) får sekretariatstjenester fra åtte enkeltpersoner. Fem er bare sekretær for én enkeltkommune, mens de øvrige tre har flere. ...»

Etter lovendringa i 2004 hadde kontrollutvalsleiar i Hordaland fylkeskommune møte med kommunane i Hordaland om dei var interessert i eit samarbeid om den nye sekretariatsfunksjonen og i tilfelle på kva måte. Tilbakemeldinga var at mange kommunar ønskte å delta i ei slik ordning, men dei ønskte ikkje å vera med på eigarsida. Heller reint kjøp av sekretariatstenester mellom fylkeskommune og kommunar.

Hordaland Fylkeskommune har såleis sekretariatsordning i eigenregi, organisert i eit eige sekretariat med 5 tilsette. Sekretariatet leverer og tenester til 17 kommunar og eit kyrkjeleg fellestråd i Hordaland.

Fylkestinget i Sogn og Fjordane fatta i FT-sak 39/2004 vedtak om å opprette eit eige sekretariat for kontrollutvalet, samt inngjekk ein avtale med 9 kommunar i indre Sogn om å også selje sekretariatstenester til desse. Dei 9 kommunane sa opp avtalen med verknad frå 01.01.2009, og Fylkestinget vedtok i FS-sak 24/2008 å vidareføre sekretariatet med ein tilsett, og la arbeidsgjevaransvaret til Kontrollutvalet.

Sogn og Fjordane har såleis sekretariatsordning i eigenregi, organisert i eit eige sekretariat med 1 tilsett. Sekretariatet leverer ikkje tenester til andre kommunar.

Sentrale problemstillingar

Både Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane Fylkeskommune har sekretariatsfunksjon for kontrollutvalet i eigenregi i dag. Fylkestinga i begge dei to fylka har vedteke å gje fellesnemnda mynde til å avklare sekretariatsordning for den nye fylkeskommunen som vert oppretta 01.01.2020, etter innstilling frå kontrollutvala i dagens to fylkeskommunar.

Kontrollutvala må difor gjennomføre eit arbeid for å komme fram til ei innstilling til fellesnemnda.

I utgangspunktet har ein to hovudalternativ til sekretariatsordning. Enten å organisere sekretariatet i eigenregi der fleire mulege organisasjonsmodellar er mogeleg, eller å lyse sekretariatsfunksjonen ut på anbod.

Om ein vel å lyse tenesta ut på anbod, må dette gjennomførast som ein anbodskonkurranse etter gjeldande lov og forskrift om offentlege anskaffingar, og dei to fylkeskommunane sine vedtekne innkjøpsstrategiar og rutinar.

Om ein vel å organisere sekretariatsfunksjonen i eigenregi, så kan ein vurdere forskjellige modellar, organisasjonsformer og samarbeid for korleis dette skal gjerast.

Om ein vel å gå vidare med dagens organisering i eigenregi, så må ein avklare ein prosess i samarbeid med tilgjengeleg kompetanse i dei to fylkeskommunane, for korleis ein skal handtere og avklare problemstillinga med doble funksjonar. Dette er viktig å få gjennomført raskt, slik at ein får på plass ein sekretariatsleiar som kan utgreie og innstille på framtidig organisering av sekretariatet i eigenregi.

Andre opplysningar

SEKOM-sekretariat, som er eit interkommunalt samarbeid mellom 15 kommunar i Nordfjord, Sunnfjord og Ytre Sogn om sekretariatstenester, har sendt ein invitasjon til kontrollutvalet i Sogn og Fjordane om eit drøftingsmøte om framtidig sekretariatssamarbeid. SEKOM har også invitert Vest kontroll som er eit samarbeid mellom 3 kommunar i Sogn og Fjordane og 8 kommunar på Sunnmøre.

På grunn av samanslåingar av fleire kommunar, i tillegg til endringar i strukturen for dei kommunale revisjonseiningane, ser både SEKOM-sekretariat og Vest kontroll store utfordringar framover for å kunne oppretthalde sekretariatsfunksjonane med same kvalitet og/eller kostnad for kommunane som i dag. Begge desse sekretariata er sårbare med berre to tilsette i kvar eining, og ser behovet for å tilpasse seg utviklinga som skjer på området.

Då det ikkje er Fylkeskommunen sitt ansvar å sikre sekretariatstenester til kommunane, så kan ein velje å sjå vekk ifrå førespurnaden og utfordringane til dei kommunale sekretariatseiningane. Det vil likevel være svært uheldig for kommunane og ikkje minst for arbeidsplassane dette gjeld i vårt fylke, om ein ikkje går i dialog med kommunane for å finne gode løysingar.

Det bør berre være ein stor styrke for eit framtidig kontrollutvalssekretariat for Vestlandet fylkeskommune om ein og kunne levere tenester til fleire kommunar i Sogn og Fjordane, slik ein allereie gjer i Hordaland.

Då det vil være avgjerande for kommunane å få ei avklaring på dette tidleg, og endeleg løysing på plass frå 01.01.2020, vil det være fornuftig å ha dialog med sekretariatseiningane til kommunane framover. Ein føreset sjølvstøtt at kontrollutvalet i Hordaland og fellesnemnda vert halden orientert om denne dialogen.

3. Vurderingar og konsekvensar

Sekretariatsordning

Det var stemning blant kontrollutvala på arbeidsmøtet 21.11.17 å halde fram med noverande sekretariatsordning, underforstått eige sekretariat. Vidare vart det framført at det var viktig å ha og betene dei eksterne kundane godt. Dermed er ein på modell 2 (eige sekretariat). Undervegs vart «eigenregi» nytta som eit omgrep som illustrasjon på noverande ordning. Det omgrepet kan lett forvekslast med at modell 1 (interkommunale selskap og samarbeid) også kan vera aktuell, men det vart ikkje framført noko i fellesmøtet om at selskapsdanning eller

interkommunalt samarbeid etter kommunelova § 27 eller § 28 var eit spor å gå vidare på. Derfor vel ein å ikkje nytta dette omgrepet vidare.

Tilrådinga er at den nye fylkeskommunen held fram med å ha eige kontrollutvalssekretariat med egne tilsette, inkl. sal av sekretariatstenester opp mot kontrollutval i kommunar mv.

Tilsetting av leiar for sekretariatet

I Hordaland fylkeskommune er kontrollsjefen leiar av eit sekretariatet med 5 tilsette som leverer sekretariatstenester til 19 kontrollorgan. I Sogn og Fjordane fylkeskommune er det kontrollsjef som leverer sekretariatstenester til fylkeskommunen sitt kontrollutval.

I kontrollutvala sitt fellesmøte vart det framført at ein måtte få avklart kven som skulle vera kontrollsjef for den nye fylkeskommunen etter at sekretariatsordninga var fastlagt. Kontrollutvala meinte at ein av dei to kontrollsjefane, som begge truleg har rettskrav på stillinga, vert kontrollsjef i den nye fylkeskommunen, at funksjonstida var frå 01.01.2020, men at vedkomande også kunne gjera/leia saksførebuarbeid ift. ny fylkeskommune før denne er etablert. Det kunne gjerne drøftast med personalavdelingane og tillitsvalde korleis ein skulle gå fram.

I Hordaland fylkeskommune er det i dag kontrollutvalet som har tilsettingsmynde for kontrollsjefen, medan kontrollsjefen er blitt delegert tilsettingsmynde og andre arbeidsgjeverfunksjonar overfor øvrige tilsette. Tilsvarende gjeld for Sogn og Fjordane Fylkeskommune, der det er kontrollutvalet som har arbeidsgjeveransvar og tilsettingsmynde for tilsette i sekretariatet.

I prosessen med samanslåing av to fylkeskommunar er dette vanskelegare, ettersom ein har to kontrollutval, og ingen av desse har mynde knytt til vedtak for den framtidige fylkeskommunen.

Det vert skua til Fellesnemnda sitt arbeid med å rekruttera framtidig fylkesrådmann. Jmf. Fellesnemnda si sak PS 5/17 vert det oppnemnt eit eige tilsettingsutval bestående av arbeidsutvalet og to representantar frå arbeidstakarorganisasjonane. Arbeidsutvalet er samansett av fylkesordførar, fylkesvaraordførar og ein tredje politiskar frå kvar av fylkeskommunane. I lys av dette kan det t.d. vera eit tilsettingsutval for tilsetting av kontrollsjef som er samansett av dei to kontrollutvalsleiarane, dei to nestleiarane og to tillitsvalde. Vidare at desse innstiller overfor Fellesnemnda som så tilset kontrollsjef.

Tilrådinga vert såleis at det vert oppretta eit tilsettingsutval for tilsetting av kontrollsjef som er samansett av dei to kontrollutvalsleiarane, dei to nestleiarane og to tillitsvalde. Desse innstiller overfor Fellesnemnda om kven av dei noverande kontrollsjefane som skal vera kontrollsjef for den nye fylkeskommunen.

Organisering og lokalisering av kontrollutvalssekretariatet

I referatet frå fellesmøtet 21.11.2017 kjem det fram at kontrollutvala i dei to fylkeskommunane har ulik oppfatning av korleis sekretariatet skal organiserast. Det kjem likevel fram i referatet at konklusjonen på dette vart at dette var eit spørsmål som skulle utgreiast og avklarast av kontrollsjefen for det samanslegne sekretariatet, etter at denne var utpeika/tilsett.

I ettertid har kontrollutvalet i Hordaland vald å gå bort ifrå denne konklusjonen, og likevel ta organisering og lokalisering inn som del av saksomfanget i denne saka. Dette har blant anna ført til at ein ikkje klarte å verte samde om eit sams saksførelegg til dei to kontrollutvala i saka.

Det vil være formelt sett være svært spesielt om ein skal ta stilling til framtidig organisering og lokalisering av sekretariatet basert på saksførelegg frå dei to leiarane i kontrollutvala, utan at ein har hatt ei fagleg utgreiing og vurdering av dette.

I tillegg bør ein få ei nærare avklaring med dei kommunale sekretariatseiningane i Sogn og Fjordane på om fleire kommunar ynskjer at det nye sekretariatet også skal levere sekretariatstenester til deira kontrollutval før ein konkluderer på dette.

Tilrådinga vert difor at ny kontrollsjef får i oppdrag å utgreie ei sak om framtidig organisering og lokalisering av det nye sekretariatet.

4. Konklusjon

Det er beklageleg at ein ikkje klarte å komme fram til ei sams saksutgreiing å leggje fram til dei to kontrollutvala, men det er likevel ei felles innstilling som ligg til grunn i dei to sakene.

Begge sakene konkluderer med at den nye fylkeskommunen skal ha sekretariat i eigenregi med eigne tilsette slik begge fylkeskommunane allereie har i dag. Ein konkluderer og med ein fornuftig prosess for å få avklara tilsettingsforholdet til dei to kontrollsjefane, gjennom å nytte same modell som fellesnemnda nyttar for å tilsette ny rådmann.

Og sjølv om ein er usamde i spørsmålet om organisering og lokalisering, så kjem ein likevel til same konklusjon i denne saka, der det vil være mest forsvarleg og fornuftig at ny kontrollsjef får oppdraget med å fagleg utgreie og vurdere framtidig organisering av kontrollutvalssekretariatet.

Saksprotokoll

Organ: Kontrollutvalet

Møtedato: 03.04.2018

Sak nr.: 18/2559-2

Internt l.nr. 20562/18

Sak: 19/18

Tittel: Val av sekretariatsordning for kontrollutvalet i ny fylkeskommune

Behandling:

Kontrollutvalsleiaren rår kontrollutvalet til å gje slik tilråding:

Kontrollutvalet rår fellesnemnda til å gjere slikt vedtak:

1. Den nye fylkeskommunen held fram med å ha eige kontrollutvalssekretariat med egne tilsette, inkl. sal av sekretariatstenester opp mot kontrollutval i kommunar mv.
2. Det vert oppretta eit tilsettingsutval for tilsetting av kontrollsjef som er samansett av dei to kontrollutvalsleiarane, dei to nestleiarane og to tillitsvalde. Desse innstiller overfor Fellesnemnda om kven av dei noverande kontrollsjefane som skal vera kontrollsjef for den nye fylkeskommunen.
3. Kontrollsjefen for den nye fylkeskommunen får fullmakt til å utgreie sak med forslag til organisering og lokalisering av sekretariat for kontrollutvalet.
4. Kontrollsjefen skal leggje fram forslaget for dei to kontrollutvala som vedtek innstilling overfor Fellesnemnda som gjer endeleg vedtak om organisering og lokalisering.

Handsaming i møtet:

Sekretariatet orienterte om det vert laga ei felles sak til fellesnemnda frå kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune og kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune med likelydande innstilling. Som vedlegg til saka vert saksframlegg og saksprotokoll frå handsaminga i begge kontrollutvala lagt ved som vedlegg.

Avrøysting:

Forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

Dette gir følgjande INNSTILLING:

Kontrollutvalet rår fellesnemnda til å gjere slikt vedtak:

1. Den nye fylkeskommunen held fram med å ha eige kontrollutvalssekretariat med egne tilsette, inkl. sal av sekretariatstenester opp mot kontrollutval i kommunar mv.
2. Det vert oppretta eit tilsettingsutval for tilsetting av kontrollsjef som er samansett av dei to kontrollutvalsleiarane, dei to nestleiarane og to tillitsvalde. Desse innstiller overfor

Fellesnemnda om kven av dei noverande kontrollsjefane som skal vera kontrollsjef for den nye fylkeskommunen.

3. Kontrollsjefen for den nye fylkeskommunen får fullmakt til å utgreie sak med forslag til organisering og lokalisering av sekretariat for kontrollutvalet.
4. Kontrollsjefen skal leggje fram forslaget for dei to kontrollutvala som vedtek innstilling overfor Fellesnemnda som gjer endeleg vedtak om organisering og lokalisering.

Arkivnr: 2018/11046-2
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		04.06.2018
Fellesnemnda	24/18	22.06.2018

Val av revisjonsordning for Vestland fylkeskommune**INNSTILLING frå kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune**

Vestland fylkeskommune vel å kjøpa alle revisjonstenester i marknaden.

- Kontrollutvala i Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune førebur sak om innkjøp av revisjonstenester med verknad frå 01.01.2020.
- Utvala knyter til seg naudsynt hjelp, dei utformar konkurransegrunnlag og førebur sak heilt fram til at dei innstiller overfor fellesnemnda på val av revisor.

INNSTILLING frå kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune

Vestland fylkeskommune vel å nytte interkommunal revisjonsordning for rekneskapsrevisjonen og vel å kjøpe forvaltningsrevisjon og selskapskontroll i marknaden.

- Ein går i dialog med SF-revisjon IKS/det nye samanslegne revisjonsselskapet i Sogn og Fjordane for å få til ein avtale som spesifiserer levering av rekneskapsrevisjonen og dei økonomisk rammevilkåra.
- Kontrollutvala i Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune førebur sak om innkjøp av forvaltningsrevisjon og selskapskontroll med verknad frå 01.01.2020. Utvala knyter til seg naudsynt hjelp, dei utformar konkurransegrunnlag og førebur sak heilt fram til at dei innstiller overfor fellesnemnda på val av revisor.

Vedlegg:

- 1: Partsbrev – Val av revisjonsordning med saksprotokoll – HFK 04.06.2018
- 2: Melding om vedtak - Val av revisjonsordning for Vestland fylkeskommune frå KUV i SFJ
- 3: Vedlegg til saksframlegg - Godtgjersle til revisor i perioden 2014 – 2017

SAKSFRAMSTILLING

Samandrag

Kontrollutvala i Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune har handsama sak om val av revisjonsordning for Vestland fylkeskommune slik:

- Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune sak PS 53/18 i møte 04.06.2018
- Kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune sak 32/18 i møte 04.06.2018

Begge kontrollutvala har likelydande saksframlegg med vedlegg som låg til grunn for handsaming av saka, men dei har vedteke forskjellige innstillingar.

Saksframlegg med saksprotokoll frå begge møta ligg ved.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
utvalgssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg

- 1 Partsbrev - Val av revisjonsordning for Vestland fylkeskommune frå KUV i HFK
- 2 Melding om vedtak - Val av revisjonsordning for Vestland fylkeskommune frå KUV i SFJ
- 3 Godtgjersle til revisor i perioden 2014 - 2017



Dato: 07.06.2018
Vår ref.: 2018/11046-2
Dykkar ref.:

Partsbrev - Val av revisjonsordning for Vestland fylkeskommune frå KUV i HFK

Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune vedtok i møte 04.06.2018 slik innstilling til fellesnemnda i sak PS 53/18 Val av revisjonsordning for Vestland fylkeskommune:

Handsaming i møte

Kontrollutvalet drøfta dei tre alternative forslaga til vedtak, og samla seg om alternativ 2.

Forslag til vedtak var samrøystes.

Vedtak

Vestland fylkeskommune vel å kjøpa alle revisjonstenester i marknaden.

- Kontrollutvala i Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune førebur sak om innkjøp av revisjonstenester med verknad frå 01.01.2020.
- Utvala knyter til seg naudsynt hjelp, dei utformar konkurransegrunnlag og førebur sak heilt fram til at dei innstiller overfor fellesnemnda på val av revisor.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
Utvalgssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg

- 1 Partsbrev - Val av revisjonsordning for Vestland fylkeskommune frå KUV i HFK

- 2 Melding om vedtak - Val av revisjonsordning for Vestland fylkeskommune frå KUV i SFJ
- 3 Godtgjersle til revisor i perioden 2014 - 2017

Arkivnr: 2018/11046-1
 Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fellesnemnda		22.06.2018

Val av revisjonsordning for Vestland fylkeskommune

Bakgrunn for saka:

Det er vedteke at Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune skal slåast saman til Vestland fylkeskommune fom. 01.01.2020.

Blant dei forhold som må avklarast på førehand, er kva revisjonsordning den nye fylkeskommunen skal ha.

Sekretariat for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune er for tida sekretariat for kontrollutvala i begge fylkeskommunane. Same sak vil gå til dei to kontrollutvala som innstiller om revisjonsordninga overfor fellesnemnda som har fullmakt til å gjera endeleg vedtak i saka.

Val av revisjonsordning og val av revisor.

Dette er to ulike sakstypar som leiar fram til kven som reviderer kommunen, der kontrollutvalet innstiller, medan fellesnemnda gjer vedtak. Det er:

- Val av revisjonsordning
- Val av revisor.

Denne saka handlar om val av revisjonsordning. Når ein har valt revisjonsordning gjer ein vanlegvis ikkje ny vurdering utan at det kjem eit initiativ om det. Dersom revisjonsordninga t.d. er privat revisjon, så syter ein berre for at det vert valt ny revisor før ein avtaleperiode er over.

Det går fram av kommunelova § 78 nr. 3 at fylkeskommunen kan velja mellom tre revisjonsordningar:

«Kommunestyret eller fylkestinget avgjør selv om kommunen eller fylkeskommunen skal ansette egne revisorer, delta i interkommunalt samarbeid om revisjon, eller inngå avtale med annen revisor. Vedtaket treffes på grunnlag av innstilling fra kontrollutvalget.»

I Noreg er det flest interkommunale revisjonsordningar, medan det i Hordaland er mest vanleg med privat revisjon. Sekretariatet er kjent med at det er om lag 60 kommunar og to fylkeskommunar som har privat revisjon i dag. I Hordaland har 20 av 33 kommunar, samt Hordaland fylkeskommune, privat revisjon. I Sogn og Fjordane har fylkeskommunen konkurranseutsett forvaltningsrevisjonen. Det same har 9 kommunar i indre Sogn medan 1 kommune har konkurranseutsett både rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon.

Ved årsskiftet 2011/2012 var det seks kommunar og fire fylkeskommunar som hadde ei ordning med egne tilsette revisorar. (Jmf. NKRF, Utredning om og valg av revisjonsordning m.m., Veileder av mars 2012., side 12)

Faktaopplysningar og drøfting:

1. Noverande ordning.

Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune har ulik revisjonsordning i dag.

1.a) Sogn og Fjordane fylkeskommune har delt ordning

Rekneskapsrevisjon og selskapskontroll:

Sogn og Fjordane fylkeskommune har rekneskapsrevisjon og selskapskontroll i eigen regi, og fylkeskommunen er mediegjar i eit interkommunalt selskap. Fylkeskommunen har ein eigardel i Sogn og Fjordane revisjon IKS (SF-revisjon) på 44,45%. SF-revisjon IKS presenterer seg slik på si eiga heimeside <http://www.sf-revisjon.no/>. Teksten er henta på heimesida 14.05.18:

«Sogn og Fjordane Revisjon IKS vart etablert 1. januar 2005. Selskapet er sett saman av tidlegare Sogn revisjonsdistrikt og Fylkesrevisjonen i Sogn og Fjordane og har fem tilsette.

SF Revisjon IKS leverer kommunale revisjonstenester til Sogn og Fjordane fylkeskommune og til kommunane Årdal, Vik, Høyanger, Balestrand, Leikanger, Sogndal og Luster.

Hovudkontoret ligg på Hermansverk i Leikanger kommune, i kontorfellesskap med sentraladministrasjonen i Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Geografisk ligg Hermansverk på nordsida av Sognefjorden og midtvegs i den over 200 km lange fjorden. Det er om lag 2 mil køyretur til regionsenteret Sogndal.»

Forvaltningsrevisjon:

Forvaltningsrevisjon kjøper Sogn og Fjordane fylkeskommune av Deloitte AS, der fylkeskommunen har ein rammeavtale med Deloitte basert på konkurranse.

1.b) Hordaland fylkeskommune har konkurranseutsett revisjon.

Hordaland fylkeskommune kjøper revisjonstenester i marknaden. Fylkeskommunen har inngått ein avtale med Deloitte AS som hadde best tilbod basert på tildelingskriteria. Deloitte AS har vore revisor for Hordaland fylkeskommune sidan 2007, etter å ha vunne fleire konkurransar for fleire kontraktsperiodar.

2. Framtidig ordning - vurderingar med utgangspunkt i dei tre ulike revisjonsordningane.

2.a) Om interkommunale revisjonsordningar

Denne ordninga har Sogn og Fjordane fylkeskommune i dag. Dette er ei tenleg revisjonsordning, men det bør vera eit visst antal tilsette som sikrar breiddekompetanse og leveringsevne, også når det kjem saker på kort varsel som bør utgreiast. Av SF-revisjon sine heimesider går det fram at dei har 6 tilsette pr. i dag som leverer rekneskapsrevisjon og selskapskontroll til 7 kommunar pluss Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Når det gjeld forvaltningsrevisjon går det m.a. fram dette av SF-revisjon si heimeside:

«Dei fleste eigarkommunane har no konkurranseutsett forvaltningsrevisjonen. Som ein konsekvens av dette har selskapet ingen forvaltningsrevisor, og utfører per i dag ikkje forvaltningsrevisjon.»

Det pågår som kjent ein prosess der målet er å slå saman dei tre «kommunerevisjonane» i Sogn og Fjordane. Som grunnlag for denne prosessen er det m.a. utarbeidd ein rapport etter arbeid i ei arbeidsgruppe bestående av revisjonssjefane i dei tre einingane. Arbeidsgruppa har kome med ei tilråding, som har vore handsama i styre for KRYSS revisjon og Kommunerevisjonen i Nordfjord. Desse to er organisert som § 27 samarbeid etter kommunelova. Tilrådinga har også vore til handsaming hjå representantskapet i SF revisjon. I tilrådinga vert det bedt om at alle eigarane får handsama sak om samanslåing innan utgangen av 2017. Dei tre selskapa reviderer alle kommunane i Sogn og Fjordane med unntak av to i tillegg til fylkeskommunen. Det vert tilrådd interkommunalt samarbeid etter kommunelova § 27 som organisasjonsform for den nye eininga.

Etter det vi har fått opplyst er saka handsama i alle dei aktuelle kommunestyra og i fylkestinget. Fylkestinget i Sogn og Fjordane gjorde slikt vedtak i møte 5.12.2017:

«Fylkestinget går inn for å fortsette med finansiell revisjon og selskapskontroll i eigenregi det nye samanslegne selskapet i perioden fram til 31.12.2019 med atterhald om eit kostnadsnivå som ikkje overstig det ein har i dag i SF revisjon IKS.»

Vi har vidare fått opplyst at det nye selskapet skal etablere interimsstyre i møte 08.06.2018. Det er ei målsetjing at det nye selskapet skal vera etablert med verknad frå 01.01.2019 med 15 – 20 medarbeidarar.

Slik sekretariatet ser det vil ei samanslåing bidra til at ein får eit meir robust revisjonsselskap som vil kunne møte framtidens utfordringar på ein god måte. Det nye selskapet vil truleg få både betre kapasitet og kompetanse totalt sett enn om selskapa skulle fortsetta som i dag. Dei tre selskapa som skal slå seg saman er i dag revisor for 25 kommunar og ein fylkeskommune.

Slik sekretariatet har forstått det er det eit ønskje og tildels uttalte strategiar i fleire av dei interkommunale revisjonsselskapa om samanslåing til større einingar. Noko av bakgrunnen må sjåast i samanheng med kommunereforma, men og å sikre kompetanse, kapasitet og leveringsevne til kommunane sine. Dette vil og vere i tråd med tilråding nr. 44 frå «85 tilrådingar for styrkt eigenkontroll i kommunene» som vart utarbeida av det dåverande KRD i 2010:

Tilråding 44: Kommunane som eigarar bør vurdere storleiken på den interkommunale revisjonseininga dei er medeigar i, mellom anna med tanke på behovet for eit sterkt fagmiljø innanfor både rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon. Styret og revisjonsmiljøa sjølve bør vurdere det same¹

2.b) Privat revisjon (Hordaland fylkeskommune si revisjonsordning i dag).

Dei private revisjonsselskapa som har oppdrag i norske kommunar er i det alt vesentlege store selskap med mange tilsette. Desse tilbyr tenester med høg kompetanse innanfor eit breitt spekter av oppgåver.

Då fire Sunnhordlandskommunar ba om nytt tilbod på revisjonstenester med verknad frå 01.07.2017 vart mellom anna dette etterspurt i konkurranseutlysinga:

- Tilstreккеleg gjennomføringsevne og kapasitet i høve til ytingane som skal leverast,
- Kjernekompetanse relatert til leveringa, inkludert skildring av tilgang til juridisk kompetanse knytt til leveransen
- Skildring av løysing av oppdrag som går utover eigen kompetanse, med eventuell forpliktingsfråsegn frå underleverandør.
- System for kvalitetssikring.
- God finansiell og økonomisk stilling,
- Kommunen nyttar nynorsk målføre. Rapportar til politiske organ skal derfor skrivast på nynorsk. Som hovudregel skal korrespondanse med kommunen skje på nynorsk.
- Leverandøren sitt løysingsforslag skal inkludere forslag til organisering med prosjektplan og framdriftsplan. Arbeidsmetodikk, årsrytme, forslag til møtefrekvens etc. bør vere ein del av dette.

Å kjøpa tenester frå privat revisor er fullt ut ei tenleg ordning, men privat revisjon krev og at tenesta vert konkurranseutsett med jamne mellomrom.

2.c) Om å tilsetta egne revisorar.

Det er i all hovudsak store kommunar og fylkeskommunar som har egne revisorar. Døme er Oslo kommune og Trondheim kommune. I Hordaland og Sogn og Fjordane er det ingen kommunar som har slik revisjonsordning.

Det står i kommunelova § 78 nr. 2:

Revisjonsarbeidet skal omfatte regnskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon.

Det er stor breidde på ansvarsfeltet innafor begge desse revisjonsformene. Det bør difor vera breiddekompetanse i revisjonen. Eventuell etablering av eigen revisjonsordning i Vestland fylkeskommune vil av økonomiske årsaker truleg verta ei så lita eining at det ikkje vil sikre tilstrekkeleg breiddekompetanse. Dette vil også kunne medføre sårbarhet og risiko ift. uavhengighet.

Sidan Sogn og Fjordane fylkeskommune har rekneskapsrevisjon og selskapsrevisjon i regi av SF revisjon IKS og har konkurranseutsett forvaltningsrevisjonen, medan Hordaland fylkeskommune har konkurranseutsett alt, er det lite truleg at det er politisk vilje til å tilsetje egne revisorar i Vestland fylkeskommune.

¹ publikasjonskode H-2245

Det kan på bakgrunn av ei totalvurdering ikkje tilråast å gå for ei slik løysing.

2.d) Delt løysing.

Det aller vanlegaste er at ein fylkeskommune har same revisor for alle revisjonstenester – rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll.

Eit fjerde alternativ kan vera delt løysing. Sogn og Fjordane fylkeskommune har konkurranseutsett forvaltningsrevisjonstenestene, medan rekneskapsrevisjon og selskapskontroll vert utført av SF-revisjon. Kan og nemna at Bergen kommune har konkurranseutsett revisjonstenestene, men har eit revisjonsselskap til rekneskapsrevisjon og eit anna til forvaltningsrevisjon og selskapskontroll.

Ei eventuelt delt løysing for Vestland fylkeskommune kan vera å kjøpa rekneskapsrevisjonstenester frå SF-revisjon IKS/det nye samanslegne revisjonsselskapet i Sogn og Fjordane, medan forvaltningsrevisjon og selskapskontroll vert konkurranseutsett. Det vil og vera ei løysing som har i seg noko av revisjonsordninga som Sogn og Fjordane fylkeskommune har i dag og noko av revisjonsordninga som Hordaland fylkeskommune har i dag. Sekretariatet vurderar det slik at det er viktigare med større kompetansebreidde innan forvaltningsrevisjon enn for rekneskapsrevisjon.

Det er ingen fylkeskommunar utanom Sogn og Fjordane som har delt løysing. Vidare er vi kjend med at Bergen som Noregs nest største kommune i landet har delt løysing. Leiar i kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune gjev uttrykk for at han har gode erfaringar med delt løysing. Slik sekretariatet ser det bør den valde revisor vera til stades i alle møta i kontrollutvalet som ein viktig rådgjevar for utvalet. Ved å ha ei delt løysing kan det vera krevjande at to revisjonsselskap skal vera til stades samstundes. Eit anna poeng som sekretariatet vil trekke fram ved ei delt løysing er at det kan vera vanskeleg å få til det gode samarbeidet mellom rekneskapsrevisor og forvaltningsrevisor. Dette kan føre til at ein går glipp av synergieffektene ein kan få ved god dialog mellom rekneskapsrevisor og forvaltningsrevisor undervegs i revisjonsarbeidet. Sekretariatet vil difor ikkje tilrå ei delt løysing. Vi kjem likevel til å fremje delt løysing som eit alternativ til forslag til innstilling, slik at kontrollutvalet sjølv kan gjera si eiga vurdering.

3. Politikk og eigarskap.

Ved vurdering av revisjonsordning er det ikkje uvanleg at haldningar til konkurranseutsetting og er medverkande, i tillegg til andre moment. Nokre har ei grunnhaldning om at konkurranseeksponering er bra, medan andre ønskjer løysing i fylkeskommunen eller ei interkommunal ordning.

I dette høvet er og Sogn og Fjordane fylkeskommune medeigar i SF-revisjon.

Sekretariatet har ikkje funne det naturleg å drøfta meir inngåande den politiske tilnærminga, eigarskap, pensjonsforpliktingar mv.

4. Kostnader med revisjonstenestene

Vedlegg 1 viser rekneskapstal for revisjonstenestene for dei siste fire åra i Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune sett opp på bakgrunn av opplysningar som går fram av noter i årsrekneskapane. Dette er difor reelle rekneskapstal. Av desse tala går det m.a. fram slike kostnader for rekneskapsåret 2017:

- Sogn og Fjordane fylkeskommune:
 - Finansiell revisjon inkl. attestasjonar Kr. 1 133 812
 - Forvaltningsrevisjon og selskapskontroll Kr. 1 396 013

- Hordaland fylkeskommune
 - Finansiell revisjon inkl. attestasjonar mv. Kr. 782 000
 - Forvaltningsrevisjon og selskapskontroll Kr. 1 599 000

Av tala går det fram at kostnaden til rekneskapsrevisjonen i Sogn og Fjordane fylkeskommune er monaleg høgare enn tilsvarande kostnader i Hordaland fylkeskommune. Tar ein i tillegg omsyn til at Hordaland fylkeskommune er monaleg større enn Sogn og Fjordane fylkeskommune vert skilnaden på kostnaden til rekneskapsrevisjonen enno større.

Når det gjeld kostnader til forvaltningsrevisjon og selskapskontroll vil den variere avhengig av kor høg aktiviteten på desse felt er, altså kor mange forvaltningsrevisjonar og selskapskontrollar kontrollutvala bestiller. På dette feltet er kostnaden i Hordaland fylkeskommune større enn i Sogn og Fjordane fylkeskommune noko som vil vera naturleg ut frå storleiken på fylkeskommunane.

Konklusjon

I Noreg er det mest vanleg med interkommunale revisjonsordningar, medan det i Hordaland er mest vanleg med privat revisjon. Me er kjent med at det er om lag 60 kommunar og to fylkeskommunar som har privat revisjon i dag. I Hordaland har 20 av 33 kommunar, samt Hordaland fylkeskommune, privat revisjon. I Sogn og Fjordane har fylkeskommunen konkurranseutsett forvaltningsrevisjonen. Det same har 9 kommunar i indre Sogn medan Aurland kommune har konkurranseutsett både rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon.

Interkommunale revisjonsselskap leverer revisjonstenester i heile landet. Men, kompetansebreidde og stordriftsfordelar aukar jo større selskapet er, medan sårbarhet er større jo mindre selskapet er.

Noverande revisjonsselskap for Sogn og Fjordane fylkeskommune, som fylkeskommunen er medeigar i, er eit relativt lite selskap. Dei er revisor for 7 kommunar i dag pluss Sogn og Fjordane fylkeskommune, men to av kommunane og fylkeskommunen skal slå seg saman frå 01.01.20. Det er positivt at SF revisjon IKS arbeider mot å slå seg saman med dei to andre kommunale revisjonsselskapa i Sogn og Fjordane slik at dei totalt vert større og betre rusta for å møte framtidige utfordringar.

Ser ein mot nabo fylket i sør så har kommunane på Haugalandet konkurranseutsett revisjonen. Dessutan har dei eit interkommunal revisjonsselskap for 16-18 kommunar i søre delen av Rogaland, samt Rogaland fylkeskommune.

Ordning med privat revisjon, slik Hordaland fylkeskommune har i dag, er fullt ut ei tenleg ordning. Då er det jamlege konkurransar i marknaden. Dei private revisjonsselskapa som har oppdrag som fylkeskommunen sin revisor, er i det alt vesentlege store selskap med mange tilsette. Desse tilbyr tenester med høg kompetanse innafor eit breitt spekter av oppgåver.

Det kan på bakgrunn av bl.a. manglande breiddekompetanse, sårbarhet og risiko ift. uavhengighet ikkje tilrådest å gå for ei løysing med eigen tilsett revisor.

Delt løysing er og drøfta. Nesten ingen kommunar har delt løysing, og dei me er kjent med er store – nest største kommune i landet og Sogn og Fjordane fylkeskommune. Det kan vera ein indikasjon på at dette truleg ikkje er noko god løysing. Dette kan m.a. grunngjevast med at ein går glipp av synergieffektene ein

kan få ved god dialog mellom rekneskapsrevisor og forvaltningsrevisor undervegs i revisjonsarbeidet. Vi har likevel valt å gå vidare med dette alternativet.

Ut frå dette vert det presentert tre alternative revisjonsordningar, i framlegg til vedtak:

- At Vestland fylkeskommune nyttar interkommunal revisjonsordning for alle revisjonstenester.
- At Vestland fylkeskommune kjøper alle revisjonstenestene sine i marknaden.
- At Vestland fylkeskommune nyttar interkommunal revisjonsordning for rekneskapsrevisjonen og kjøper forvaltningsrevisjon og selskapskontroll i marknaden.

Forslag til innstilling

- Alt. 1. Vestland fylkeskommune vel å nytta interkommunal revisjonsordning for alle revisjonstenester.
- Ein går i dialog med SF-revisjon IKS/det nye samanslegne revisjonsselskapet i Sogn og Fjordane for å få til ein avtale som spesifiserer tenesta og dei økonomisk rammevilkåra.
- Alt. 2. Vestland fylkeskommune vel å kjøpa alle revisjonstenester i marknaden.
- Kontrollutvala i Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune førebur sak om innkjøp av revisjonstenester med verknad frå 01.01.2020.
 - Utvala knyter til seg naudsynt hjelp, dei utformar konkurransegrunnlag og førebur sak heilt fram til at dei innstiller overfor fellesnemnda på val av revisor.
- Alt. 3. Vestland fylkeskommune vel å nytte interkommunal revisjonsordning for rekneskapsrevisjonen og vel å kjøpe forvaltningsrevisjon og selskapskontroll i marknaden.
- Ein går i dialog med SF-revisjon IKS/det nye samanslegne revisjonsselskapet i Sogn og Fjordane for å få til ein avtale som spesifiserer levering av rekneskapsrevisjonen og dei økonomisk rammevilkåra.
 - Kontrollutvala i Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune førebur sak om innkjøp av forvaltningsrevisjon og selskapskontroll med verknad frå 01.01.2020. Utvala knyter til seg naudsynt hjelp, dei utformar konkurransegrunnlag og førebur sak heilt fram til at dei innstiller overfor fellesnemnda på val av revisor.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 04.06.2018

Handsaming i møte

Kontrollutvalet drøfta dei tre alternative forslaga til vedtak, og samla seg om alternativ 2.

Forslag til vedtak var samrøystes.

Vedtak

Vestland fylkeskommune vel å kjøpa alle revisjonstenester i marknaden.

- Kontrollutvala i Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune førebur sak om innkjøp av revisjonstenester med verknad frå 01.01.2020.
- Utvala knyter til seg naudsynt hjelp, dei utformar konkurransegrunnlag og førebur sak heilt fram til at dei innstiller overfor fellesnemnda på val av revisor.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
utvalgssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikke underskrift.

Vedlegg

1 Godtgjersle til revisor i perioden 2014 - 2017



Fellesnemnda i Sogn og Fjordane og Hordaland

Melding om vedtak / særutskrift**KU-sak 32/18****Partsbrev - Val av revisjonsordning for Vestland fylkeskommune frå kontrollutvalet i Sogn og Fjordane**

Kontrollutvalet behandla i møte 04.06.2018 sak nr. 32/18 Val av revisjonsordning for Vestland fylkeskommune

SAKSFRAMSTILLING

Bakgrunn for saka

Det er vedteke at Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune skal slåast saman til Vestland fylkeskommune fom. 01.01.2020.

Blant dei forhold som må avklarast på førehand, er kva revisjonsordning den nye fylkeskommunen skal ha.

Sekretariat for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune er for tida sekretariat for kontrollutvala i begge fylkeskommunane. Same sak vil gå til dei to kontrollutvala som innstiller om revisjonsordninga overfor fellesnemnda som har fullmakt til å gjera endeleg vedtak i saka.

Val av revisjonsordning og val av revisor.

Dette er to ulike sakstypar som leiar fram til kven som reviderer kommunen, der kontrollutvalet innstiller, medan fellesnemnda gjer vedtak. Det er:

- Val av revisjonsordning
- Val av revisor.

Denne saka handlar om val av revisjonsordning. Når ein har valt revisjonsordning gjer ein vanlegvis ikkje ny vurdering utan at det kjem eit initiativ om det. Dersom revisjonsordninga t.d. er privat revisjon, så syter ein berre for at det vert valt ny revisor før ein avtaleperiode er over.

Det går fram av kommunelova § 78 nr. 3 at fylkeskommunen kan velja mellom tre revisjonsordningar:

«Kommunestyret eller fylkestinget avgjør selv om kommunen eller fylkeskommunen skal ansette egne revisorer, delta i interkommunalt samarbeid om revisjon, eller inngå avtale med annen revisor. Vedtaket treffes på grunnlag av innstilling fra kontrollutvalget.»

I Noreg er det flest interkommunale revisjonsordningar, medan det i Hordaland er mest vanleg med privat revisjon. Sekretariatet er kjent med at det er om lag 60 kommunar og to

fylkeskommunar som har privat revisjon i dag. I Hordaland har 20 av 33 kommunar, samt Hordaland fylkeskommune, privat revisjon. I Sogn og Fjordane har fylkeskommunen konkurranseutsett forvaltningsrevisjonen. Det same har 9 kommunar i indre Sogn medan 1 kommune har konkurranseutsett både rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon.

Ved årsskiftet 2011/2012 var det seks kommunar og fire fylkeskommunar som hadde ei ordning med egne tilsette revisorar. (Jmf. NKRF, Utredning om og valg av revisjonsordning m.m., Veileder av mars 2012., side 12)

Vurderingar og konsekvensar

1. Noverande ordning.

Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune har ulik revisjonsordning i dag.

1.a) Sogn og Fjordane fylkeskommune har delt ordning

Rekneskapsrevisjon og selskapskontroll:

Sogn og Fjordane fylkeskommune har rekneskapsrevisjon og selskapskontroll i eigen regi, og fylkeskommunen er mediegjar i eit interkommunalt selskap. Fylkeskommunen har ein eigardel i Sogn og Fjordane revisjon IKS (SF-revisjon) på 44,45%. SF-revisjon IKS presenterer seg slik på si eiga heimeside <http://www.sf-revisjon.no/>. Teksten er henta på heimesida 14.05.18:

«Sogn og Fjordane Revisjon IKS vart etablert 1. januar 2005. Selskapet er sett saman av tidlegare Sogn revisjonsdistrikt og Fylkesrevisjonen i Sogn og Fjordane og har fem tilsette.

SF Revisjon IKS leverer kommunale revisjonstenester til Sogn og Fjordane fylkeskommune og til kommunane Årdal, Vik, Høyanger, Balestrand, Leikanger, Sogndal og Luster.

Hovudkontoret ligg på Hermansverk i Leikanger kommune, i kontorfellesskap med sentraladministrasjonen i Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Geografisk ligg Hermansverk på nordsida av Sognefjorden og midtvegs i den over 200 km lange fjorden. Det er om lag 2 mil køyretur til regionsenteret Sogndal.»

Forvaltningsrevisjon:

Forvaltningsrevisjon kjøper Sogn og Fjordane fylkeskommune av Deloitte AS, der fylkeskommunen har ein rammeavtale med Deloitte basert på konkurranse.

1.b) Hordaland fylkeskommune har konkurranseutsett revisjon.

Hordaland fylkeskommune kjøper revisjonstenester i marknaden. Fylkeskommunen har inngått ein avtale med Deloitte AS som hadde best tilbud basert på tildelingskriteria. Deloitte AS har vore revisor for Hordaland fylkeskommune sidan 2007, etter å ha vunne fleire konkurransar for fleire kontraktperiodar.

2. Framtidig ordning - vurderingar med utgangspunkt i dei tre ulike revisjonsordningane.

2.a) Om interkommunale revisjonsordningar

Denne ordninga har Sogn og Fjordane fylkeskommune i dag. Dette er ei tenleg revisjonsordning, men det bør vera eit visst antal tilsette som sikrar breiddekompetanse og leveringsevne, også når det kjem saker på kort varsel som bør utgreiast. Av SF-revisjon sine heimesider går det fram at dei har 6 tilsette pr. i dag som leverer rekneskapsrevisjon og selskapskontroll til 7 kommunar pluss Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Når det gjeld forvaltningsrevisjon går det m.a. fram dette av SF-revisjon si heimeside:

«Dei fleste eigarkommunane har no konkurranseutsett forvaltningsrevisjonen. Som ein konsekvens av dette har selskapet ingen forvaltningsrevisor, og utfører per i dag ikkje forvaltningsrevisjon.»

Det pågår som kjent ein prosess der målet er å slå saman dei tre «kommunerevisjonane» i Sogn og Fjordane. Som grunnlag for denne prosessen er det m.a. utarbeidd ein rapport etter arbeid i ei arbeidsgruppe bestående av revisjonssjefane i dei tre einingane. Arbeidsgruppa har kome med ei tilråding, som har vore handsama i styre for KRYSS revisjon og Kommunerevisjonen i Nordfjord. Desse to er organisert som § 27 samarbeid etter kommunelova. Tilrådinga har også vore til handsaming hjå representantskapet i SF revisjon. I tilrådinga vert det bedt om at alle eigarane får handsama sak om samanslåing innan utgangen av 2017. Dei tre selskapa reviderer alle kommunane i Sogn og Fjordane med unntak av to i tillegg til fylkeskommunen. Det vert tilrådd interkommunalt samarbeid etter kommunelova § 27 som organisasjonsform for den nye eininga.

Etter det vi har fått opplyst er saka handsama i alle dei aktuelle kommunestyra og i fylkestinget. Fylkestinget i Sogn og Fjordane gjorde slikt vedtak i møte 5.12.2017:

«Fylkestinget går inn for å fortsette med finansiell revisjon og selskapskontroll i eigenregi det nye samanslegne selskapet i perioden fram til 31.12.2019 med atterhald om eit kostnadsnivå som ikkje overstig det ein har i dag i SF revisjon IKS.»

Vi har vidare fått opplyst at det nye selskapet skal etablere interimsstyre i møte 08.06.2018. Det er ei målsetjing at det nye selskapet skal vera etablert med verknad frå 01.01.2019 med 15 – 20 medarbeidarar.

Slik sekretariatet ser det vil ei samanslåing bidra til at ein får eit meir robust revisjonsselskap som vil kunne møte framtidens utfordringar på ein god måte. Det nye selskapet vil truleg få både betre kapasitet og kompetanse totalt sett enn om selskapa skulle fortsetta som i dag. Dei tre selskapa som skal slå seg saman er i dag revisor for 25 kommunar og ein fylkeskommune.

Slik sekretariatet har forstått det er det eit ønskje og tildels uttalte strategiar i fleire av dei interkommunale revisjonsselskapa om samanslåing til større einingar. Noko av bakgrunnen må sjåast i samanheng med kommunereforma, men og å sikre kompetanse, kapasitet og leveringsevne til kommunane sine. Dette vil og vere i tråd med tilråding nr. 44 frå «85 tilrådingar for styrkt eigenkontroll i kommunene» som vart utarbeida av det dåverande KRD i 2010:

Tilråding 44: Kommunane som eigarar bør vurdere storleiken på den interkommunale revisjonseininga dei er medeigar i, mellom anna med tanke på behovet for eit sterkt fagmiljø innanfor både rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon. Styret og revisjonsmiljøa sjølve bør vurdere det same¹

2.b) Privat revisjon (Hordaland fylkeskommune si revisjonsordning i dag).

Dei private revisjonsselskapa som har oppdrag i norske kommunar er i det alt vesentlege store selskap med mange tilsette. Desse tilbyr tenester med høg kompetanse innanfor eit breitt spekter av oppgåver.

Då fire Sunnhordlandskommunar ba om nytt tilbod på revisjonstenester med verknad frå 01.07.2017 vart mellom anna dette etterspurt i konkurranseutlysinga:

- Tilstrekkeleg gjennomføringsevne og kapasitet i høve til ytingane som skal leverast,
- Kjernekompetanse relatert til leveringa, inkludert skildring av tilgang til juridisk kompetanse knytt til leveransen
- Skildring av løysing av oppdrag som går utover eigen kompetanse, med eventuell forpliktingsfråsegn frå underleverandør.
- System for kvalitetssikring.
- God finansiell og økonomisk stilling,
- Kommunen nyttar nynorsk målføre. Rapportar til politiske organ skal derfor skrivast på nynorsk. Som hovudregel skal korrespondanse med kommunen skje på nynorsk.
- Leverandøren sitt løysingsforslag skal inkludere forslag til organisering med prosjektplan og framdriftsplan. Arbeidsmetodikk, årsrytme, forslag til møtefrekvens etc. bør vere ein del av dette.

Å kjøpa tenester frå privat revisor er fullt ut ei tenleg ordning, men privat revisjon krev og at tenesta vert konkurranseutsett med jamne mellomrom.

¹ publikasjonskode H-2245

2.c) Om å tilsetta egne revisorar.

Det er i all hovudsak store kommunar og fylkeskommunar som har egne revisorar. Døme er Oslo kommune og Trondheim kommune. I Hordaland og Sogn og Fjordane er det ingen kommunar som har slik revisjonsordning.

Det står i kommunelova § 78 nr. 2:

Revisjonsarbeidet skal omfatte regnskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon.

Det er stor breidde på ansvarsfeltet innafor begge desse revisjonsformene. Det bør difor vera breiddekompetanse i revisjonen. Eventuell etablering av eigen revisjonsordning i Vestland fylkeskommune vil av økonomiske årsaker truleg verta ei så lita eining at det ikkje vil sikre tilstrekkeleg breiddekompetanse. Dette vil også kunne medføre sårbarhet og risiko ift. uavhengighet.

Sidan Sogn og Fjordane fylkeskommune har rekneskapsrevisjon og selskapsrevisjon i regi av SF revisjon IKS og har konkurranseutsett forvaltningsrevisjonen, medan Hordaland fylkeskommune har konkurranseutsett alt, er det lite truleg at det er politisk vilje til å tilsetje egne revisorar i Vestland fylkeskommune.

Det kan på bakgrunn av ei totalvurdering ikkje tilråast å gå for ei slik løysing.

2.d) Delt løysing.

Det aller vanlegaste er at ein fylkeskommune har same revisor for alle revisjonstenester – rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll.

Eit fjerde alternativ kan vera delt løysing. Sogn og Fjordane fylkeskommune har konkurranseutsett forvaltningsrevisjonstenestene, medan rekneskapsrevisjon og selskapskontroll vert utført av SF-revisjon. Kan og nemna at Bergen kommune har konkurranseutsett revisjonstenestene, men har eit revisjonsselskap til rekneskapsrevisjon og eit anna til forvaltningsrevisjon og selskapskontroll.

Ei eventuelt delt løysing for Vestland fylkeskommune kan vera å kjøpa rekneskapsrevisjonstenester frå SF-revisjon IKS/det nye samanslegne revisjonsselskapet i Sogn og Fjordane, medan forvaltningsrevisjon og selskapskontroll vert konkurranseutsett. Det vil og vera ei løysing som har i seg noko av revisjonsordninga som Sogn og Fjordane fylkeskommune har i dag og noko av revisjonsordninga som Hordaland fylkeskommune har i dag. Sekretariatet vurderar det slik at det er viktigare med større kompetansebreidde innan forvaltningsrevisjon enn for rekneskapsrevisjon.

Det er ingen fylkeskommunar utanom Sogn og Fjordane som har delt løysing. Vidare er vi kjend med at Bergen som Noregs nest største kommune i landet har delt løysing. Leiar i kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune gjev uttrykk for at han har gode erfaringar med delt løysing. Slik sekretariatet ser det bør den valde revisor vera til stades i alle møta i kontrollutvalet som ein viktig rådgjevar for utvalet. Ved å ha ei delt løysing kan det vera krevjande at to revisjonsselskap skal vera til stades samstundes. Eit anna poeng som sekretariatet vil trekke fram ved ei delt løysing er at det kan vera vanskeleg å få til det gode samarbeidet mellom rekneskapsrevisor og forvaltningsrevisor. Dette kan føre til at ein går glipp av synergieffektene ein kan få ved god dialog mellom rekneskapsrevisor og forvaltningsrevisor undervegs i revisjonsarbeidet. Sekretariatet vil difor ikkje tilrå ei delt løysing. Vi kjem likevel til å fremje delt løysing som eit alternativ til forslag til innstilling, slik at kontrollutvalet sjølv kan gjera si eiga vurdering.

3. Politikk og eigarskap.

Ved vurdering av revisjonsordning er det ikkje uvanleg at haldningar til konkurranseutsetting og er medverkande, i tillegg til andre moment. Nokre har ei grunnhaldning om at konkurranseeksponering er bra, medan andre ønskjer løysing i fylkeskommunen eller ei interkommunal ordning.

I dette høvet er og Sogn og Fjordane fylkeskommune medeigar i SF-revisjon.

Sekretariatet har ikkje funne det naturleg å drøfta meir inngåande den politiske tilnærminga, eigarskap, pensjonsforpliktingar mv.

4. Kostnader med revisjonstenestene

Vedlegg 1 viser rekneskapstal for revisjonstenestene for dei siste fire åra i Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune sett opp på bakgrunn av opplysningar som går fram av noter i årsrekneskapane. Dette er difor reelle rekneskapstal. Av desse tala går det m.a. fram slike kostnader for rekneskapsåret 2017:

- Sogn og Fjordane fylkeskommune:
 - Finansiell revisjon inkl. attestasjonar Kr. 1 133 812
 - Forvaltningsrevisjon og selskapskontroll Kr. 1 396 013
- Hordaland fylkeskommune
 - Finansiell revisjon inkl. attestasjonar mv. Kr. 782 000
 - Forvaltningsrevisjon og selskapskontroll Kr. 1 599 000

Av tala går det fram at kostnaden til rekneskapsrevisjonen i Sogn og Fjordane fylkeskommune er monaleg høgare enn tilsvarende kostnader i Hordaland fylkeskommune. Tar ein i tillegg omsyn til at Hordaland fylkeskommune er monaleg større enn Sogn og Fjordane fylkeskommune vert skilnaden på kostnaden til rekneskapsrevisjonen enno større.

Når det gjeld kostnader til forvaltningsrevisjon og selskapskontroll vil den variere avhengig av kor høg aktiviteten på desse felt er, altså kor mange forvaltningsrevisjonar og selskapskontrollar kontrollutvala bestiller. På dette feltet er kostnaden i Hordaland fylkeskommune større enn i Sogn og Fjordane fylkeskommune noko som vil vera naturleg ut frå storleiken på fylkeskommunane.

Konklusjon

I Noreg er det mest vanleg med interkommunale revisjonsordningar, medan det i Hordaland er mest vanleg med privat revisjon. Me er kjent med at det er om lag 60 kommunar og to fylkeskommunar som har privat revisjon i dag. I Hordaland har 20 av 33 kommunar, samt Hordaland fylkeskommune, privat revisjon. I Sogn og Fjordane har fylkeskommunen konkurranseutsett forvaltningsrevisjonen. Det same har 9 kommunar i indre Sogn medan Aurland kommune har konkurranseutsett både rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon.

Interkommunale revisjonsselskap leverer revisjonstenester i heile landet. Men, kompetansebreidde og stordriftsfordelar aukar jo større selskapet er, medan sårbarhet er større jo mindre selskapet er.

Noverande revisjonsselskap for Sogn og Fjordane fylkeskommune, som fylkeskommunen er medeigar i, er eit relativt lite selskap. Dei er revisor for 7 kommunar i dag pluss Sogn og Fjordane fylkeskommune, men to av kommunane og fylkeskommunen skal slå seg saman frå 01.01.20. Det er positivt at SF revisjon IKS arbeider mot å slå seg saman med dei to andre kommunale revisjonsselskapa i Sogn og Fjordane slik at dei totalt vert større og betre rusta for å møte framtidige utfordringar.

Ser ein mot nabofylket i sør så har kommunane på Haugalandet konkurranseutsett revisjonen. Dessutan har dei eit interkommunal revisjonsselskap for 16-18 kommunar i søre delen av Rogaland, samt Rogaland fylkeskommune.

Ordning med privat revisjon, slik Hordaland fylkeskommune har i dag, er fullt ut ei tenleg ordning. Då er det jamlege konkurransar i marknaden. Dei private revisjonsselskapa som har oppdrag som fylkeskommunen sin revisor, er i det alt vesentlege store selskap med mange tilsette. Desse tilbyr tenester med høg kompetanse innafor eit breitt spekter av oppgåver.

Det kan på bakgrunn av bl.a. manglande breiddekompetanse, sårbarhet og risiko ift. uavhengighet ikkje tilrådest å gå for ei løysing med eigen tilsett revisor.

Delt løysing er og drøfta. Nesten ingen kommunar har delt løysing, og dei me er kjent med er store – nest største kommune i landet og Sogn og Fjordane fylkeskommune. Det kan vera ein indikasjon på at dette truleg ikkje er noko god løysing. Dette kan m.a. grunngjevast med at ein går glipp av synergieffektene ein kan få ved god dialog mellom rekneskapsrevisor og forvaltningsrevisor undervegs i revisjonsarbeidet. Vi har likevel valt å gå vidare med dette alternativet.

Ut frå dette vert det presentert tre alternative revisjonsordningar, i framlegg til vedtak:

- At Vestland fylkeskommune nyttar interkommunal revisjonsordning for alle revisjonstenester.
- At Vestland fylkeskommune kjøper alle revisjonstenestene sine i marknaden.
- At Vestland fylkeskommune nyttar interkommunal revisjonsordning for rekneskapsrevisjonen og kjøper forvaltningsrevisjon og selskapskontroll i marknaden.

BEHANDLING:

Forslag til innstilling:

- Alt. 1. Vestland fylkeskommune vel å nytta interkommunal revisjonsordning for alle revisjonstenester.
- Ein går i dialog med SF-revisjon IKS/det nye samanslegne revisjonsselskapet i Sogn og Fjordane for å få til ein avtale som spesifiserer tenesta og dei økonomisk rammevilkåra.
- Alt. 2. Vestland fylkeskommune vel å kjøpa alle revisjonstenester i marknaden.
- Kontrollutvala i Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune førebur sak om innkjøp av revisjonstenester med verknad frå 01.01.2020.
 - Utvala knyter til seg naudsynt hjelp, dei utformar konkurransegrunnlag og førebur sak heilt fram til at dei innstiller overfor fellesnemnda på val av revisor.
- Alt. 3. Vestland fylkeskommune vel å nytte interkommunal revisjonsordning for rekneskapsrevisjonen og vel å kjøpe forvaltningsrevisjon og selskapskontroll i marknaden.
- Ein går i dialog med SF-revisjon IKS/det nye samanslegne revisjonsselskapet i Sogn og Fjordane for å få til ein avtale som spesifiserer levering av rekneskapsrevisjonen og dei økonomisk rammevilkåra.
 - Kontrollutvala i Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune førebur sak om innkjøp av forvaltningsrevisjon og selskapskontroll med verknad frå 01.01.2020. Utvala knyter til seg naudsynt hjelp, dei utformar konkurransegrunnlag og førebur sak heilt fram til at dei innstiller overfor fellesnemnda på val av revisor.

Endringsframlegg:

Kontrollutvalet meiner at det også er rett å tenke på kva konsekvensar val av revisjonsordning kan få for dei andre kommunane i Sogn og Fjordane og deira eigarskap i kommunale revisjonsselskap.

Kontrollutvalet vart samde om å innstille på alternativ 3 til innstilling til fellesnemnda.

Avrøysting:

Etter dette vart slik innstilling samrøystes vedteke.

Kontrollutvalet rår fellesnemnda til å gjere slikt vedtak:

Vestland fylkeskommune vel å nytte interkommunal revisjonsordning for rekneskapsrevisjonen og vel å kjøpe forvaltningsrevisjon og selskapskontroll i marknaden.

- Ein går i dialog med SF-revisjon IKS/det nye samanslegne revisjonsselskapet i Sogn og Fjordane for å få til ein avtale som spesifiserer levering av rekneskapsrevisjonen og dei økonomisk rammevilkåra.
- Kontrollutvala i Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune førebur sak om innkjøp av forvaltningsrevisjon og selskapskontroll med verknad frå 01.01.2020. Utvala knyter til seg naudsynt hjelp, dei utformar konkurransegrunnlag og førebur sak heilt fram til at dei innstiller overfor fellesnemnda på val av revisor.

Godtgjersle til revisor i perioden 2014 - 2017, med basis i notar i fylkesrekneskapa

	Note 21					Note 19		Note 20	
	Sogn og Fj 2014	Sogn og Fj 2015	Sogn og Fj 2016	Sogn og Fj 2017		Hordaland 2014	Hordaland 2015	Hordaland 2016	Hordaland 2017
Finansiell revisjon *	kr 891 663	kr 1 067 009	kr 1 275 629	kr 842 862		kr 692 000	kr 714 000	kr 730 000	kr 782 000
Attestasjonar				kr 290 950					
Finansiell revisjon totalt	kr 891 663	kr 1 067 009	kr 1 275 629	kr 1 133 812		kr 692 000	kr 714 000	kr 730 000	kr 782 000
Selskapskontroll	kr 187 784	kr 455 741	kr 439 651	kr 188 903					
Forvaltningsrevisjon **	kr 994 049	kr 781 175	kr 742 750	kr 1 207 110		kr 1 283 000	kr 1 603 000	kr 1 610 000	kr 1 599 000
Total revisjonskostnad	kr 2 073 496	kr 2 303 925	kr 2 458 030	kr 2 529 825		kr 1 975 000	kr 2 317 000	kr 2 340 000	kr 2 381 000

* For Hordaland inneheld dette beløpet rekneskapsrevisjon, alle typar attestasjonar, opplæring mv

** For Hordaland inneheld dette beløpet honorar for bestilte forvaltningsrevisjonar, selskapskontroll og andre bestilte timebaserte oppgåver.

Saksbehandlar: Thorbjørn Aarethun, Fylkesrådmannen, Hordaland
Synnøve Stalheim, Fylkesrådmannen, Sogn og Fjordane
Marit Rødseth, Fylkesrådmannen, Hordaland

Sak nr.: 2015/1434-638

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fellesnemnda	25/18	22.06.2018

Visjon og strategisk utviklingsplan for Vestland fylkeskommune - vidare prosess

Prosjektleiaren rår fellesnemnda til å gjere slikt vedtak:

1. Fellesnemnda gir arbeidsutvalet (FN-AU) i oppdrag å styre gjennomføringa av prosessen med førebuande arbeid for regional planstrategi og utvikling av visjon for Vestland fylkeskommune i samsvar med opplegget for dialog, medverknad og framdrift i saksframlegget.
2. Fellesnemnda gir arbeidsutvalet i oppdrag å gje tilråding til vedtak i fellesnemnda om visjon, mål og strategiar for Vestland fylkeskommune
3. Fellesnemnda ber om at prosjektleiaren legg fram ein konkretisert plan for gjennomføring av prosessen med førebuande arbeid for regional planstrategi og utvikling av visjon for Vestland fylkeskommune for arbeidsutvalet (FN-AU)

SAKSFRAMSTILLING

1.0 Bakgrunn for saka

I sak 17/18 i fellesnemnda blei det fatta slikt vedtak:

«Fylkestinget gir fellesnemnda fullmakt til å starte opp førebuande arbeid med regional planstrategi for den nye fylkeskommunen slik som skissert i saksframlegget.»

Fylkestinga i begge fylka har i møte 12-13.06.18, slutta seg til fellesnemnda sitt vedtak.

Det førebuande arbeidet vil i hovudsak omfatte arbeidet med å få på plass eit kunnskapsgrunnlag om utviklingstrekk og utfordringar i det nye fylket, og eit visjon, mål- og strategidokument som m.a. skal vere grunnlag for det nye fylkestinget sin formelle prosess med å få på plass ein regional planstrategi.

I denne saka blir det gjort greie for korleis eit slikt førebuande arbeid kan organiserast og gjennomførast.

2.0 Kvifor sette i gang førebuande arbeid med regional planstrategi?

Det vil vere behov for å etablere eit kunnskapsgrunnlag om utviklingstrekk og utfordringar for Vestland fylkeskommune, som grunnlag for visjon, mål og strategiar, allereie no i samanslåingsprosessen. Dialog og medverknad frå andre partar inn i eit slikt arbeid kan bidra til å forankre og gi oppslutning om det nye fylket. Det er avgjerande at fellesnemnda og kommunane etablerer eit samarbeid, og er kjent med kvarandre sine utfordringar inn i det nye fylket.

Kort etter samanslåinga skal det nye fylkestinget vedta ein regional planstrategi som fastset mål og strategiar for utviklinga dei neste fire åra, jfr. plan- og bygningslova. Planstrategien skal byggje på ei skildring av utviklingstrekk og utfordringar i fylket. Det er særskilt krav om ein tilstandsrapport om folkehelse i skildringa av utviklingstrekk og utfordringar i fylket. Førebuingane til ny planstrategi kan starta no, men den formelle oppstarten vil skje i nytt fylkesting. Ved å starte førebuingane no vil det vere mogeleg å koma raskare i mål med å vedta ein ny planstrategi i det nye fylkestinget.

Som følgje av samanslåinga vil det vere trong for omfattande samkøring og tidleg fastsetjing av nye regionale planar. Det vil derfor vere eit stort behov for å komme i gang med slik regional planlegging så raskt som mogleg gjennom avklaringar og forankring i regional planstrategi.

Det førebunde arbeidet vil også kunne nyttast som grunnlag for fellesnemnda sitt arbeid med å foreslå eit budsjettgrunnlag for 2020 til det nye fylkestinget.

3.0 Kartlegging av utviklingstrekk og utfordringar som første steg

Første steg i arbeidet vil vere å utarbeide ei oversikt over utviklingstrekk og utfordringar i det nye fylket. Utviklingstrekk skal vere ei skildring av status og mogeleg utviklingsretning på sentrale område for fylket dei næraste åra, og som kan påverke langsiktig utvikling. Ut i frå denne kunnskapen kan det trekkast slutningar om utfordringar for framtidig utvikling, både i form av kva ein vil motverke eller stimulera til. Desse utfordringane dannar seinare grunnlag for val og prioritering av satsingar og strategisk retning i ein planstrategi.

Planlegging etter plan- og bygningslova skal fremje heilskapleg berekraftig utvikling. Planlegging skal ivareta ei rekkje føremål som femner breitt. Det må gjerast val om kva tema som skal omtalast og kor detaljert ein skal gå i kartlegginga

Det kan vere aktuelt å strukturere kartleggingsarbeidet om m.a følgjande tema:

- Generelle utviklingstrekk og gjennomgåande tema:
 - Befolkning og busetjing
 - Folkehelse og klima
 - Samfunnsikkerheit

- Spesielle tema:
 - Samferdsel
 - Næringsutvikling
 - Utdanning og kompetanse
 - Kultur og idrett
 - Areal-, kulturminne- og naturressursar

Det er aktuelt å utarbeide delrapportar for kvart tema med nøkkeltal og skildring av utfordringar.

4.0 Mål og strategiar som neste steg

Med grunnlag i kartlegginga av utviklingstrekk og utfordringar vil neste steg vere å utvikle visjon, mål og strategiar.

4.1 Mål og strategiar

Fellesnemnda skal vedta visjon, mål og strategiar for sentrale utviklingsområde for det nye fylket. Arbeidet med visjon vil vere ein parallell og samordna prosess med utvikling av mål og strategiar. Visjonsprosessen er nærare omtalt under.

Med mål meiner ein mål for utviklinga i det nye fylket. Måla skal gjelda for alle forvaltningsnivå når dei vert innarbeidd i ny planstrategi.

Med mål meinast den tilstanden ein ynskjer at fylket skal oppnå. Måla bør vere mest moglege konkrete, relevante og aktuelle. Med strategiar meinast kva ein vil prioritera å satsa på eller gjera for å utvikla fylket i retning av måla. Desse måla kan reviderast kvart fjerde år i samband med arbeidet med regional planstrategi.

5.0 Visjon for den nye fylkeskommunen

Det er viktig å sikre oppslutning og identitet blant interne og eksterne aktørar i arbeidet med etableringa av Vestlandet fylkeskommune. Prosjektleiaren vil derfor foreslå at det vert sett i gang ein prosess med brei involvering av ulike interessegrupper for å utvikle ein visjon for den nye fylkeskommunen. Ein slik visjonsprosess vil bidra til mobilisering rundt identitet og forventningar til den nye fylkeskommunen. Visjonen skal uttrykke i kva retning verksemda ønskjer å arbeide i og oppnå resultat, utan å vere konkret og målbar.

Visjonen vil tene som ein felles retningsvisar for både tilsette og politikarar i det framtidige fylket. Visjonen vil ikkje bli revidert kvart fjerde år slik som mål og strategiar i regional planstrategi, men vil stå fast over tid og inntil det er trong for revisjon. I prosessen med førebuing av ny planstrategi vil det også vere tenleg å leggja inn ein samordna parallell prosess med utvikling av ein visjon med tilhøyrande verdiar.

I dag gjeld fylgjande visjon og verdiar i dei to fylka;

Visjon for Hordaland fylkeskommune: Gjeldande visjon for Hordaland fylkeskommune er "attraktiv og nyskapande", med verdiane "kompetent, offensiv og i dialog".

Verdiar for Sogn og Fjordane fylkeskommune: «Innsikt, integritet, respekt og openheit» er dei grunnleggjande verdiane til Sogn og Fjordane fylkeskommune.

6.0 Prosess for gjennomføring av førebuaende arbeid med regional planstrategi og visjon for den nye fylkeskommunen


6.1 Arbeidsutvalet (FN-AU) som styringsgruppe

Prosjektleiar foreslår at arbeidsutvalet (FN-AU) som operativt prosessorgan får fullmakt til å styre gjennomføringa av det førebuaende arbeidet med regional planstrategi, samt innstille til fellesnemnda på vedtak om utfordringar, mål og strategiar for Vestland fylkeskommune - som innspel til den formelle planstrategi-prosessen i det nye fylkestinget.

6.2 Førebuaende arbeid med regional planstrategi – opplegg for dialog og medverknad

6.2.1 Arbeidsutvalet møter regionråd/kommunar

Prosjektleiar foreslår at arbeidsutvalet inviterer til dialogmøte med regionråd/kommunar der ein presenterer eit oppdatert kunnskapsgrunnlag om ulike deler av det nye fylket, og drøftar utfordringar, mål og strategiar i dialog med dei respektive kommunane. Kartet under viser gjeldande regionråd i det nye fylket:



6.2.2 Temahøyringar i fellesnemnda

Prosjektlear foreslår vidare at det vert gjennomført høyringar om sentrale temaområder i tilknytning til møta i fellesnemnda.

Føremålet med desse høyringane er å utvikle mål og strategiar innanfor avgrensa tema og fokusområder som m.a samferdsel, næringsutvikling, utdanning og kompetanse, kultur og idrett. Før måta bør det leggjast fram eit oppdatert kunnskapsgrunnlag.

Målgruppa for slike høyringar vil vere interesseorganisasjonar, statlege organ, kunnskapsmiljø osv.

6.3 Prosess for visjon for den nye fylkeskommunen

I Trøndelag er det gjort vedtak om «Vi skaper historie» som visjon for nye Trøndelag fylkeskommune. I arbeidet med denne visjonen var det lagt opp til brei involvering, spesielt med interne ressurser, bruk av studentmiljø og involvering av Ungdommens fylkesutvalg i Sør-Trøndelag og Ungdomsutvalget i Nord-Trøndelag. I tillegg vart det nytta fagmiljø med kompetanse på kommunikasjon og pedagogikk i utviklinga av visjonen.

Det kan vere aktuelt med ein liknande prosess for Vestland fylkeskommune, men slik at prosessen vert samordna med gjennomføring av førebuande arbeid for regional planstrategi. Prosjektlear

foreslår at arbeidsutvalet (FN-AU) får i oppdrag å nærare fastsetje prosessen med visjonsutforming og tilrå forslag til visjon for Vestland fylkeskommune for vedtak i fellesnemnda.

7.0 Framdriftsplan og vedtak

Prosjektlear legg opp til at utgreiingsarbeid og medverknad for førebuande arbeid med regional planstrategi vert gjennomført i perioden oktober 2018 - mars 2019. Deretter vil prosjektleiaren kunne legge fram eit grunnlag for innstilling i arbeidsutvalet (FN-AU) til vedtak i fellesnemnda om utfordringar, mål og strategiar for Vestland fylkeskommune. Dette vil bli eit innspel til den formelle arbeidet med regional planstrategi i det nye fylkestinget. Prosjektlear tek sikte på at dette vert lagt fram for vedtak i fellesnemnda seinast innan juni 2019.

Det vil så snart som råd bli lagt fram ei eiga sak til arbeidsutvalet (FN-AU) om visjonsprosessen, der ein nærare konkretiserer arbeidsmetode og gjennomføring. Det vil vere ein fordel om prosessen knytt til visjon og fylkesvåpen er ferdigstilt nokolunde samstundes og at vedtak i fellesnemnda kan gjerast rundt årsskiftet.

8.0 Prosjektlear si tilråding

Prosjektlear tilrår at arbeidsutvalet (FN-AU) får i oppdrag å styre gjennomføringa av prosessen med førebuande arbeid for regional planstrategi og utvikling av visjon for Vestland fylkeskommune, samt gje tilråding til vedtak i fellesnemnda om visjon, mål og strategiar for Vestland fylkeskommune.

Prosjektlear vil så snart som råd foreslå ytterlegare konkretisering av arbeidsopplegg for desse to prosessane til arbeidsutvalet (FN-AU).

For det førebuande arbeidet med regional planstrategi foreslår prosjektleiaren både ei geografisk og tematisk tilnærming. Det vil vere viktig å å synleggjere og differensiere utviklingstrekk, utfordringar, mål og strategiar i ulike deler av fylket.



Saksframlegg

Saksbehandlar: Svein Hågård, fylkesrådmannen, Sogn og Fjordane fylkeskommune
 Saksbehandlar: Bertil Søfteland, fylkesrådmannen, Hordaland fylkeskommune
 Sak nr.: 18/6662-1

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fellesnemnda		22.06.2018

Val av fylkesvalstyre for fylkestingsvalet 2019

Prosjektleiaren rår fellesnemnda til å gjere slikt vedtak:

Fellesnemnda vel slikt fylkesvalstyre for fylkestingsvalet 2019:

Som fylkesvalsstyre vert alternativ ... valt.

Leiar:

Nestleiar:

Andre relevante dokument i saka:

1. Vallova.
2. Valforskrifta.
3. Forskrift om gjennomføring av val til fylkesting i 2019.

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

I forskrift av 02.05.18 om gjennomføring av val til fylkesting i 2019 har Kommunal- og moderniseringsdepartementet fastsett særskilde reglar for fylkestingsvalet 2019 i fylkeskommunar som er omfatta av grenseendringar som vert iverksette 01.01.2020. Omgrepet grenseendringar er ei fellesnemning på samanslåingar, delingar og grensejusteringar.

Føremålet med desse særskilde reglane er at innbyggjarane i fylkeskommunane som vert omfatta av grenseendringar frå 2020, skal kunne velje sine representantar til fylkestinget i den nye fylkeskommunen, sjølv om valet skjer nokre månader før grenseendringane er gjennomført.

Fylkesvalstyret i dei aktuelle fylkeskommunane, som m.a. omfattar Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar, skal utpeikast av fellesnemnda, jf. forskrifta § 4. Føresegna i vallova § 4-3 om at fylkesvalstyret skal veljast av fylkestinget sjølv, gjeld altså ikkje for fylkestingsvalet 2019.

Når det gjeld fylkesvalstyret for stortingsvalet i 2021, vil det vere fylkestinget i Vestland fylkeskommune som skal velje dette.

2. Vurderingar og konsekvensar

Vallova legg ei rekkje oppgåver i samband med fylkestingsvala til fylkesvalstyret, t.d. godkjenne listeforslag, syte for trykking av røystesettlar, registrere rettingar veljarane har gjort på røystesettlane, kontrollere gjennomføringa av valet i kommunane og føreta valoppgjæret. Mange av oppgåvene fylkesvalstyret har etter vallova, kan organet delegera til leiaren av organet, til eit arbeidsutval eller til prosjektleiaren, jf. kommunelova §§ 10 nr. 4 og 23 nr. 4. Nokre oppgåver er av ein slik prinsipiell karakter at dei ikkje kan delegerast, t.d. gjeld dette godkjenning av listeforslag etter vallova § 6-6.

Fellesnemnda står fritt med omsyn til talet på medlemmer i fylkesvalstyret og om det skal veljast varamedlemmer. I begge dei to fylkeskommunane har fylkesvalstyra i denne valperioden vore personsamanfallande med fylkesutvala, dvs. at det i dag er 15 faste medlemmer av fylkesvalstyret i Hordaland fylkeskommune og ni i Sogn og Fjordane fylkeskommune. Fylkesordføraren er leiar og fylkesvaraordføraren er nestleiar.

Kor mange medlemmer det er tenleg å ha i fylkesvalstyret, har nær samanheng med kva slags oppgåver fylkesvalstyret eventuelt vil delegera og kva slags oppgåver utvalet vil utføre sjølv. Dersom fylkesvalstyret ønskjer å utføre mange av oppgåvene sjølv, vil organet jamnleg ha behov for å møtast. I tilfelle vil det kunne argumenterast med at det er upraktisk at organet har eit stort tal medlemmer frå begge dei to fylkeskommunane.

Prosjektleiaren lanserer her tre alternativ når det gjeld storleiken på fylkesvalstyret:

1. Fylkesvalstyret vert personsamanfallande med fellesnemnda. Dette sikrar brei representasjon av dei politiske partia. Samstundes kan eit fylkesvalstyre med 24 medlemmer bli for stort og vanskeleg å samle. Det siste kan løysast ved å leggje møta i fylkesvalstyret i forlenginga av møta i fellesnemnda.
2. Fylkesvalstyret vert identisk med fellesnemnda sitt arbeidsutval. Fylkesvalstyret får i tilfelle åtte medlemmer, vert forholdsvis lett å samle til møte, men vil ha langt dårlegare partimessig representasjon enn alternativet nemnd over.
3. Eit utvida arbeidsutval, t.d. med 15 medlemmer, utgjer fylkesvalstyret. Dette vil sikre breiare representasjon av partia enn alternativet skildra i pkt. 2, men løysinga vil kanskje ikkje vere så fleksibel som om arbeidsutvalet åleine er fylkesvalstyre.

Fylkesvalstyret er etter kommunelova eit fast utval og reglane om val av nemnder gjeld på vanleg måte. Dette inneber at fellesnemnda må sjå til at krava til kjønnsbalanse i kommunelova §§ 36 og 37 (forholdsval) og 38a (avtaleval) vert oppfylte. Fellesnemnda vel sjølv leiar og nestleiar av fylkesvalstyret, jf. kommunelova § 10 nr. 3.

3. Konklusjon

Fellesnemnda skal velje fylkesvalstyre for fylkestingsvalet 2019 i medhald av § 4 i forskrift om gjennomføring av val til fylkesting i 2019.

Fellesnemnda står fritt med omsyn til talet på medlemmer i fylkesvalstyret, men må følgje reglane som gjeld ved val av faste utval.

Saksbehandlar: Tor-Einar Holvik Skinlo, Fylkesrådmannen, Sogn og Fjordane
Saksbehandlar: Nina Ludvigsen, Fylkesrådmannen, Hordaland
Sak nr.: 2015/1434-640

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fellesnemnda	27/18	22.06.2018

Opplæringstilbudet for skuleåret 2019-20

Prosjektleiar rår fellesnemnda til å gjere slikt vedtak:

1. Første skuleår med eitt opplæringstilbud for Vestland fylkeskommune vert skuleåret 2020-2021.
2. Fylkestinga i Hordaland og Sogn og Fjordane vedtek, i samsvar med gjeldande praksis og forskrifter, kvar sine opplæringstilbud for skuleåret 2019-2020.

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Fylkeskommunen skal tilby vidaregåande opplæring i samsvar med opplæringslova.ⁱ Søkjarar med ungdomsrett har rett til å få tilbud på eitt av tre søkte utdanningsprogram. Den elektroniske søknadsløysinga vigo.no opnar opp for søking i januar og det er ordinær søknadsfrist 1. mars. Som følge av dette må opplæringstilbudet for skuleåret 2019-2020 vedtakast seinast i desember 2018.

2. Kva fordrar eit felles opplæringstilbud for Vestland fylkeskommune?

Før ein kan vedta eit opplæringstilbud for Vestland fylkeskommune må ein vedta ei lokal inntaks- og formidlingsforskrift. Forskrifta inneheld reglar om korleis inntaket til alle offentlege vidaregåande skular skal gjerast, og kva reglar som gjeld for formidling av læreplass. Forskrifta gir utfyllande reglar og kjem i tillegg til sentral forskrift. I forskrifta vil ein måtte ta stilling til ei rekkje prinsipielle spørsmål. Dette gjeld mellom anna om ein skal ha eit regionalt eller karakterbasert inntak og ulike særordningar for inntak til enkelttilbud som yrkesfagleg studiekompetanse (YSK) og toppidrett.

Eit felles tilbud fordrar òg at ein har klart å samkøyre databasane til dei to fylka og praktisk tilpassa inntaket. I tillegg er ein avhengig av å informere søkjarar godt nok om eventuelle endringar før søkinga byrjar etter årsskiftet.

ⁱ Inntak til vidaregåande opplæring er generelt regulert ved lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) av 17.7.1998 nr 61 § 3-1, forskrift til opplæringslova av 23.6.2006 nr. 724, kap. 6 og kap. 6A.

Endringar i inntaket til vidaregåande opplæring kan skape uro og uvisse hjå både søkjarar og på dei vidaregåande skulane. Eit felles inntak krev eit godt grunnlag. Det er fylkesrådmennene si klare oppfatning at det ikkje er råd å få gjort verken prinsipielle eller praktiske endringar i god nok tid til å ha eit felles opplæringstilbod for skuleåret 2019-20.

I tillegg til forholda knytt til organisering av inntaket til vidaregåande opplæring vil det vere ein fordel om ein har klar ein felles modell for tildeling av ressursar til dei vidaregåande skulane, når ein først skal etablere eit tilbod. Det er behov for eit betydeleg grunnlagsarbeid før felles budsjettmodell kan utviklast og takast i bruk.

3. Prosjektlear si tilråding

Med bakgrunn i den relativt korte tida det er til opplæringstilbodet for skuleåret 2019-2020 må vedtakast, finn prosjektlear det uråd å kunne fremje eit felles opplæringstilbod for Vestland fylkeskommune for dette skuleåret. I samsvar med pkt. 4 i reglement «Fellesnemnd for samanslåing av Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar» tilrår prosjektlear at fellesnemnda vedtek at første skuleår med eitt opplæringstilbod vert skuleåret 2020-2021. Som følgje av dette må fylkestinga i Hordaland og Sogn og Fjordane vedta, i samsvar med gjeldande praksis og forskrifter, kvar sine opplæringstilbod for skuleåret 2019-2020.

Saksbehandlar: Thorbjørn Aarethun, Fylkesrådmannen, Hordaland
Nils Egil Vetlesand, Fylkesrådmannen, Hordaland

Sak nr.: 2015/1434-636

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fellesnemnda		22.06.2018

Tertialrapportering - eingongskostnader i samanslåingsprosessen

Prosjektleiaren rår fellesnemnda til å gjere slikt vedtak:

Fellesnemnda tek tertialrapportering pr. 30.april 2018, for eingongskostnader i samanslåingsprosessen, til orientering.

SAKSFRAMSTILLING

Bakgrunn for saka

På møte i fellesnemnda, 18.desember 2017, vart det vedteke følgjande prinsipp for bruk av tilskotsmidlar for eingongskostnader ved samanslåinga:

- Innkjøp i samband med gjennomføring av «fellesmøte» (leige av møtelokale, servering m.m.), løn til prosjektleiar, konsulenttenester og investeringar i nye styringssystem vert dekkja innanfor ramma på 30 mill.kr som fellesnemnda disponerer.
- Reise- og diettkostnader vert dekkja innanfor dei ordinære fylkesbudsjetta.
- Godtgjersle til folkevalde i samband med møte i fellesnemnda m.m. vert dekkja innanfor dei ordinære fylkesbudsjetta.
- Frikjøp av tillitsvalde vert dekkja innanfor dei ordinære fylkesbudsjetta.

Seinare på møte i fellesnemnda, 8.mars 2018, vart det vedteke følgjande budsjett for disponering av tilskotssummen fordelt på åra 2018 og 2019 slik:

	2018	2019	Sum
Nytt fylkesvåpen	150	250	400
Rekruttering prosjektleiar/fylkesrådmann	300	0	300
Kurs, samlingar, møteverksemd (politisk)	400	500	900
Kommunikasjonstiltak	250	250	500
Konsulenttenester – særleg IKT-tenester	2500	4000	6500
Løn og sosiale kostnader – prosjektleiar	1000	2000	3000
IKT-system	3000	13000	16000
Politiske fellesaktivitetar/ev. partistøtte	650	1750	2400
Sum	8250	21750	30000

I same sak fastsette fellesnemnda at det tertialvis skal leggjast fram statusrapport for bruken av det statlege tilskotet på 30 mill. kr til samanslåingsarbeidet.

Tertialrapport pr 30.april 2018

Det har så langt vore avgrensa bruk av desse midlane til eingongskostnader pr 30.april 2018. I denne fyrste rapporten er det teke med forbruk også i 2017 og prosjektleiaren kan gje slikt oversyn:

	kr 1 000		Budsjett 2018
	Rekneskap 2017	Pr. april 2018	
Nytt fylkesvåpen			150
Rekruttering prosjektleiar/fylkesrådmann		188	300
Kurs, samlingar, møteverksemd (politisk)	547	1	400
Kommunikasjonstiltak		24	250
Konsulenttenester – særleg IKT-tenester		60	2 500
Løn og sosiale kostnader – prosjektleiar			1 000
IKT-system			3 000
Politiske fellesaktivitetar/ev. partistøtte			650
Sum	547	272	8 250

I tillegg til dette faktiske forbruket, vil prosjektleiaren peike på sak om økonomisk støtte til auka politisk verksemd innanfor budsjettet for eingongskostnadene, som vart handsama på møte i fellesnemnda 4.mai 2018. Det vart gjort følgjande vedtak:

- «1. *Innanfor posten politiske fellesaktivitetar/ev partistøtte i budsjettet for eingongskostander, vert det vedteke å sette av til saman kr 1 320 000,- til partigrupppestøtte i dei respektive fylkestinga i Sogn og Fjordane og Hordaland for 2018 og 2019. Partigruppene får årleg støtte med kr 10.000,- pr. fylkestingsrepresentant.*
2. *Kvar av dei 2 fylkesutvala har innan sommaren høve til evt. å lage ein annan modell for fordeling innan den fylkesfordelte ramma.*
3. *Summen på 1 320 mill. blir delt likt på 2018 og 2019.*
4. *Fellesnemnda ber fylkesrådmennene iverksette utbetaling av støtte til auka politisk verksemd i samband med samanslåingsprosessen, slik det vert gjort for gjeldande ordningar for partistøtte i fylkestinga.»*

Saksbehandlar: Toralf Rutledal, Fylkesrådmannen, Hordaland
Saksbehandlar:
Sak nr.: 2018/11612-1

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fellesnemnda	29/18	22.06.2018

Søknad om oppretting av organisasjonsnummer for Vestland fylkeskommune

Prosjektleiær rår fellesnemnda til å gjere slikt vedtak:

Prosjektleiær får fullmakt til å søkje om organisasjonsnummer for Vestland fylkeskommune.

Vedlegg:

Veiledning ved sammenslåing av kommuner og fylkeskommuner

SAKSFRAMSTILLING

Bakgrunn for saka

Vestland fylkeskommune må ha eit organisasjonsnummer for å kunne fungere som ein offentleg aktør. Eit slikt nummer identifiserer juridiske personar, og er nøkkelen til opplysningane som er lagra om dei i Brønnøysundregistra. Det spelar ei viktig rolle i for ei rekke funksjonar i ein fylkeskommune, som til dømes utbetaling av løn, rekneskap, budsjettering, rapportering og sak- og arkivsystem.

Det er Statistisk Sentralbyrå (SSB) ved Virksomhets og foretaksregisteret (VoF) som tildeler organisasjonsnummer. Ved oppretting av nye kommunar og fylkeskommunar gjennom samanslåing, vert det i rettleinga frå SSB tilrådd at den nye eininga vert oppretta med eit nytt organisasjonsnummer.

Prosessen for oppretting av organisasjonsnummer er at fylkeskommunen tek kontakt med SSB, Virksomhets- og foretaksregisteret (VoF), og ber om nytt organisasjonsnummer for det nye fylket. Nytt organisasjonsnummer vert tildelt når fylkeskommunen sjølv ønskjer det. Nytt organisasjonsnummer vert registrert i Enhetsregisteret med statuskode og namn som syner at fylkeskommunen er førehandsregistrert og ikkje eksisterer før 1.1.2020.

Organisasjonsnummeret er tett knytt til strukturen i fylkeskommunen, men det er ikkje krav om at denne må vere klar på søknadstidspunktet. Seinast 1. oktober året før samanslåing må den nye strukturen vere meldt inn til VoF.

Rutine for oppretting av nytt organisasjonsnummer, som det går fram av vedlagt skriv frå SSB:

Kommunen/Fylkeskommunen tar kontakt med SSB, Virksomhets- og foretaksregisteret (VoF), og ber om nytt organisasjonsnummer for den nye kommunen/det nye fylket. Nytt organisasjonsnummer tildeles når kommunen/fylkeskommunen selv ønsker det.

Nytt organisasjonsnummer registreres i Enhetsregisteret med statuskode og navn som viser at kommunen/fylkeskommunen er forhåndsregistrert og ikke eksisterer før 1.1.20xx. Organisasjonsnumrene for de gamle kommunene/fylkeskommunene (KOMM/FYLK) vil ligge aktive en tid etter sammenslåingen. Hvis kommunen/fylkeskommune ikke har meldt selve kommunen/fylkeskommunen til sletting innen 6 måneder etter sammenslåingen vil de bli slettet maskinelt av VoF. De gamle kommunene/fylkeskommunene (KOMM/FYLK) får statuskode og navn som viser at de faktisk ikke eksisterer lenger.

Krav om struktur og organisasjonsnummer for underliggende einingar:

Senest 1. oktober i året før sammenslåing må kommunen/fylkeskommunen ha meldt den nye strukturen til VoF. I god tid før 1. oktober året før sammenslåing anbefales derfor kommunen/fylkeskommunen om å be VoF om oversikt over alle enheter (underenheter og organisasjonsledd) som er registrert under de involverte kommunene/fylkeskommunene. Kommunen/Fylkeskommunen avgjør hvilke enheter (ORGL og BEDR) som skal videreføres i den nye kommunen/fylkeskommunen. De enheter som skal beholdes må oppfylle kriteriene i «Inndelingsregler for kommuner/fylkeskommuner» som finnes her:

*<http://www.ssb.no/innrapportering/offentlig-sektor/kostra-innrapportering?fane=veiledning>
Underenheter som skal videreføres i ny struktur beholder sine organisasjonsnummer, men knyttes til den nye kommunen/fylkeskommunen med en dato for når endringen reelt gjelder fra.*

Alle endringer i strukturen, det vil si knyttingsendringer og slettinger av organisasjonsledd (ORGL) og underenheter (BEDR), må være registrert i Enhetsregisteret 1. januar i året for sammenslåing slik at strukturen er på plass til rapporteringsfristen for a-melding som er 5. januar.

(...)

Organisasjonsledd og underenheter som videreføres i ny struktur beholder sitt organisasjonsnummer. Organisasjonsledd og underenheter som ikke skal videreføres i ny struktur slettes 1. januar i året for sammenslåingen. Underenheter som slettes blir alltid påført en dato for når slettingen reelt gjelder fra (nedleggelsesdato).

Veiledning ved sammenslåing av kommuner og fylkeskommuner

I kommuner og fylkeskommuner er det registrert enheter på 3 nivåer:

1. Kommune/Fylkeskommune (KOMM/FYLK)
2. Organisasjonsledd (ORGL)
3. Underenhet (BEDR)

Organisasjonsnummer for selve kommunen/fylkeskommunen (KOMM(FYLK))

Det anbefales at ny kommune/fylkeskommune ved sammenslåing opprettes med nytt organisasjonsnummer. Det er imidlertid mulig å videreføre organisasjonsnummer for en av kommunene/fylkeskommunene som skal slås sammen.

Kommunen/Fylkeskommunen tar kontakt med SSB, Virksomhets- og foretaksregisteret (VoF), og ber om nytt organisasjonsnummer for den nye kommunen/det nye fylket. Nytt organisasjonsnummer tildeles når kommunen/fylkeskommunen selv ønsker det.

Nytt organisasjonsnummer registreres i Enhetsregisteret med statuskode og navn som viser at kommunen/fylkeskommunen er forhåndsregistrert og ikke eksisterer før 1.1.20xx.

Organisasjonsnumrene for de gamle kommunene/fylkeskommunene (KOMM/FYLK) vil ligge aktive en tid etter sammenslåingen. Hvis kommunen/fylkeskommune ikke har meldt selve kommunen/fylkeskommunen til sletting innen 6 måneder etter sammenslåingen vil de bli slettet maskinelt av VoF. De gamle kommunene/fylkeskommunene (KOMM/FYLK) får statuskode og navn som viser at de faktisk ikke eksisterer lenger.

Strukturen i ny kommune/fylkeskommune

Senest 1. oktober i året før sammenslåing må kommunen/fylkeskommunen ha meldt den nye strukturen til VoF. I god tid før 1. oktober året før sammenslåing anbefales derfor kommunen/fylkeskommunen om å be VoF om oversikt over alle enheter (underenheter og organisasjonsledd) som er registrert under de involverte kommunene/fylkeskommunene.

Kommunen/Fylkeskommunen avgjør hvilke enheter (ORGL og BEDR) som skal videreføres i den nye kommunen/fylkeskommunen. De enheter som skal beholdes må oppfylle kriteriene i «Inndelingsregler for kommuner/fylkeskommuner» som finnes her: <http://www.ssb.no/innrapportering/offentlig-sektor/kostra-innrapportering?fane=veiledning> Underenheter som skal videreføres i ny struktur beholder sine organisasjonsnummer, men knyttes til den nye kommunen/fylkeskommunen med en dato for når endringen reelt gjelder fra.

Alle endringer i strukturen, det vil si knyttingsendringer og slettinger av organisasjonsledd (ORGL) og underenheter (BEDR), må være registrert i Enhetsregisteret 1. januar i året for sammenslåing slik at strukturen er på plass til rapporteringsfristen for a-melding som er 5. januar.

Organisasjonsnummer for underliggende enheter (ORGL/BEDR)

Organisasjonsledd og underenheter som videreføres i ny struktur beholder sitt organisasjonsnummer. Organisasjonsledd og underenheter som ikke skal videreføres i ny struktur slettes 1. januar i året for sammenslåingen. Underenheter som slettes blir alltid påført en dato for når slettingen reelt gjelder fra (nedleggesdato).